




Nynorsk kultursentrum



Årsmelding og rekneskap 2014

Felles
Ivar Aasen-tunet
Olav H. Hauge-senteret
Dei nynorske festspela
Ulvik poesifestival
Allkunne
Nettstadene
Vinjefondet
Språkåret 2013

Innhald

Årsmelding

1 2014: Opninga 3

- 1.1 Økonomisk resultat 3
- 1.2 Felles 4
- 1.3 Ivar Aasen-tunet 4
- 1.4 Olav H. Hauge-senteret 4
- 1.5 Allkunne AS 4
- 1.6 Vinjefondet 4
- 1.7 Språkåret 2013 5
- 1.8 Gjester og brukarar 5
- 1.9 Samfunnsaktør 5
- 1.10 Samlingsforvaltning 5
- 1.11 Utstillingar og formidling 5
- 1.12 Dei nynorske festspela 6
- 1.13 Ulvik poesifestival 6
- 1.14 Kulturprogram 6
- 1.15 Kafé og utleige 6
- 1.16 Butikkar 6
- 1.17 Institusjonsbygging 6
- 1.18 Kommunikasjon 7
- 1.19 Samla resultat 2000–2014 7

2 Visjon og strategi 7

- 2.1 Visjon 7
- 2.2 Verdiar 7
- 2.3 Samfunnssoppdrag 7
- 2.4 Føremålsparagraf 8
- 2.5 Situasjonen for nynorsk skriftkultur 8
- 2.6 Vår posisjon 8
- 2.7 Mål 9
- 2.8 Ivar Aasen-tunet 9
- 2.9 Olav H. Hauge-senteret 9
- 2.10 Strategiske val 9
- 2.11 Politikk for det 21. hundreåret 9
- 2.12 Institusjonell utvikling 10

3 Drift 10

- 3.1 Resultat 10
- 3.2 Inntektsprofil og kostnadsutvikling 10
- 3.3 Investeringar 11
- 3.4 Samfunnsrekneskap 11
- 3.5 Nye medstiftarar 11
- 3.6 Råd og styre 11
- 3.7 Dotterselskap 11
- 3.8 Administrasjon 11
- 3.9 Vidare drift 12

4 Disponering av resultat 12

- 5 Rekneskap 13
- Resultatrekneskap 13
- Balanse 14
- Notar 16
- Revisjonsmelding 18

Administrasjonens årsrapport

1 Organisasjon 20

- 1.1 Råd 20
- 1.2 Styre 21
- 1.3 Administrasjon 22
- 1.4 Språkåret 2013 23
- 1.5 Verneombod og internkontrollutval 23
- 1.6 Rekneskap og revisjon 23
- 1.7 Stiftingar og aksjeselskap 23
- 1.8 Personalforvaltning 23
- 1.9 Råd og utval 23
- 1.10 Medlemskapar 23
- 1.11 Verv og representasjon 24
- 1.12 Nynorsk Forum 24
- 1.13 Fehn-forum 24
- 1.14 Litteraturnettverket 24
- 1.15 Forskingssenter for skriftkultur 25
- 1.16 Nynor克斯enteret 25
- 1.17 Andre samarbeidspartnarar 25
- 1.18 Planar som styringsreiskap 25

2 Felles 25

- 2.1 Mål og strategi 26
- 2.2 Bygningar og uteområde 26
- 2.3 Forankring 26
- 2.4 Organisering 26
- 2.5 Innhold og drift 26
- 2.6 Årets nynorskbrukar 26

3 Ivar Aasen-tunet 26

- 3.1 Mål og strategi 27
- 3.2 Bygningar og uteområde 27
- 3.3 Forankring 27
- 3.4 Organisering 27
- 3.5 Innhold og drift 28

4 Olav H. Hauge-senteret 28

- 4.1 Mål og strategi 28
- 4.2 Bygning og uteområde 28
- 4.3 Forankring 29
- 4.4 Organisering 29
- 4.5 Innhold og drift 29

| | | |
|---|-----------|--|
| 5 Vinjefondet | 29 | |
| 5.1 Mål og retningslinjer | 29 | |
| 5.2 Organisering | 29 | |
| 5.3 Tildelingar | 29 | |
| 5.4 Samla tildelingar 2010–2014 | 29 | |
| 6 Allkunne AS | 30 | |
| 6.1 Fagleg arbeid | 30 | |
| 6.2 Økonomi | 30 | |
| 6.3 Organisering | 30 | |
| 7 Språkåret 2013 | 30 | |
| 7.1 Avvikling prosjektorganisasjon | 30 | |
| 7.2 Bruk av restmidlar 2014 | 30 | |
| 7.1 Årsrapport 2011–2014 | 30 | |
| 8 Samlingar, dokumentasjon og forsking | 31 | |
| 8.1 Samlingsforvaltning | 31 | |
| 8.2 Samlingar i Ivar Aasen-tunet | 32 | |
| 8.3 Samlingar i Olav H. Hauge-senteret | 32 | |
| 8.4 Kunstsamling | 32 | |
| 8.5 Sikring og bevaring | 32 | |
| 8.6 Dokumentasjon og forsking | 32 | |
| 9 Utstillingar og formidling | 34 | |
| 9.1 Basisutstillingar | 35 | |
| 9.2 Temautstillingar | 35 | |
| 9.3 Vandreutstillingar | 35 | |
| 9.4 Nettutstillingar | 35 | |
| 9.5 Foredrag og samtalar | 36 | |
| 9.6 Bøker og andre skrifter | 36 | |
| 9.7 Fagleg representasjon | 37 | |
| 9.8 Publikumssørvis | 40 | |
| 10 Tilbod til born og unge | 40 | |
| 10.1 Nye tilbod | 41 | |
| 10.2 Tunkatten Lurivar | 41 | |
| 10.3 Born og småbarnsfamiliar | 41 | |
| 10.4 Barnehagar | 41 | |
| 10.5 Skular | 42 | |
| 10.6 Den kulturelle skulesekken | 42 | |
| 11 Festivalar | 43 | |
| 11.1 Dei nynorske festspela | 43 | |
| 11.2 Ulvik poesifestival | 44 | |
| 12 Kulturprogram | 45 | |
| 12.1 Arrangement Ivar Aasen-tunet | 46 | |
| 12.2 Opning Olav H. Hauge-senteret | 46 | |
| 12.3 Arrangement Olav H. Hauge-senteret | 46 | |
| 12.4 Program andre stader | 46 | |
| 13 Kafé og utleige | 47 | |
| 13.1 Kafé | 47 | |
| | | 13.2 Utleige 47 |
| | | 14 Butikkar 48 |
| | | 14.1 Nye varer og varelager 48 |
| | | 14.2 Butikk Ivar Aasen-tunet 49 |
| | | 14.3 Butikk Olav H. Hauge-senteret 49 |
| | | 14.4 Handlenett.no 49 |
| | | 15 Nettstader 50 |
| | | 15.1 Aasentunet.no 50 |
| | | 15.3 Festspela.no 51 |
| | | 15.5 Tunkatten.no 51 |
| | | 15.2 Haugesenteret.no 51 |
| | | 15.4 Poesifestivalen.no 51 |
| | | 15.6 Besøk og bruk 51 |
| | | 16 Kommunikasjon 52 |
| | | 16.1 Mediedekning 52 |
| | | 16.2 Presse og kringkasting 53 |
| | | 16.3 Trykksaker 53 |
| | | 16.4 Annonsering 53 |
| | | 16.5 Sosiale medium 54 |
| | | 16.6 Reiselivssamarbeid 54 |
| | | 16.7 Logo- og profilprogram 54 |
| | | 17 Gjester 54 |
| | | 17.1 Gjesteprofil 55 |
| | | 17.2 Marknadsposisjon 55 |
| | | 17.3 Gjesteundersøking 55 |
| | | 17.4 Opningstider 55 |
| | | 17.5 Billettsystem og priser 55 |
| | | 18 Økonomi 56 |
| | | 18.1 Konsern 56 |
| | | 18.2 Investeringar 56 |
| | | 18.3 Driftsinntekter 57 |
| | | 18.4 Driftskostnader 57 |
| | | 18.6 Drifts- og prosjektilskot 57 |
| | | 18.7 Samarbeidspartnarar 58 |
| | | 19 Retning 2018 58 |
| | | 19.1 Strategisk utvikling og nye oppgåver 59 |
| | | 19.2 Utvikling av samarbeid og nettverk 61 |
| | | 19.3 Språk- og litteraturpolitisk aktør 61 |
| | | 19.4 Nynorskpolitikk for det 21. hundreåret 62 |
| | | Vedlegg 63 |
| | | Statistikk 2000–2014 63 |
| | | Kulturprogram 2014 64 |
| | | Dei nynorske festspela 2014 74 |
| | | Ulvik poesifestival 2014 79 |
| | | Opningsprogram Olav H. Hauge-senteret 83 |
| | | Temaутstillingar 2000–2014 86 |
| | | Årets nynorskbrukar 2000–2014 87 |

Årsmelding

1 2014: Opninga

2014 blei eit år med opningar til noko nytt.

Vi opna Olav H. Hauge-senteret som eit nasjonalt dokumentasjons- og formidlings-senter for Olav H. Hauge og lyrikk i mange former, og vi var for første gong arrangør av Ulvik poesifestival.

Språkåret 2013 var med og styrkte Nynorsk kultursentrum. Etter det store året var vi budde på dårlegare tider i 2014. I staden blei det eit år med svært godt økonomisk resultat, nesten like mange gjester som året før, ei ny driftsavdeling i full drift med eit komplett publikumstilbod, og med ein ny festival i vår eige.

I 2014 fullførte Stortinget det som rådet i Nynorsk kultursentrum i 2010 tok det første formelle initiativet til. Dermed ligg Grunnlova no føre i jamstilte utgåver på nynorsk og bokmål. Det nye, store initiativet vårt var å bli prosjektregissør for ei løysing som sikrar varig drift av Norsk Ordbok og språksamlingane ved Universitetet i Oslo.

Arbeidet med å etablere Vinje-senteret for dikting, journalistikk og språkleg mangfald i Vinje heldt fram saman med initiativtakaren Vinje kommune. Grunnlaget er ein intensjonsavtale som begge partane godkjende i 2014. Ein intensjonsavtale med kommunane Vågå, Lom og Skjåk om Diktarhuset blei presentert hausten 2014.

Store, nye prosjekt og det vi elles utretta, gjorde miljøet rundt Nynorsk kultursentrum endå større i 2014. Vi gjennomførte 411 arrangement og tilstellingar i eigen regi i 46 kommunar, i samarbeid med 103 institusjonar, organisasjonar og verksemder.

Som før arbeidde vi for å skape store marknadsinntekter. Vi styrte også drifta slik at heile eigeninnsatsen vår i basisutstillinga i Hauge-senteret kunne kostnadsførast i 2014.

Utanom Språkåret og basisutstilling i Hauge-senteret minka driftsinntektene frå 2013 med 1,1 millionar kroner eller 5 prosent

til 23,1 millionar. Dette var likevel 2,4 millionar over 2012. Tilsvarande driftskostnader minka med 0,8 millionar eller 3 prosent til 22,3 millionar kroner.

Vi heldt bygningar og anlegg godt ved like. Den største investeringa var basisutstillinga i Olav H. Hauge-senteret. Denne blei fullført innanfor budsjettet på 4,73 millionar, med 374 000 i eigeninnsats ført som driftskostnad i 2014.


Som før blei både det kulturfaglege og driftsfaglege arbeidet utført med tyngd. Omfattande fagleg arbeid og initiativ som samfunnsaktør, høge gjestetal og godt økonomisk resultat vitnar om at staben gjorde meir enn ein kunne vente.

Resultata i 2014 blei skapte av 16 fast tilsette, 65 medarbeidarar i engasjement eller vikariat, 17 eksterne medlemer i råd og utval, og 94 frivillige i samspel med 58 medlemer i råd og styre.

Vi hadde til saman 29 679 gjester, mot 30 743 året før. Nynorsk kultursentrum har i mange år vore eit av musea i landet med flest born og unge blant gjestene. I 2014 utgjorde born og unge 38 prosent av gjestene våre, mot 41 prosent året før.

Vi utvida verksemda i 2014, rekrutterte fleire nye medarbeidarar og løyste dei fleste oppgåvene vi prioriterte. Mykje kan enno gjerast betre, men vi nådde viktige mål ved systematisk arbeid ut frå visjon, føremål og strategi.

Figur 1. Driftsinntekter etter avdeling 2012–2014
Prosent



Vona vår ligg i grunntanken om at den beste ideen enno ikkje er tenkt.

1.1 Økonomisk resultat

Nynorsk kultursentrum har forretningskontor i Ørsta kommune og driv kulturnæring i Ørsta og Ulvik.

Slitesterkt, målretta og lojalt arbeid frå alle tilsette gav samla driftsinntekter på 23,1 millionar, mot 24,2 millionar året før.

Driftsresultatet blei svært godt også i 2014. Drifta gav eit overskot på 921 000, mot 1 261 000 året før.

Det gode resultatet gjorde det mogleg å setje av ein første sum til eit vedlikehaldsfond, dessutan til fleire prioriterte vedlikehaldstiltak.

Marknadsinntektene utanom offentlege tilskot var på 5,2 millionar, mot 6,5 millionar året før, og utgjorde med det 23 prosent av alle inntekter. For kvar fjerde offentlege krone skaffa vi dermed ei krone sjølv. Det ordinære statstilskotet utgjorde 64 prosent av driftsinntektene, mot 59 prosent året før.

Stiftinga Nynorsk kultursentrum er no eit konsern med fleire driftsavdelingar, mange nettstader og fleire større prosjekt. Når Allkunne AS er rekna med, hadde Nynorsk kultursentrum konserninntekter på 25,6 millionar, mot 26,9 millionar året før.

1.2 Felles

Fellesavdelinga dekkjer fellesfunksjonar, samordnar verksemda og stør opp under drifta i resten av institusjonen.

Dei viktigaste resultata var at Stortinget vedtok Grunnlova på nynorsk, ei utgreiing om vidare drift av språksamlingar og ordbokarbeid i Noreg, og vidare dokumentasjon av Ivar Aasens liv og verk.

Driftsinntektene minka med 4 prosent frå 2,8 millionar i 2013 til 2,7 millionar i 2014. Med finansinntekter gav drifta eit overskot på 111 000, mot 179 000 året før.

1.3 Ivar Aasen-tunet

Dette dokumentasjons- og opplevingssenteret for nynorsk skriftkultur er kjernen i verksemda vår.

Dei viktigaste resultata var vellykka festspel både i innhald og kroner, ein ny produksjon for Den kulturelle skulesekken, store marknadsinntekter og meir medieomtale enn tilsvarande museum og arrangement.

Driftsinntektene minka med 17 prosent frå 17,4 millionar i 2013 til 14,9 millionar i 2014. Drifta gav eit overskot på 863 000, mot 686 000 året før.

Aasen-tunet hadde 24 133 gjester i 2014, mot 29 966 året før.

1.4 Olav H. Hauge-senteret

Dette er eit dokumentasjons- og formidlingssenter for Olav H. Hauge og lyrikk i mange former.

Dei viktigaste resultata var full ordinær drift frå og med opningsdagen 4.9., ei komplett basisutstilling om Olav H. Hauge og lyrikk i mange former, og vellykka poesifestival i innhald og kroner.

Driftsinntektene auka med heile 58 prosent frå 3,3 millionar i 2013 til 5,2 millionar i 2014. Drifta gav eit ordinært overskot på 320 000, mot 407 000 året før. Dette blei eit negativt resultat på 54 000 etter at underskottet for basisutstillinga var kostnadsført.

Hauge-senteret hadde 5546 gjester i 2014, mot 777 året før.

1.5 Allkunne AS

Arbeidet med å utvikle nynorsk kvalitetsinnhald på Internett og eit allment digitalt leksikon på nynorsk heldt fram i regi av det heileigde datterselskapet Allkunne AS.

Ved utgangen av året hadde Allkunne publisert 14 171 artiklar, mot 11 738 året før.

Driftsinntektene var på 2,5 millionar.

1.6 Vinjefondet

Vinjefondet skal styrke bruken av nynorsk i media, og Nynorsk kultursentrum forvaltar midlane etter avtale med Kulturdepartementet. Endringar i retningslinjene blei godkjende av Kulturdepartementet våren 2014.

Årsrytmen for utlysing og tildeling blei etter dette endra med verknad frå 2015. Vinjefondet løvvde difor 300 000 til eitt prosjekt,

mot 525 000 til to prosjekt året før. Samla kostnad i 2014 var 318 000.

Ubrukte midlar på 249 000 kroner blei overførte til 2015.

1.7 Språkåret 2013

Ved inngangen til 2014 stod det att 1 041 000 i ubrukne midlar. Då prosjektorganisasjonen var avvikla 28.2., stod 525 730 kroner til rådvelde. I samråd med Kulturdepartementet sette dette oss i stand til å løyve midlar til sju oppfølgingsprosjekt i 2014.

Språkåret 2013 er grundig dokumentert i rapporten *Så lenge der er språk, kjem det år*, trykt og publisert på Aasentunet.no.

1.8 Gjester og brukarar

Talet på gjester ved arrangement og utstillingar minka med 3 prosent frå 30 743 i rekordåret 2013 til 29 679 i 2014. Dette er det nest beste resultatet nokon sinne.

11 647 eller 39 prosent av gjestene var born og unge, mot 12 779 året før. Dei store tala skriv seg frå skuleturnear og store barnearrangement.

Nettstadene medrekna Allkunne.no hadde 231 262 unike brukarar med til saman 752 626 viste sider, mot 271 364 og 638 013 året før. Seinverknader av omlegginga til ny publiseringsplattform i 2013 gav færre unike brukarar i 2014 enn året før.

I sosiale medium hadde vi 11 259 følgjarar og likarar, mot 7931 året før.

Nynorsk kultursentrum er blitt ein nasjonal kulturinstitusjon med solid lokal forankring. Vi var aktive med arrangement eller utstillingar i 46 kommunar i seks fylke, mot 55 kommunar i 15 fylke året før. Ein kommune var ny.

1.9 Samfunnsaktør

Nynorsk kultursentrum gav i 2014 fire høyningsfråsegrer – om tilskotsordning for vekeavisar, Norsk kulturråd, NRK-plakaten og regional kulturplan for Hordaland 2015–25.

Etter drøfting i råd og styre sende vi innspel til arbeidet med ny språklov. Rådsordførar og styreleiar signerte eit felles brev til

kontroll- og konstitusjonskomiteen om Grunnlova på nynorsk og bokmål.

Vi følgde nøye utviklinga i arbeidet med å sikre framtida for Norsk Ordbok og språksamlingane ved Universitetet i Oslo. I oktober tok vi initiativ til ei ordbokgruppe som etter kvart samla representantar frå eit forlag og fire universitet og høgskular. Få veker seinare la Nynorsk kultursentrum på eige initiativ fram ei utgreiing med forslag til ei varig løysing i form av eit nasjonalt fellesføretak etter universitets- og høgskulelova.

Prisen Årets nynorskbrukar blei delt ut for 15. gong og gjekk til artistane Aasmund Nordstoga og Odd Nordstoga.

1.10 Samlingsforvaltning

Samlingane våre inneholdt 64 540 gjenstandar ved utgangen av 2014, mot 57 459 året før – då var Hauge-senteret ikkje rekna med. Av dette var 57 996 gjenstandar i Aasen-tunet og 6544 i Hauge-senteret.

38 prosent av samlingane var tilfredsstilande registrerte, mot 32 prosent året før.

Ein verdfull tilvekst i 2014 var alle originalbreva frå brevvekslinga mellom Bodil Cappelen og Olav H. Hauge 1970–1975, gitt av Bodil Cappelen. I 2014 blei også boksamlinga etter Olav H. Hauge ordna.

23 større og mindre forskings-, dokumentasjons- og formidlingsprosjekt var i gang med tilknyting til samlingane våre. Fleire av desse resulterte i større publikasjonar i 2014. Tre av prosjekta var nye i 2014.

1.11 Utstillinger og formidling

Vi hadde 7447 utstillingsgjester i 2014, mot 6392 året før.

8422 elevar og lærarar var med på 274 framsyningar av fire elevprogram i Den kulturelle skulesekken, mot 9526 gjester på 265 framsyningar året før.

Vi opna basisutstillinga *Indre syn, ytre blick* i Hauge-senteret 4.9. Basisutstillinga i Aasen-tunet fekk nokre nye element. Aasentunet laga ei ny temautstilling, *Makta i språket*, og ei mindre utstilling om nynorske julehefte. I begge basisutstillingane var det noko nytt kvar opningsdag.

Tre temautstillingar blei viste i kulturinstitusjonar på seks stader, mot ni utstillingar på 12 stader året før.

Vi gjorde ferdig to nye skulesekkproduksjonar, og den eine av desse hadde premiere i 2014.

Styre og tilsette representerte ved 132 høve mot 156 året før.

Tilsette og tillitsvalde stod for 36 bøker, artiklar, skrifter og foredrag, mot 95 året før. Av dette var fire større utgivingar, som året før.

1.12 Dei nynorske festspela

Dei nynorske festspela blei arrangerte for 23. gong 26.–30.6.2014. Driftsinntektene var på 2,2 millionar, som året før. Dette gav eit overskot på 227 000, mot eit overskot på 253 000 året før.

Festspela hadde 6081 gjester på 50 arrangement, mot 5986 gjester 47 arrangement året før. Om lag 125 utøvarar stod for det faglege og kunstnarlege innhaldet.

Temaet var *makt*, og festspeldiktaren Agnes Ravatn sette sitt særmerkte preg på programmet. Festspela markerte både Grunnlovsjubileet og Alt Prøysens 100-årsjubileum, og utvida programmet med internasjonale perspektiv.

1.13 Ulvik poesifestival

Ulvik poesifestival blei arrangert for 8. gong 5.–7.9.2014, for første gong i vår regi. Festivalen hadde samla driftsinntekter på 1,5 millionar og fekk eit overskot på 196 000.

Festivalen hadde 3890 gjester på 26 arrangement. Om lag 130 utøvarar stod for det faglege og kunstnarlege innhaldet.

Temaet var *grøn poesi*, og i fleire programpostar blei litteraturens plassering av mennesket i naturen utfordra. Den nye programposten Ulvik-samtalen blei introdusert, og festivalen blei marknadsført breiare enn før

1.14 Kulturprogram

Vi gjennomførte 55 arrangement i eigen regi utanom festivalane, mot 74 året før. Aasen-tunet stod for 44 arrangement, Hauge-senteret for 11, mot høvesvis 60 og 14 året før

2820 gjester var til stades på desse arrangementa, mot 5900 i Språkåret 2013 med sine mange arrangement. Om lag 90 utøvarar stod for det faglege og kunstnarlege innhaldet.

Aasen-tunet gav publikum mange arrangement om litteratur og for born og unge. Trass i arbeidet med basisutstilling makta Hauge-senteret å gi eit arrangementstilbod om lyrikk i mange former gjennom heile året.

1.15 Kafé og utleige

Kafeen i Aasen-tunet hadde driftsinntekter på 0,8 millionar, mot vel 1 million året før. Drifta gav eit underskot på 110 000, mot eit overskot på 78 000 året før.

Aasen-tunet hadde 2095 gjester på 99 arrangement i regi av eksterne arrangørar, mot 3799 gjester på 113 arrangement året før.

1.16 Butikkar

Butikkane i Aasen-tunet og Hauge-senteret hadde samla driftsinntekter på 1,4 millionar, mot 1,7 millionar året før. Dette gav eit overskot på 51 000, mot 151 000 året før.

Butikken i Hauge-senteret blei opna 4.9.

Boksal stod for 43 prosent av omsetninga i butikkane, mot 45 prosent året før.

1.17 Institusjonsbygging

To av dei prioriterte tiltaka for institusjonsutviklinga blei gjennomført i 2014. Vi opna eit komplett publikumstilbod i Hauge-senteret i Ulvik, og vi avklara strategien for All-kunne som eit allment, redigert og fullgodt digitalt oppslagsverk på nynorsk.

Vi gjorde avtale om samarbeid og deponi med Olav H. Hauge-stiftinga for perioden 2014–2023.

Nynorsk kultursentrum tok i 2012 initiativ til ein intensjonsavtale om fagleg samarbeid mellom fleire aktørar om innhald i eit eventuelt internasjonalt språksenter i Reykjavík. Ved utgangen av 2014 var det ikkje lenger grunnlag for å halde fram dette arbeidet.

Vinje kommune og Nynorsk kultursentrum signerte i 2014 ein intensjonsavtale om å

utvikle eit Vinje-senter for dikting, journalistikk og språkleg mangfald til 2018. Partane følgde opp med plan og budsjett for eit utviklingsprosjekt som skal vere ferdig innan utgangen av 2015. Prosjektet blei presentert for Kulturdepartementet hausten 2014.

Styret godkjende i 2014 ein intensjonsavtale med Vågå, Lom og Skjåk kommunar om Diktarhuset i Lom. Lom kommune godkjende avtalen før årsskiftet, og dei to andre kommunane tek stilling før 1.3.2015.

Vi la i 2014 til rette for å utvikle eit globalt nettverk for språkmuseum i 2015.

1.18 Kommunikasjon

Kommunikasjonskostnadene auka med 38 prosent frå nær 1 million i 2013 til 1,3 millionar i 2014. Dette utgjorde 5,9 prosent av samla driftskostnader, mot uvanleg låge 4,2 prosent året før.

Ulike sider av verksemda vår blei omtalt i 2967 registrerte artiklar og oppslag i norske massemedium, mot 6000 året før og 3004 i 2012. Språkåret utgjer skilnaden.

Det samla opplaget på trykksaker var 140 700 eksemplar, mot 123 000 året før.

1.19 Samla resultat 2000–2014

Til no har vi hatt vel 303 000 gjester og 3 442 000 nettstadbruksarar. I alt har altså over 3,7 millionar nytta tilboda våre.


Etter 15 driftsår er dette gjort:

- 104 588 bøker, skrifter, foto, kunsthistoriske og tradisjonelle gjenstandar i samlingane
- 4284 arrangement og utstillingar i 146 kommunar i alle fylke med 10 073 utøvarar
- 30 temautstillingar er laga og har vore lånte ut 167 gonger til stader i 18 fylke
- 1346 turnéframstykkingar av fem elevprogram i Den kulturelle skulesekken for 41 527 elevar og lærarar
- 309 talar og foredrag, 224 artiklar og 28 bøker og småskrifter

2 Visjon og strategi

Styret vedtok i 2007 eit visjonsdokument for Nynorsk kultursentrums. Etter drøfting i stab og råd vedtok styret i 2013 oppdatert strategiplan i dokumentet *Visjon og strategi 2013–2016*. Denne blir neste gongen revidert i 2015.

Figur 2. Tal arrangement 2010-2014
Absolutte tal



2.1 Visjon

Nynorsk, sjølvsgått, når som helst og kor som helst. Vi vil eit samfunn der det er sjølvsgått å vere og bli verande nynorskbruksar, og der det er sjølvsgått at nynorsk kan brukast i alle situasjonar.

2.2 Verdiar

Open, modig, overraskande. Verdiane viser kven vi er, kva vi vil vere og kva som pregar det daglege arbeidet vårt: Vi utfordrar fordømar om norsk språkpolitikk og samtidslitteratur, vi ønskjer å overraske ved å sjå etter nye løysingar på gamle spørsmål, og publikum skal vite at vi er til å stole på.

2.3 Samfunnsoppdrag

Kunnskap og opplevelingar som gjer det lettare og kjekkare å vere nynorskbruksar. Driftsgrunnlaget vårt er å vere den viktigaste formidlaren av nynorsk identitet og sjølvstilling.

Det vi gjer undervegs til visjonen, skal vere med og auke den allmenne toleransen og respekten for nynorskbruksarane. Dei som høyrer på oss, skal kjenne seg att i det vi seier, men også kunne bli overraska.

Språk er den nødvendige føresetnaden for all litteratur, frå sakprosa til lyrikk, og litteraturen pregar språket. Den nynorske grunnanken om kort avstand mellom tale og skrift inneber at språk kan demokratisere samfunn. Vi vil bruke kunnskap om språk og litteratur i fortid og samtid til å endre framtida slik at fleire blir og blir verande nynorskbrukarar.

2.4 Føremålsparagraf

Stiftinga Nynorsk kultursentrum er ei ideell stifting med hovudføremål å arbeide for nynorsk skriftkultur. Stiftinga skal kunne eige og drive språklege og litterære dokumentasjons- og opplevingssenter, festivalar, digitale tenester og forretningstiltak som er med og oppfyller dette føremålet.

2.5 Situasjonen for nynorsk skriftkultur

Nyvinningane til fordel for nynorskbrukarane og nynorsk skriftkultur generelt er nesten alltid resultatet av samordna og målretta innsats frå mange hand.

Nynorsk skriftkultur har mange handlekraftige miljø og mange institusjonar, som alltid manglar pengar til å realisere dei beste ideane. Nynorskinstitusjonar samarbeider betre enn nokon gong og prøver å utnytte den nynorske marknadsmakta som finst. Også i framtida vil likevel nynorsk skriftkultur vere avhengig av målretta, offentleg støtte og favorisering.

Eit relevant mål for offentleg satsing på nynorskbrukarane er kor mykje statlege løyvingar til nasjonale og regionale nynorskinstitusjonar utgjer i prosent av det samla statsbudsjettet for Kulturdepartementet. Denne nynorskindeksen fall frå 2,8 prosent i 2013 til 2,7 prosent i 2014. Høgast var nynorskindeksen i åra 2005–2007 med 3,3 prosent.

Det blir tenkt annleis om språk både i Noreg og mange andre land no enn då ideen om Aasen-tunet blei forma i 1990. Det fleirspråklege har fått status, og den språklege toleransen er truleg større enn før. Likevel kjem motviljen mot nynorsk som før raskt til syne når det røyner på, særleg når nynorsk

blir teken i bruk på nye område. Det er lettare å arbeide for visjonen vår no enn for ti år sidan, men nynorskbrukarane er ikkje blitt fleire i vår driftstid.

Posisjonen for lyrikk er i endring. Songlyrikken står som før sterkt blant publikum, og sterkare enn for tretti år sidan i akademia. Festivalar, kulturhus, forfattardagar har sidan 1970-åra endra haldninga til kunstlyrikk i den forstand at ganske mange gjerne høyrer på lyrikklesingar, men salet av lyrikkbøker har ikkje auka. Lyrikk på nynorsk har høg status og er heva over motstanden mot nynorsk.

Den nynorske skriftkulturen er 150 år gammal og byggjer på ein tusenårs lang skrifttradisjon. Eit mindretal av all verdas språk kan vise til noko liknande. Å forstå denne tradisjonen, og vere med og utvikle denne skriftkulturen vidare, er den lange oppgåva for oss.

2.6 Vår posisjon

Vi er det største litteraturmuseet i Noreg, det einaste senteret for lyrikk i mange former i Noreg, det einaste språkmuseet i Norden, det eldste språkmuseet i verda, og vi driv det einaste redigerte leksikonet på nynorsk.

Nynorsk kultursentrum blei stifta i 1993 for å etablere og drive Aasen-tunet. No er stiftinga organisert som eit konsern med tre driftsavdelingar, Allkunne og seks andre nettstader.

Fagleg, økonomisk og praktisk er det krevjande å drive ein nasjonal institusjon utanfor hovudstaden.

Vi er ein konsekvent tilhengjar av målretta samarbeid mellom institusjonar. Vi involverer oss der vi kan spele ei reell rolle og ha ein viss styringsrett, og vi ønskjer å vere ein institusjon å rekne med og stole på. Vi har svært vide samarbeidsflater og ønskjer å bli oppfatta som ein offensiv, påliteleg og løysingsorientert aktør.

Nynorsk kultursentrum er blitt ein robust organisasjon med sterkt vilje til fellesskap. Kunnskap, fantasi og gjennomføringsevne er dei tre føresetnadene våre for å lykkast som den kunnskaps- og opplevingsverksemda vi

er. Medarbeidarane har ein svært samansett kompetanse. Likevel er det alltid noko meir vi bør vite og noko meir vi bør kunne. Vi veit aldri nok, vi vil heile tida lære meir, og vi liker det. Alle tilsette skal kunne meir og vere meir kompetente på sine fagfelt når dei sluttar enn då dei tok til.

Ei kunnskapsverksemd som vår må leve med at ambisjonane er høgare enn det vi faktisk maktar å gjennomføre. Svært mange oppgåver må løysast for at det skal bli sjølv sagt for kven som helst å bruke nynorsk når som helst, kor som helst.

2.7 Mål

Nynorsk kultursentrum arbeider for tre mål:

1. Gjere det lettare å vere nynorskbrukar
2. Styrke den kulturelle eigenidentiteten til nynorskbrukarane
3. Skape større allmenn forståing for nynorsk skriftkultur

2.8 Ivar Aasen-tunet

Mål 2012–2015: Ein kulturinstitusjon i dialog med mange land og kulturar.

Slagord: Ivar Aasen-tunet – målet for alle.

2.9 Olav H. Hauge-senteret

Mål 2012–2015: Skape eit dokumentasjons- og formidlingscenter om Olav H. Hauge og lyrikk i mange former på tvers av språkgrenser.

Slagord: Olav H. Hauge-senteret – store opplevingar på små flater.

2.10 Strategiske val

Nynorsk kultursentrum skal vere den institusjonen alle vender seg til som ønskjer informasjon og dokumentasjon av nynorsk språk og skriftkultur, nytenking om språk- og kulturpolitiske strategiar eller ein kompetent og konstruktiv samarbeids-partnar.

Vi skal ha nasjonal spisskompetanse på dokumentasjon på nynorsk om nynorsk, med særleg vekt på kulturhistorie i vid tyding, det regionale og det biografiske, på lyrikk i mange former, og på livsverka til Ivar Aasen og Olav H. Hauge. Ei systematisk,

fagleg gjennomtenkt og utoverretta samlingsforvalting er grunnlaget for heile verksemda.

Vi skal vere tilgjengelege, synlege og til nytte for nynorskbrukarane og for andre som ønskjer å bruke tenestene og kunnskapen vår. Vi vil ikkje ha noko skarpt skilje mellom formidling og fagleg arbeid, eller mellom dokumentasjon og oppleving.

Nynorsk kultursentrum skal vere til nytte og løyse problem for både publikum og styrresmakter. Det skal vere ei god investering å satse på oss.

Styrresmakter, kollegaer, samarbeidspartar og publikum ventar at vi utviklar ny og påliteleg kunnskap om språk og litteratur, at vi overraskar i både synspunkt og tilbod, og at alt vi gjer, er prega av kvalitet.

Vi skal vere ein av dei mest aktive og utoverretta kulturinstitusjonane i Noreg. Språkleg toleranse og dialog med mange land og kulturar skal prege verksemda vår, frå arrangement og utstillingar til dokumentasjon og publikumstenester.

2.11 Politikk for det 21. hundreåret

Mykje står att for å skape røyndom av den systematiske styrkinga av nynorsk skriftkultur som Stortinget føresette i 2004 og som blei stadfesta i språkmeldinga *Mål og mein*ing som Stortinget i hovudsak slutta seg til i 2009.

Det er offisiell politikk å følgje *prinsippet nynorsk*, som Nynorsk kultursentrum første gongen formulerte i 2005. Prinsippet inneber at nynorsk alltid skal reknast med der norsk språk blir tematisert, og at det skal grunngivast viss omsynet til nynorsk ikkje er relevant.

Det trengst ein nynorsk tiltakspakke, mykje større og øyremerkte nynorsktiltak, og mange fleire tiltak i dei nynorske kjerneområda. Dei statlege løvvingane til nynorsktiltak i statsbudsjettet for 2015 måtte aukast frå 275 millionar til om lag 350 millionar for at nynorskindeksen skulle vere like høg som for ti år sidan.

Styret vedtok i 2014 å invitere sentrale aktørar til drøfting og samarbeid om nye, store nynorsktiltak.

Til 200-årdagen for Ivar Aasens fødsel 5.8.2013 tok Nynorsk kultursentrum initiativ til den såkalla hundreårserklaringa «Nynorskpolitikk for det 21. hundreåret» frå Noreg Mållag og Nynorsk kultursentrum. Frå 2015 ligg denne ved strategiplanen vår.

2.12 Institusjonell utvikling

Nynorsk kultursentrum ønskjer å bli ein større organisasjon, og det er strategisk føremålstøy for oss å få fotteste fleire stader i landet. Vi er no organiserte slik at det etter måten er lett å integrere nye einingar i drifta.

Etablerte tiltak må ha passert sine milepålar før nye større tiltak blir ein del av porteføljen. Alle nye tiltak vi set i verk eller går inn i, skal styrke og ikkje svekkje drifta av etablerte tiltak. Dei neste åra arbeider vi særleg med desse oppgåvene:

1. Gjere Ulvik poesifestival til den fremste festivalen for lyrikk i mange former.
2. Utvikle Vinje-senteret for dikting, journalistikk og språkleg mangfald i Vinje.
3. Etablere eit globalt nettverk for språkmuseum.
4. Realisere planane for Jon Fosse-arkivet.
5. Utvikle eit internasjonalt prosjekt om den norske erfaringa med løysing av kulturrelle konfliktar utan vald.
6. Følgje opp intensjonsavtale om Diktarhuset i Lom til forpliktande vedtak og gjenomføring.
7. Styrke driftsgrunnlaget for Aasen-tunet mellom anna ved å planleggje nybygg.

3 Drift

Med driftsinntekter på 23 087 000 var 2014 prega av at vi opna Hauge-senteret med eit komplett publikumstilbod i samsvar med planar og budsjett. Nynorsk kultursentrum nådde endå vidare ut også dette året.

Prosjektorganisasjonen Språkåret 2013 blei avvikla som føresett og planlagt, og arbeidet for større eigeninntekter gav utteljing.

Eit fleire år langt arbeid for å styrke driftskapitalen viser att. Ut frå veksande verksemd og auka behov for stabil drift vedtok styret i 2014 at eigenkapitalen bør vere fire millionar kroner ved utgangen av 2017.

3.1 Resultat

Drifta gav eit overskot på 921 077 etter finansinntekter, mot 1 260 604 året før.

Drifta var styrt i retning av eit resultat som kunne sikre avsetjing og grunnlag for eit vedlikehald vi reknar med vil auke i åra som kjem.


3.2 Inntektsprofil og kostnadsutvikling

Offentlege tilskot utgjer sikre inntekter som gjer det mogleg for oss å skape større marknadsinntekter. Over tid har kvar krone meir offentlege tilskot også gitt ei krone meir i marknadsinntekter.

Dei offentlege tilskota var på 17 820 000, mot 17 773 000 året før. Desse tilskota utgjorde 77 prosent av inntektene, mot 74 prosent året før (figur 3). Marknadsinntektene var på 5 267 000, mot 6 481 000 året før. Det utgjorde 23 prosent av inntektene, mot 27 prosent året før.

Vi har heile tida lagt til grunn at løn og honorar skal utgjere godt under 60 prosent av samla kostnader. I 2014 stod løn og honorar for 50 prosent av samla kostnader, mot 45 prosent året før.

Figur 3. Inntektsprofil 2010-2014 utan Allkunne Prosent



3.3 Investeringar

I 2014 investerte vi til saman 5 095 000 kroner i tre større prosjekt. Av dette var 1 307 000 eigenfinansiert. Alle prosjekta blei gjennomførte innanfor fastsette budsjett.

Vi brukte 4 712 000 til basisutstilling i Hauge-senteret og ombygging av leigde utstillingslokale. Dette blei finansiert med 2 838 000 i offentlege tilskot, 950 000 i tilskot frå private institusjonar og 924 000 i eigne midlar. Av eigne midlar kom 550 000 frå tidlegare avsetjingar, medan 374 000 blei kostnadsført i driftsrekneskapen.

Vidare investerte vi 264 000 i ombygging av leigde lokale for resepsjon og butikk i Hauge-senteret. I Aasen-tunet investerte vi 119 000 i basisutstillinga.

Dei vedlikehaldsoppgåvene vi meinte var nødvendige, blei gjennomførte i 2014.

Avskrivingskostnadene auka frå 391 000 i 2013 til 430 000 i 2014.

3.4 Samfunnsrekneskap

Den økonomiske verdien av verksemda vår er stor. Nynorsk kultursentrums skapte verdiar for mange i 2014.

Vi betalte 2 540 000 i forskotstrekk og 1 376 000 i arbeidsgivaravgift, til saman 3 916 000, mot 4,0 millionar året før. Dette utgjorde 18 prosent av samla kostnader, mot 17 prosent året før.

Vi betalte 10 892 000 i bruttoløn og sosiale kostnader, mot 10,2 millionar året før.

Av dette var 1 961 000 i honorar til utøvarar ved kulturarrangement, festivalar og elevprogram, mot 2,1 millionar året før.

3.5 Nye medstiftarar

Som følgje av arbeidet med å utvikle eit Vinje-senter vedtok Vinje kommune og Telemark fylkeskommune i 2014 å bli medstiftarar i Nynorsk kultursentrums. No har vi dermed 24 medstiftarar.

3.6 Råd og styre

Rådet handsama 18 saker på to møte, mot 21 saker på to møte året før. Utanom tilsynsfunksjonen var dei viktigaste sakene oppfølging av Språkåret 2013, fagleg strategi for

nye driftsavdelingar, Grunnlova på nynorsk og bokmål, lokalvalet 2015 og ny språklov.

Styret handsama 99 saker på åtte møte – to av dei var telefonmøte og eit var skriftleg møte, og eitt styreseminar i Helsingfors, mot 75 saker på seks møte året før. Utanom dei faste sakene budsjett, søknader om tilskot, rekneskap og årsmelding arbeidde styret særleg med strategiske spørsmål, resultatvurdering av Språkåret 2013, utvikling av Hauge-senteret, framtida for språksamlingane og Norsk Ordbok, ny språklov, høyningsfråsegner og fleire langtidsplanar.

3.7 Dotterselskap

Nynorsk kultursentrums eig 100 prosent av aksjane i dotterselskapet Allkunne AS. Aksjekapitalen er på 100 000. Føremålet er å utvikle og drive digitale kunnskapsbasar på nynorsk.

3.8 Administrasjon

Nynorsk kultursentrums hadde tilsette i 16 faste stillingar og arbeidsavtalar med 82 betalte medarbeidarar, og 94 frivillige hjelpte til. I alt blei det utført 20,12 årsverk, mot 20,50 året før. I tillegg var 17 eksterne medlemer med i tre råd og utval.

Den HMT-planen som blei vedteken i 2013, blei følgd opp i 2014. Sjukefråværet utgjorde 3,0 prosent av samla arbeidstid, mot 5,9 prosent året før.

Nynorsk kultursentrums førte også i 2014 ein målretta likestillingspolitikk. Fire av sju styremedlemer var kvinner, og i rådet var ti av 24 medlemer kvinner. I den utvida leiargruppa sat tre menn og to kvinner, og i dei faste stillingane sat det ved utgangen av 2014 ni kvinner og sju menn.

Ved tilsetjingar prioriterer Nynorsk kultursentrums formelle og reelle kvalifikasjoner. Over tid skal det vere balanse mellom tal på kvinner og menn i staben, på same måten som vi ønskjer variasjon i alder, geografi, bakgrunn og fagprofil.

Alle krav i lov om forbod mot diskriminering på grunn av nedsett funksjonsevne gjeld ikkje for verksemda vår, men vi gjer alt

vi kan for å oppfylle dei relevante krava. I 2014 fullførte vi ei omlegging til meir universelt tilgjengelege nettstader.

Verksemda vår er i hovudsak vanleg kontordrift, og fell difor innanfor det lova om forureining tillèt. Verksemda følgde alle miljøregelverk i 2014. Søppel frå kontordrifta har vore sortert i papir og ikkje-papir, dessutan spesialavfall. Nynorsk kultursentrum leverte i 2014 ingen produkt som skaper vesentlege miljøproblem.

3.9 Vidare drift

Grunnfondskapitalen er på 270 000 kroner og står på renteberande konto.

Vidare drift er lagd til grunn for rekneskapsen for 2014.

Oppstillinga nedanfor gir eit rett bilet av utvikling, resultat og stilling for Nynorsk kultursentrum. Tala er i 1000 kroner.

| | 2012 | 2013 | 2014 |
|-----------------|--------|--------|--------|
| Driftsinntekter | 20 651 | 24 211 | 23 087 |
| Resultat | 626 | 1261 | 921 |
| Eigenkapital | 1750 | 2310 | 2851 |

4 Disponering av resultat

Av årsoverskotet på 921 077 kroner blir 521 077 lagd til eigenkapitalen. Etter dette hadde stiftinga ved årsskiftet ein eigenkapital på 2 851 341.

Vidare blir 150 000 sette av til eit vedlikehaldsfond, 150 000 til vidareutvikling av basisutstillinga i Hauge-senteret og 100 000 til utbetring av gjenstandsmagasinet i Aasen-tunet.

Hovdebygda, 31. desember 2014 / 25. februar 2015



Lodve Solholm, leiar



Grete Riise
Grete Riise, nestleiar



Georg Arnestad
Georg Arnestad



Sigrun Høgetveit Berg
Sigrun Høgetveit Berg



Jon Østbø
Jon Østbø



Brit Bildøen
Brit Bildøen



Stina Aasen Lødemel
Stina Aasen Lødemel



Ottar Grepstad
Ottar Grepstad, direktør

Resultatrekneskap

Stiftinga Nynorsk kultursentrum

| Driftsinntekter og driftskostnader | Note | 2014 | 2013 |
|---|-------------|-------------------|-------------------|
| Sal av varer | | 3 056 838 | 4 081 345 |
| Tilskot frå Kulturdep. o.a. | 1 | 17 819 828 | 17 729 817 |
| Billettsal | | 1 059 492 | 893 231 |
| Sponsorinntekter og annonser | | 520 035 | 625 780 |
| Andre inntekter | | 630 828 | 880 915 |
| Sum driftsinntekter | | 23 087 022 | 24 211 088 |
| Varekostnad | | 1 123 109 | 1 421 812 |
| Lønskostnader m.m. | 4 | 10 891 908 | 10 294 766 |
| Ordinære avskrivningar | 6 | 429 898 | 391 360 |
| Leigekostnader | | 430 300 | 490 376 |
| Utstyr og driftsmateriell, straum | | 1 169 035 | 1 224 613 |
| Reparasjonar og vedlikehald | | 449 013 | 1 344 725 |
| Reise/opphold | | 1 248 463 | 1 429 656 |
| Honorar | 4 | 2 798 646 | 3 127 910 |
| Marknadsføring | | 1 332 370 | 959 856 |
| Ymse kontorkostnader/porto m.m. | | 1 641 596 | 1 527 772 |
| Andre driftskostnader | | 750 790 | 828 212 |
| Sum driftskostnader | | 22 265 128 | 23 041 056 |
| Driftsresultat | | 821 894 | 1 170 032 |
| Finansinntekter og finanskostnader | | | |
| Renteinntekter | | 100 399 | 93 304 |
| Rentekostnader | | 1 216 | 2 732 |
| Resultat av finanspostar | | 99 183 | 90 572 |
| Ordinært resultat | | 921 077 | 1 260 604 |
| Årsoverskot | | 921 077 | 1 260 604 |
| Overføringer | | | |
| Avsett til forpliktingar | 5 | 400 000 | 700 000 |
| Overføringer annan eigenkapital | 5 | 521 077 | 560 604 |
| Sum overføringer | | 921 077 | 1 260 604 |

Balanse

Stiftinga Nynorsk kultursentrum

| Eigedelar | Note | 2014 | 2013 |
|--------------------------------------|-------------|------------------|------------------|
| Anleggsmiddel | | | |
| Varige driftsmiddel | | | |
| Utekafè, -scene, stabbur og ny veg | 6 | 2 461 421 | 2 348 060 |
| Inventar og utstyr | 6 | 956 172 | 942 505 |
| Sum varige driftsmiddel | | 3 417 593 | 3 290 565 |
| Finansielle driftsmiddel | | | |
| Aksjar i datterselskap | 7 | 50 000 | 50 000 |
| Sum finansielle anleggsmiddel | | 50 000 | 50 000 |
| Sum anleggsmiddel | | 3 467 593 | 3 340 565 |
| Omløpsmiddel | | | |
| Varelager | 3 | 851 082 | 558 062 |
| Krav | | | |
| Kundar | 2 | 1 251 555 | 569 191 |
| Andre krav | 2, 7 | 355 040 | 232 841 |
| Sum krav | | 1 606 595 | 802 032 |
| Bank, kasse (bundne midlar: 410.767) | | 1 869 117 | 2 936 963 |
| Sum omløpsmiddel | | 4 326 794 | 4 297 057 |
| Sum eigedelar | | 7 794 387 | 7 637 622 |

Balanse

Stiftinga Nynorsk kultursentrum

| Eigenkapital og gjeld | Note | 2014 | 2013 |
|-------------------------------|------|----------------|----------------|
| Innskoten eigenkapital | | | |
| Grunnfond | 5 | 270 000 | 250 000 |
| Sum innskoten eigenkapital | | <u>270 000</u> | <u>250 000</u> |

| Opptent eigenkapital | | | |
|--------------------------|--|------------------|------------------|
| Annan eigenkapital | | 2 581 342 | 2 060 265 |
| Sum opptent eigenkapital | | <u>2 581 342</u> | <u>2 060 265</u> |
| Sum eigenkapital | | <u>2 851 342</u> | <u>2 310 265</u> |

Gjeld

| Kortsiktig gjeld | | | |
|------------------------------|---|------------------|------------------|
| Avsetjing til forpliktingar | 5 | 700 000 | 950 000 |
| Leverandørgjeld | 7 | 1 283 353 | 904 153 |
| Trekk og offentlege avgifter | | 817 642 | 903 825 |
| Påkomne kostnader | | 1 301 749 | 1 385 164 |
| Periodiserte tilskot | | 840 301 | 1 184 214 |
| Sum kortsiktig gjeld | | <u>4 943 045</u> | <u>5 327 357</u> |
| Sum gjeld | | <u>4 943 045</u> | <u>5 327 357</u> |

| | | |
|--|------------------|------------------|
| Sum eigenkapital og gjeld | <u>7 794 387</u> | <u>7 637 622</u> |
| (1) Som revisor i stiftinga kan vi stadfeste at tilskotet frå Kulturdepartementet er nytta i samsvar med føresetnadene i tildelingsbrevet frå departementet. | | |

I styret for STI Nynorsk kultursentrum, Hovdebygda 25.2.15

Lodve Solholm
leiar

Ottar Grepstad
direktør

Grete Riise
nestleiar

Georg Arnestad
styremedlem

Sigrun H. Berg
styremedlem

Jon Østbø
styremedlem

Brit Bildøen
styremedlem

Stina Aasen Lødemel
styremedlem

(1) Arvid Hovden
statsautorisert revisor

NOTAR for 2014
Stiftinga Nynorsk kultursentrum

Rekneskapsprinsipp

Årsrekneskapen er sett opp i samsvar med rekneskapslova av 1998. Rekneskapsprinsippa vert skildra nedanfor.

Hovudregel for vurdering og klassifisering av egedelar og gjeld

Egedelar som er bestemt til varig eige eller bruk, er klassifiserte som anleggsmiddel.

Andre egedelar er klassifiserte som omløpsmiddel. Krav som skal tilbakebetalast innan eitt år, er klassifiserte som omløpsmiddel. Ved klassifisering av kortsiktig og langsiktig gjeld er tilsvarende kriterium lagt til grunn.

Anleggsmiddel vert vurderte til kostpris, men vert nedskrivne til verkeleg verdi når verdifallet er venta ikkje å vere forbigåande. Anleggsmiddel med avgrensa økonomisk levetid vert avskrivne planmessig. Langsiktig gjeld vert balanseført til nominell sum på etableringstidspunktet.

Omløpsmiddel vert vurderte til lågaste av kostpris og verkeleg verdi. Kortsiktig gjeld vert balanseført til nominell sum på etableringstidspunktet. Kortsiktig gjeld vert ikkje oppskriven som følge av renteendring.

Inntektsføringsprinsipp

Off. tilskot til drifta vert inntektsførde i same periode som desse er meint å dekkje frå tilskotsgivar.

Prosjektinntekter vert periodiserte til inntekt i takt med gjennomføring av prosjekta. Utbetalte tilskot for prosjekt, som ikkje er oppstarta, vert såleis balanseførd som forplikting. Andre inntekter vert inntektsførde ved opptening for tenester og på leveringstidspunktet for selde varer.

Note 1

Offentlege tilskot

| | 2014 | 2013 |
|---|-------------------|-------------------|
| Kulturdepartementet | 14 725 363 | 14 398 000 |
| Tilskot frå Møre og Romsdal fylkeskommune | 133 225 | 313 699 |
| Tilskot frå Hordaland fylkeskommune | 720 000 | 518 000 |
| Tilskot frå Ørsta og Volda kommunar | 150 000 | 110 000 |
| Tilskot frå Ulvik kommune | 1 930 000 | 900 000 |
| Tilskot Norsk kulturråd | 60 000 | 40 000 |
| Andre offentlege tilskot | 0 | 658 520 |
| Andre tilskot | 101 240 | 791 598 |
| Sum tilskot | 17 819 828 | 17 729 817 |

Note 2

Andre krav

Krava er verdsette til pålydande og forfell innan 1 år.

Note 3

Varelager

Varelageret vert vurdert til lågaste verdi av kostpris og verkeleg verdi.

Note 4

Lønskostnad, tal på tilsette m.m.

| | 2014 | 2013 |
|---|-------------------|-------------------|
| Lønskostnad | 8 312 489 | 7 812 194 |
| Folketrygdavgift | 1 344 182 | 1 288 571 |
| Oppg.pl. honorar | 596 305 | 699 211 |
| Pensjonsytingar | 488 912 | 391 086 |
| Andre ytingar | 150 020 | 103 703 |
| | 10 891 908 | 10 294 766 |
| Gjennomsnittleg tal på tilsette (årsverk) | 19,7 | 18,0 |

NOTAR for 2014
Stiftinga Nynorsk kultursentrum

| Ytingar til leiande personar | Dagleg leiar | Styreleiar | Styre-medlemmer |
|-------------------------------------|--------------|------------|-----------------|
| Løn, honorar og liknande | 921 664 | 85 000 | 110 768 |

Revisor

Kostnadsført revisjonshonorar for 2014 utgjer kr 28.300,- u/mva. Honorar for revisionsrelaterte tilleggstenester utgjer kr 16.100,- u/mva.

Stiftinga har pensjonsordningar i Statens pensjonskasse. Ordningane gir rett til definerte framtidige ytingar. Desse er i hovudsak avhengige av tal oppteningsår, løsnivå ved oppnådd pensjonsalder og storleiken på ytingar frå folketrygda. 21 tilsette (inkl. deltidsstillingar) er med på denne ordninga. Pensjonsordninga fyller krava til OTP.

Note 5

Eigenkapital

| | 2014 | 2013 |
|------------------------------|------------------|------------------|
| Grunnfond 31.12. | 270 000 | 250 000 |
| Annan eigenkapital 1.1 | 2 060 265 | 1 499 661 |
| Årsresultat | 921 077 | 1 260 604 |
| Avsett til forpliktingar | -400 000 | -700 000 |
| Sum annan eigenkapital 31.12 | 2 581 342 | 2 060 265 |
| Sum eigenkapital 31.12. | 2 851 342 | 2 310 265 |

Grunnfondet er auka med kr 20.000 i 2014 ved innskot frå Vinje kommune og Telemark fylkeskommune.

Av årets resultat er kr 400.000 avsett til tre definerte prosjekt, jfr årsmeldinga punkt 4.

Note 6

Tilskot til inventar/utstilling og bygg

| | Inventar/ utstilling | Amfi/ute- kafe/utescene/ stabbur/veg | Bygg | Sum |
|---|---------------------------------|---|-------------|------------------|
| Kostpris 01.01. | 11 400 662 | 6 703 981 | 43 800 000 | 61 904 644 |
| + Tilgang | 4 622 756 | 271 670 | 0 | 4 894 426 |
| - Avgang | 0 | 0 | 0 | 0 |
| - Tilskot Det kongelege kulturdepartementet | -1 687 500 | 0 | 0 | -1 687 500 |
| - Andre tilskot og eigenfinansiering | -2 650 000 | 0 | 0 | -2 650 000 |
| - Tilskot - akkumulerte tal per 31.12 | -8 924 041 | -3 814 500 | -43 800 000 | -56 538 541 |
| Akk. avskrivningar 31.12. | -1 805 704 | -699 730 | 0 | -2 505 435 |
| Bokført verdi 31.12 | 956 172 | 2 461 421 | 0 | 3 417 593 |
| Avskrivningar i år | 271 588 | 158 309 | 0 | 429 898 |
| Avskrivningssats | 10-33% | 4-10% | | |

Stiftinga har i 2002 fått vederlagsfrei heimelsoversføring frå Staten på den faste eigedomen. Dette byggjer på ein føresetnad om at nybygget ikkje skal omsettast. Dette er i samsvar med § 9 i vedtekten for stiftinga, der det heiter at "den rørlege og urørlege eigedomen til stiftinga kan ikkje avhendast, med mindre det følgjer av gjenstandens art eller føremålet med å tilegne seg gjenstanden". Som følgje av dette er verdien oppført til kostpris kr 0,- for stiftinga, men slik at byggjekostnaden er vist i oppstillinga ovanfor og med tilsvarende sum som tilskot.

I 2014 har stiftinga stått for opparbeidning av basisutstillinga ved Olav H. Hauge-senteret i Ulvik. Byggjekostnaden er vist som ein del av tilgangen i oppstillinga ovanfor. Det er ytt eit investeringstilskot frå kulturdepartementet på kr 1.687.500, kr 2.100.000 er investeringstilskot ytt frå andre, medan kr 550.000 er eigenfinansiering.

Note 7

Aksjar i datterselskap

Stiftinga har teikna 50% av aksjane i Allkunne AS som har forretningskontor i Ørsta kommune.

Selskapet blei skipa 20.08.2008. I 2012 kjøpte stiftinga resterande 50% av aksjane i Allkunne AS.

Årsrekneskapen for 2014 syner eit overskot på kr 21.393 og sum eigenkapital på kr 484.647

per 31.12.2014.

STI Nynorsk kultursentrum har eit netto kortsiktig krav på kr 29.961 per 31.12.2014 mot datterselskapet.

Aksjane er bokførde til kostpris.

REVISOR SI MELDING

Utsegn om årsrekneskapen

Vi har revidert årsrekneskapen for Stiftinga Nynorsk kultursentrum, som viser eit overskot på kr 921.077,-. Årsrekneskapen er samansett av balanse per 31. desember 2014, resultatrekneskap for rekneskapsåret avslutta per denne datoен, samt ei skildring av vesentlege rekneskapsprinsipp som er nytta og andre noteopplysningar.

Styret og dagleg leiar sitt ansvar for årsrekneskapen

Styret og dagleg leiar er ansvarlege for å utarbeide årsrekneskapen og for at han gir eit rettvisande bilet i samsvar med reglane i rekneskapslova og god rekneskapsskikk i Noreg og for slik intern kontroll, som styret og dagleg leiar finn nødvendig for å gjere det mogleg å utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, korkje som følgje av misgjerder eller feil.

Revisor sine oppgåver og plikter

Oppgåva vår er, på grunnlag av revisjonen vår, å gi uttrykk for ei mening om denne årsrekneskapen. Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, medrekna *International Standards on Auditing*. Revisjonsstandardane krev at vi etterlever etiske krav og planlegg og gjennomfører revisjonen for å oppnå forsvarleg sikkerheit for at årsrekneskapen ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon.

Ein revisjon inneber utføring av handlingar for å innhente revisjonsbevis for beløpa og opplysingane i årsrekneskapen. Dei valde handlingane er avhengige av revisor sitt skjønn, mellom anna vurderinga av risikoane for at årsrekneskapen inneheld vesentleg feilinformasjon, anten det skuldast misgjerder eller feil. Ved ei slik risikovurdering tek revisor omsyn til den interne kontrollen, som er relevant for eininga si utarbeiding av ein årsrekneskap, som gir eit rettvisande bilet. Føremålet er å utforme revisjonshandlingar, som er føremålstenlege etter tilhøva, men ikkje å gi uttrykk for ei mening om effektiviteten av stiftinga sin interne kontroll. Ein revisjon omfattar også ei vurdering av om dei rekneskapsprinsippa som er nytta, er føremålstenlege og om rekneskapsestimata, som er utarbeidde av leiinga, er rimelege, samt ei vurdering av den samla presentasjonen av årsrekneskapen.

Vi meiner at innhenta revisjonsbevis er tilstrekkelege og føremålstenlege som grunnlag for konklusjonen vår.

| | |
|---|--|
| HOVUDKONTOR ØRSTA: | AVDELINGSKONTOR EID: |
| Strandgata 7, Postb. 203, 6151 Ørsta Tlf.: 70 04 59 00 • Faks: 70 04 59 01 | Lotevegen 21, Postb. 315, 6772 Nordfjordeid Tlf.: 57 88 64 16 |

Konklusjon

Vi meiner at årsrekneskapen er avgjeven i samsvar med lov og forskrifter og gir eit rettvisande biletet av den finansielle stillinga til Stiftinga Nynorsk Kultursentrum per 31. desember 2014 og av resultatet for rekneskapsåret, som vart avslutta per denne dato, i samsvar med reglane i rekneskapslova og god rekneskapsskikk i Noreg.

Utsegn om andre tilhøve

Konklusjon om årsmeldinga

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik han er skildra ovanfor, meiner vi at opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen, føresetnaden om at drifta skal halde fram og framlegg til bruk av overskotet, er konsistente med årsrekneskapen og er i samsvar med lov og forskrifter.

Konklusjon om registrering og dokumentasjon

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik han er skildra ovanfor, og kontrollhandlingar vi har funne nødvendige etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikkje er revisjon eller avgrensa revisjon av historisk finansiell informasjon», meiner vi at leiinga har oppfylt plikta si til å sørge for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av stiftinga sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Noreg.

Konklusjon om utdelingar og forvaltning

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen, som skildra over, og kontrollhandlingar vi har funne naudsynte i samsvar med internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000, meiner vi stiftinga er forvalta i samsvar med lov, stiftinga sitt føremål og vedtektenes elles.

Ørsta, den 25.2.2015



Arvid Hovden
statsautorisert revisor

Administrasjonens årsrapport

1 Organisasjon


Ved utgangen av 2014 eig og driv Nynorsk kultursentrum desse tiltaka:

- Ivar Aasen-tunet
- Olav H. Hauge-senteret
- Dei nynorske festspela
- Ulvik poesifestival
- Nettstadene Aasentunet.no, Haugesenteret.no, Festspela.no, Poesifestivalen.no, Tunkatten.no og Handlenett.no
- Allkunne AS og nettstaden Allkunne.no
I tillegg forvaltar stiftinga på oppdrag frå Kulturdepartementet Vingefondet.

I 2014 hadde vi 82 lønte medarbeidrarar, mot 67 året før. I tillegg var 94 frivillige med og gjennomførte dei to festivalane i 2014, og 17 eksterne medlemer var med i tre råd og utval. Det blei utført i alt 20,12 årsverk, mot 20,50 året før (figur 4).

Vi følgde opp medlemskapar i 20 institusjonar og organisasjonar, og tilsette hadde verv i 23 styre, råd og utval. Vi leidde arbeidet i tre nasjonale nettverk og hadde som før om åra jamleg kontakt med godt over 60 institusjonar, organisasjonar og verksemder.

Figur 4. Betalte årsverk 2010–2014



1.1 Råd

24 stiftarar står bak Nynorsk kultursentrum. I 2014 vedtok Vinje kommune og Telemark fylkeskommune å bli medstiftarar.

Kvar stiftar utnemner for minst to år om gongen ein medlem og ein varamedlem til rådet i Nynorsk kultursentrum.

Rådet har vedteke at rådsmedlemer ikkje bør sitje lenger enn åtte år, og har oppmoda stiftarane om å sikre god balanse mellom kjønna. Rådet hadde desse medlemene i 2014 (utnemningsperiode i parentes):

Kommunar og fylkeskommunar

Hordaland fylkeskommune: Mona H. Hellesnes (2012–15), vara Jon Askeland (2012–15)

Møre og Romsdal fylke: Torleiv Rogne (2012–15), vara Jan Magne Dahle (2012–15)

Rogaland fylkeskommune: Jarle Braut (2007–15), vara Brit L. Kvassheim (2012–15)

Sogn og Fjordane fylkeskommune: Nils P. Støyva (2012–15), vara Hege Lothe (2012–15)

Ulvik herad: Hans Petter Thorbjørnsen (2012–15), vara Stig Yngve Røkenes (2012–15)

Volda kommune: Rebecca Christina Riise (2012–15), vara Hilde Osdal (2009–15)

Ørsta kommune: Jostein O. Mo (2008–15), vara Hjørdis Almelid Vikenes (2008–15)

Forsknings- og utdanningsinstitusjonar

Høgskulen i Volda: Per Halse (2014–15), vara Marie Nedregotten Sørbø (2014–15)

Høgskulen i Sogn og Fjordane: Eli Bjørhusdal (2012–15), vara Gunnar Yttri (2012–15)

Møreforsking: Gunnar Stave (2009–14), vara Susanne Moen Ouff (2013–14)

Møre Folkehøgskule: Odd A. Steinvåg (1993–14), vara Einar Opsvik (2009–14)

Noregs teknisk-naturvitenskaplege universitet: Hanne Siri Sund (2012–15), vara Gunnar Foss (2012–15)

Universitetet i Bergen: Endre Brunstad (2011–14), vara Ann-Kristin Helland Gujord (2011–14)

Universitetet i Oslo: Toril Kristin Sjo (2013–14), vara Ålov Synnøve Runde (2013–14)

Universitetet i Tromsø – Noregs arktiske universitet: Øystein Vangsnes (2010–15), vara Åse Mette Johansen (2014–15)

Kulturinstitusjonar

Litteraturselskapet Det Norske Samlaget: Ragnfrid Trohaug (2012–15), vara Edmund Austigard (2012–15)

Det Norske Teatret: Carl Morten Amundsen (2012–15), vara Astrid Driva Rødsand (2012–15)

Sunnmøre Museum: Jørgen Holte (2011–14), vara Grethe Sliper Helseth (2013–14)

Målrørsle

Noregs Mållag: Vidar Lund (2014–15), vara Bente Riise (2012–15)

Noregs Ungdomslag: Endre Kleiveland (til 10.9.) og Marit Krogsæter (2014–15), vara Aud Solveig Malmedal (til 10.9.) og Endre Kleiveland 2014–15)

Landssamanslutninga av nynorskommunar: Solfrid Borge (2013–15), vara Gunnar Strøm (2013–15)

Vestmannalaget: Ingvar Pilskog (2009–14), vara Sissel-Anny Hjelmtveit (2009–14)

Arbeidsoppgåvane for rådet er desse:

1. Sjå til at stiftinga arbeider i samsvar med føremålet
2. Oppnemne to styremedlemer og ein varamedlem til styret i Nynorsk kultursentrum
3. Velje revisor for Nynorsk kultursentrums
4. Drøfte faglege spørsmål og aktuelle saker etter behov og eventuelt vedta fråsegner om saker som gjeld arbeidsområdet for stiftinga, utan å binde styret.

Mona H. Hellesnes var rådsordførar, og sekretær var Ottar Grepstad.

1.2 Styre

Styret har sju medlemer og fire varamedlemer. Rådsordførar kan møte som observatør på alle styremøta. Sekretær var Ottar Grepstad.

Staten v/Kulturdepartementet utnemner fire medlemer og to varamedlemer i nummerert rekjkjefølgje, rådet vel to medlemer og éin varamedlem, og dei tilsette vel éin medlem og éin varamedlem.

Reidar Sandal var vald styreleiar 24.3.2010–12.2.2014. Styret valde 25.2.2014 Lodve Solholm som ny styreleiar 2014–15.

Styret i 2014 var:

Oppnemnde av Kulturdepartementet 24.3.2010–12.2.2014

Reidar Sandal, Florø (utnemnd første gongen 2010)

Bente LaForce, Hamar (utnemnd første gongen 2008)

1. varamedlem: Torunn Hovland Ljone, Ulvik (utnemnd første gongen 2010)

2. varamedlem: Reza Rezaee, Oslo (utnemnd første gongen 2010)

Oppnemnde av Kulturdepartementet 12.2.2014–31.12.2017

Lodve Solholm, Ålesund (utnemnd første gongen 2014)

Brit Bildøen, Oslo (utnemnd første gongen 2014)

1. varamedlem: Hege Myklebust, Stord (utnemnd første gongen 2014)

2. varamedlem: Jens Helleland Ådnanes, Bergen (utnemnd første gongen 2014)

Oppnemnde av Kultur- og kyrkjedepartementet 1.1.2012–31.12.2015

Georg Arnestad, Sogndal (utnemnd første gongen 2008)

Sigrun Høgetveit Berg, Tromsø (utnemnd første gongen 2008)

Vald av rådet 1.1.2012–31.12.2015

Jon Østbø, Oslo (vald første gongen 2012)

Valde av rådet 1.1.2014–31.12.2015

Grete Riise, Bergen (vald første gongen 2010)

Varamedlem for rådsvalde styremedlemer: Karen Longva Buset, Ørsta (vald første gongen 2014)

Vald av dei tilsette 1.1.2014–31.12.2015

Stina Aasen Lødemel, Ørsta (vald første gongen 2014)

Varamedlem Ingrid I. Opedal, Volda (vald første gongen 2014)

1.3 Administrasjon

Nynorsk kultursentrum hadde arbeidsavtale med 82 medarbeidrarar, mot 67 året før. Då er tilsette i Språkåret 2013 rekna med.

Desse utførte 19,72 betalte årsverk mot 20,50 året før. Av dette stod dei fast tilsette for 16,10 årsverk, mot 13,50 året før. Frivillige utførte 0,40 årsverk, mot 0,20 året før.

Desse var fast tilsette eller i vikariat:

Ottar Grepstad, direktør

Geir S. Netland, dagleg leiar Hauge-senteret
Gautे Øvereng, dagleg leiar Aasen-tunet
Mona-Iren Auganæs, bibliotekar (omsorgspermisjon til 20.10.)

Jorid Lekve Eide, salssekretær (frå 1.11.)

Guro Kristin Grønbech, vikar formidlar (til 31.7.)

Stein Arnold Hevrøy, dokumentasjonsansvarleg (frå 1.10.)

Terje Hjartnes, administrasjonssekretær
Hauge-senteret (til 30.9.)

Milan Ilic, kafé- og kjøkkenleiar

Liv Astrid Skåre Langnes, formidlar (omsorgspermisjon til 30.8.)

Laila Walseth Lid, kommunikasjonsrådgivar
Guro Ljone, formidlar Hauge-senteret

Stina Aasen Lødemel, salssekretær 40 prosent

Sigbjørn Mork, driftsansvarleg

Karine Munch, vikar programansvarleg (til 31.7.)

Ingrid I. Opedal, tunvert

Anna Sunniva Sørbo, vikar bibliotekar (til 30.9.)

Anne Marta Vinsrygg Vadstein, vikar formidlar (til 31.7.)

Åshild Widerøe, programansvarleg (permisjon til 30.8.)

Anders Aanes, dokumentasjonsleiar

Oddny Nupen Aarflot, administrasjonssekretær

Jorid Lekve Eide var også tilsett som festivalprodusent 27.5.–31.10.

I gjennomsnitt arbeidde kvar fast tilsett 60 timer pluss- og overtid i 2014, mot 80 timer året før.

Desse 35 var tilsette i engasjementsstillingar og utførte 2,22 timeverk, mot 2,50 årsverk året før:

Anders Bakk

Eleonore Cappello

Danica Dordevic

Indre Duleviciute

Astrid Aakre Eikrem

Bente Lothe Eldholm

Johanne Espe

Eline Garras

Siri Beate Gjerde

Frode Halvorsen

Jorun A. Kornberg

Jonas Krøvel

Sunniva Morgane Leber

Emile Kornberg Lewe

Sølve Lia

Eivind Myklebust

Åsmund Hjorthol Opedal

Biljana Pandilovska

Simen Rotevatn

Sunniva Widerøe Rotevatn

Ingrid L. Saure

Erlend Steinnes

Mari Stephansen

Grunde A.G. Thorheim

Anna Elise Vadset

Guro Velle

Jannicke Velsvik

Yvonne S. Viken

Rune Wangen

Ingeborg Widerøe

Vebjørn Øvereng

Aslaug Marit Øyehaug

Tale B. Øyehaug

Åsne B. Øyehaug

Kristin Årøen

Desse 13 var engasjerte til elevfram-
syningane *Snakk om språk!*, *Mine språk, Luri-
var og kjærleiken*, *Oppdrag alfabet!* og *Bli kjend
med Ivar Aasen*:

Fredrik Brimsø

Aase Digernes

Runar Gudnason

Guro Kristin Grønbech

Maria Halseth
Olav Svarstad Haugland
Eirik Helleve
Karoline Isaksen
Silje Silden
Hans Magne Skard
Per Inge Torkelsen
Terje Torkildsen
Lars Tønnessen

Det samla engasjementet for desse utgjorde 1,00 årsverk, som året før.
94 frivillige utførte 0,40 årsverk, mot 0,20 av 40 frivillige som året før.

1.4 Språkåret 2013

Inger-Johanne Sæterbakk, prosjektleiar (til 2.8.2.)
Bente Lothe Eldholm, prosjektsekretær (til 28.2.)
Jannicke Velsvik, produsent (til 28.2.)
Desse utførte 0,36 årsverk.

1.5 Verneombod og internkontrollutval

Milan Ilic var verneombod med Guro Ljone vara. Direktør og verneombod hadde regelmessige møte gjennom året.

Eit internkontrollutval blei oppretta i 2013. Her møter direktør, verneombod og styremedlem vald av dei tilsette. Utvalet hadde to møte i 2014.

1.6 Rekneskap og revisjon

Rekneskapen blei ført av Voldaregnskap i Volda. Revisor var Hovden & Vatne Statsautoriserte Revisorar AS v/Arvid Hovden.

1.7 Stiftingar og aksjeselskap

Nynorsk kultursentrums eig aksjar for 100 000 kr i Allkunne AS.

1.8 Personalforvaltning

Nynorsk kultursentrums og Forskarforbundet har avtale om eit lokalt lønssystem som gjeld for alle tilsette, og som byggjer på alternativ B i museumsovereinskomsten i Virke.

Med verknad frå 1.11.2014 innførte vi særavtalen «Lokalt arbeidsreglement for Nynorsk kultursentrums» etter forhandling med Forskarforbundet.

Nynorsk kultursentrums har frå 2009 hatt signert samarbeidsavtale om eit meir inkluderande arbeidsliv med Arbeids- og velferdsetaten. På denne måten systematiserer vi arbeidet med å sikre eit godt arbeidsmiljø betre.

1.9 Råd og utval

I 2014 hadde vi i arbeid fagråd og utstillingsgruppe for Hauge-senteret, og programråd for Ulvik poesifestival, med til saman 17 ekssterne medlemer.

Fagrådet for Hauge-senteret 2011–2014 hadde desse medlemene: Geir S. Netland (leiar), Øystein Hide, Ole Karlsen, Audun Lindholm, Ingrid Nielsen, Aslaug Nyrnes og Randi Skeie.

Utstillingsgruppa for basisutstillinga i Hauge-senteret 2011–2014 hadde desse medlemene: Geir S. Netland (leiar), Guri Sørungsgård Boheim, Jorid Lekve Eide, Gunhild Hammeraas, Eirik Helleve, Arne Skjerven og Solveig Hellesnes Uppheim.

Programrådet for Ulvik poesifestival 2013–2017 hadde desse medlemene: Geir S. Netland (leiar), Brit Aksnes, Sindre Ekrheim, Ruth Lillegraven, Endre Ruset og Eirik Vassenden.

1.10 Medlemskapar

Nynorsk kultursentrums var medlem av desse 20 institusjonane og organisasjonane:

- Nynorsk Forum (frå 1997)
- BIBSYS (frå 2000)
- Norges Museumsforbund (frå 2000)
- Musea i Møre og Romsdal (frå 2000)
- Norsk Kulturhusnettverk (frå 2000)
- Ørsta reiselivslag (frå 2000)
- ICOM Norge (frå 2003)
- Landslaget for lokal- og privatarkiv (frå 2003)
- Norsk Bibliotekforening (frå 2004)
- Norsk kulturarv (frå 2004)
- Norske Festivaler (frå 2005)
- Destinasjon Ålesund & Sunnmøre (frå 2005)
- Virke (frå 2008)
- Norsk Barneblad (frå 2008)
- Litteraturnettverket (frå 2008)

- Virke-nettverk for reiseliv (frå 2011)
- Virke-nettverk for museumsdirektører (frå 2010)
- Hanen, nettverk for bygde- og gardsturisme (frå 2010)
- Festivalforum Søre Sunnmøre (frå 2014)
- NCE Tourism (frå 2014)

1.11 Verv og representasjon

Tilsette hadde verv og representasjonsoppgårer i 23 styre, råd og utval, mot 21 året før:

- Nynorsk Forum: Ottar Grepstad (leiar, 1997–)
- Forum for nynorsk i skulen: Ottar Grepstad (2005–)
- Norske Festivaler: Åshild Widerøe, medlem (2007–2013)
- Grimstad bys museer: Ottar Grepstad (styremedlem 2008–14)
- Språkrådet: Ottar Grepstad, styremedlem 2006–10, styreleiar 2010–14
- Musea i Møre og Romsdal: Gaute Øvereng, styremedlem (2011–)
- Ørsta Reiselivslag: Gaute Øvereng (vara-medlem 2011–)
- Fehn-forum: Gaute Øvereng (leiar, 2011–), Ottar Grepstad (2008–)
- Allkunne: Ottar Grepstad, hovudredaktør (2007–2014)
- Litteraturnettverket: Ottar Grepstad (leiar 23.008–2014), Gaute Øvereng, Anders Aanes, Geir S. Netland, Stein A. Hevrøy
- Interimstyre Jon Fosse-arkivet: Ottar Grepstad (2008–)
- Frukostforum i Volda: Ottar Grepstad, Gaute Øvereng (2009–)
- Norsk Barneblad: Gaute Øvereng (vara-medlem styret 2009–14)
- Norsk Barneblad: Audhild Gregorius-dotter Rotevatn (vararådsordførar 2009–12)
- Nynorskfylket.no: Ottar Grepstad (2012–)
- Styringsgruppe Nynorsk avissenter: Ottar Grepstad (2013–2014)
- Nettverk for nynorskforskning (2013–): Ottar Grepstad, observatør

- Fagråd for Forskingssenter for skriftkultur ved Høgskulen i Volda: Georg Arnestad (2013–15)
- Referansegruppe regional kulturplan for Hordaland fylkeskommune: Geir S. Netland (2013–14)
- Referansegruppe for historia om Norsk kulturråd: Ottar Grepstad (2013–2014)
- Styre i Ulvik næringslag: Geir S. Netland (2013–)
- Nasjonal komité for 200-årsjubileet for A.O. Vinje i 2018: Ottar Grepstad (2014–)
- Styringsgruppe Vinje-senteret 2014–15: Ottar Grepstad, Gaute Øvereng

1.12 Nynorsk Forum

Nynorsk Forum er eit samarbeidsorgan som i 2014 hadde 20 nasjonale, nynorske institusjonar, organisasjonar og bedrifter som medlemer. Forumet arbeider særleg med erfaringsutveksling, kompetanseutvikling og samordning av tiltak, ikkje minst prioriteringar i dei årlege statsbudsjetta.

Vi leidde også i 2014 arbeidet. Nynorsk Forum hadde tre møte og handsama i alt 27 saker, mot 22 året før. Utanom informasjonsutveksling og samordning var hovudsaka nynorskprioriteringar i statsbudsjettet.

1.13 Fehn-forum

Seks museum har byggverk skapte av Sverre Fehn. Desse ligg i Horten, Oslo, Hamar, Alvdal, Ørsta og Fjærland. Musea møtest til vanleg minst ein gong i året. Føremålet er å sikre erfaringsutveksling for førebyggjande tiltak, utvikle kompetanse, samarbeide om marknadsføring og eventuelt utvikle felles produkt.

Forumet hadde ingen møte i 2014.

1.14 Litteraturnettverket

I samsvar med avtale med ABM-utvikling etablerte Nynorsk kultursentrums 7.11.2008 Litteraturnettverket. Dette skal utvikle aktive og aktuelle samfunnsinstitusjonar som legg vekt på kritisk refleksjon og skapande innsikt, og som gjennom samarbeid styrker litteraturens plass i Noreg. Ved årsskiftet var

29 driftseiningar ved 14 litterære museum med.

Nettverket hadde to møte, i Oslo og Ulvik, og dreiv verksemda i samsvar med arbeidsplan 2011–2014. Medlemene vedtok samrøystes på samling hausten 2014 at nettverket skal halde fram.

Litteraturnettverket sette i 2014 i gang arbeid med forskings- og dokumentasjonsprosjektet *Museum som minnepolitiske aktørar* under leiing av oss.

1.15 Forskingssenter for skriftkultur

Forskingssenter for skriftkultur ved Høgskulen i Volda blei oppretta 1.1.2013. Nynorsk kultursentrum samarbeider systematisk med forskingssenteret, mellom anna om årleg fagdag for masterstudentane i nynorsk skriftkultur.

1.16 Nynorsksenteret

Nynorsksenteret – Nasjonalt senter for nynorsk i opplæringa – rettar seg først og fremst inn mot lærarar, Nynorsk kultursentrum mot elevane. Med åra har denne arbeidsdelinga kome under press gjennom oppdragsbreva frå Utdanningsdirektoratet til senteret.

I 2014 samarbeidde vi mellom anna om Nynorsk barnebokveke.

1.17 Andre samarbeidspartnarar

Nynorsk kultursentrum representerer ein komplett abm-institusjon som driv både arkiv, bibliotek, museum, festival og nettstad, og som har drive ulike nettverk like sidan 1997. Vi blei ei konsolidert eining alt i 2000 då vi tok over ansvaret for det som truleg er det eldste personmuseet i landet, Ivar Aasen-museet.

Nynorsk kultursentrum har mange ulike brukarar av våre tenester og vår kompetanse, og vi samarbeider på ulike måtar med svært mange institusjonar og miljø. Det kjem jamt fleire førespurnader utanfrå om samarbeid, råd og hjelp. Vi er ikkje i den situasjonen at vi må by oss fram, men tvert om i au-kande grad velje kritisk kva vi kan og bør

engasjere oss i av initiativ og førespurnader utanfrå.

Dei fleste tiltaka Nynorsk kultursentrum gjennomfører, involverer såleis ulike samarbeidspartnarar. Årleg har vi jamleg og målretta kontakt med godt over 60 institusjonar, organisasjonar og verksemder som er spreidde i mange fylke landet over. Vi er med i både lokale, regionale, nasjonale og internasjonale nettverk.

Denne utoverretta verksemda kravde svært mykje arbeids- og reisetid i 2013.

1.18 Planar som styringsreiskap

Nynorsk kultursentrum har utvikla og reviderer regelmessig desse ti langtidsplanane som styringsdokument for verksemda (siste vedtak i parentes):

- Visjon og strategi (2013)
- Sikring og bevaring (2013)
- Samling og dokumentasjon (2014)
- Utstilling og formidling (2013)
- Digitale tenester (2014)
- Dei nynorske festspela (2013)
- Kulturprogram (første gong 2009)
- Kommunikasjon (2013)
- Butikk (2012)
- Kafé (2014)

Alle planane blir drøfta og godkjende av styret, dei fleste med tre års mellomrom.

2 Felles

For avdelinga Felles minka driftsinntektene med 4 prosent frå 2 848 000 i 2013 til 2 737 000 i 2014. Med finansinntekter gav drifta eit overskot på 110 000, mot 179 000 året før.

Dei viktigaste resultata i 2014 var at Stortinget vedtok Grunnlova på nynorsk, ei utgreiing om vidare drift av språksamlingar og ordbokarbeid i Noreg, og vidare dokumentasjon av Ivar Aasens liv og verk.

2.1 Mål og strategi

Avdelinga har vore i drift frå 1.1.2011 med direktøren som leiar og dekkjer museumsfaglege og driftsfaglege fellesfunksjonar. Avdelinga leier arbeidet med samfunnsrolla til Nynorsk kultursentrum.

Avdelinga skal sikre ein slitesterk og personuavhengig organisasjon med kort veg til overordna og avgjerder, og godt handlingsrom for sjølvstendig arbeid.

Fellesavdelinga førebur alle møte i styre og råd, samordnar verksemda i driftsavdelingane, arbeider særleg med strategi og organisering, utvikling av nye tiltak og leier det språkpolitiske arbeidet i institusjonen.

2.2 Bygningar og uteområde

Ansvaret for å forvalte bygningar og uteområde ligg til dei ulike driftsavdelingane.

2.3 Forankring

Fellesavdelinga gir den nasjonale og internasjonale forankringa av verksemda i Nynorsk kultursentrum.

2.4 Organisering

Fellesavdelinga hadde ved utgangen av året ein fast tilsett, direktøren. I tillegg er 25 prosent av stillingane administrasjonssekretær og kommunikasjonsrådgivar knytt til denne funksjonen.

Direktøren oppretta hausten 2011 ei leiargruppe der dei to daglege leiarane også er med. Frå hausten 2014 blei det også innført utvida leiarnøte med dagleg leiar i Allkunne og kommunikasjonsrådgivaren.

Fellesavdelinga brukte i 2014 mykje tid på avslutning og avvikling av prosjektorganisasjonen Språkåret.

2.5 Innhold

Etter drøfting i råd og styre sende vi innspel til arbeidet med ny språklov. Rådsordførar og styreleiar signerte eit felles brev til kontroll- og konstitusjonskomiteen om Grunnlova på nynorsk og bokmål.

Vi følgde nøyne utviklinga i arbeidet med å sikre framtida for Norsk Ordbok og språk-

samlingane ved Universitetet i Oslo. I oktober tok vi initiativ til ei ordbokgruppe som etter kvart samla representantar frå eit forlag og fire universitet og høgskular. Få veker seinare la Nynorsk kultursentrum på eige initiativ fram ei utgreiing med forslag til ei varig løysing i form av eit nasjonalt fellesføretak etter universitets- og høgskulelova.

Sentrale kulturfaglege bidrag i 2014 var bøkene *Historia om Ivar Aasen* (ny utgåve), *Bibliografi over Ivar Aasens publiserte skrifter* (3. utgåva) og *Bibliografi over skrifter om Ivar Aasen*.

Nynorsk kultursentrum gav fire høyingsfråsegner – om tilskotsordning for vekeavisar, Norsk kulturråd, NRK-plakaten og regional kulturplan for Hordaland 2015–2025. Desse var alle saman handsama i styret.

2.6 Årets nynorskbrukar

Prisen «Årets nynorskbrukar» blei i 2014 delt ut for 15. gong. Prisen gjekk til artistane *Aasmund Nordstoga og Odd Nordstoga* for konsekvent og stilsikker bruk av dialektfarga nynorsk i mange former for songlyrikk, frå klassikarar til nyskrivne verk som raskt har kome på folkemunne.

Prisen var på 100 000, diplom og eit grafisk blad av Arne Nøst og blei overrekt av styreleiar Lodve Solholm under opningshøgtida for Dei nynorske festspela 26.6.

3 Ivar Aasen-tunet


Driftsinntektene til Aasen-tunet minka med 17 prosent frå 17 359 000 i 2013 til 14 852 000 i 2014. Drifta gav eit overskot på 863 000, mot 686 000 året før.

Dei viktigaste resultata var vellykka festspel både i innhald og kroner, ein ny produksjon for Den kulturelle skulesekken, store marknadsinntekter og meir medieomtale enn tilsvarande museum og arrangement. Aasen-tunet utvida det museumsfaglege tilbodet med meir om språk frå heile

verda og sende ut skulesekkturnear til alle dei fire vestlandsfylka.

Aasen-tunet hadde 24 133 gjester, mot 29 966 året før. Festspela hadde 6081 gjester, kulturprogrammet samla 2432 gjester, utstillingane 5238 og uteigearrangement utanom festivalen 1960 gjester, medan 8422 gjesta framsyningar på skulesekkturnear (figur 5).

Figur 5. Gjesteprofil Aasen-tunet 2010-2014
Absolutte tal



3.1 Mål og strategi

Ivar Aasen-tunet er eit nasjonalt dokumentasjons- og opplevelingscenter for nynorsk skriftkultur. Dette er det eldste språkmuseet i verda og det einaste språkmuseet i Norden. Rekna i tal tilsette er Aasen-tunet det største litterære museet i landet.

Aasen-tunet er både arkiv, bibliotek og museum, produserer utstillingar og utviklar eit breitt kulturprogram, driv Dei nynorske festspela og fleire nettstader, har kafé og butikk som ein svært viktig del av publikumstilbodet, som også femner om mange andre tenester.

Dokumentasjonssenteret har to hovudoppgåver: ta vare på relevant dokumentasjon for ettertida, og aktivisere slik dokumentasjon i kulturskapande verksemld. Dette dokumentasjonssenteret har eit digitalt tyngdepunkt i Aasentunet.no.

Aasen-tunet ønskjer å bli oppfatta som ein uunnverleg formidlar av nynorsk identitet og sjølvstilling.

3.2 Bygningars og uteområde

Nynorsk kultursentrums eig fem bygningars og eit 30 mål stort uteområde i Aasen-tunet.

Dette kulturlandskapet er sterkt knytt til den nynorske kulturhistoria og byd på ein autentisitet som gjer sterkt inntrykk på mange.

Hovudbygningen frå 2000 i Aasen-tunet er heidra med A. C. Houens fonds diplom for framifrå byggjekunst. Dette er ein av dei vakraste og mest særmerkte bygningane i landet, med krevjande tekniske anlegg. Jamleg vedlikehald og dagleg tilsyn blei prioritert høgt også i 2014, der vi særleg gjennomførte støydempande tiltak for å dempe støyen i resepsjon og kafé.

Sekretariatet i Språkåret 2013 flytta ut av Galleriet i februar 2014. Bygningen blei gjord i stand til møterom for utelege i tillegg til å vere utstillingslokale.

Stabburet er den eldste bygningen vår. I 2014 blei huset for første gong opna for publikum etter nødvendig utbetring av golvet.

3.3 Forankring

Både Volda og Ørsta er vertskommunar, og vi har heile tida lagt stor vekt på nær kontakt med desse. Aasen-tunet samarbeider både med kommunar, skular og næringsliv i begge vertskommunane, og det er tydeleg at mange ser på Aasen-tunet som ein viktig institusjon.

Nasjonalt har verksemda i Aasen-tunet vunne tillit og respekt, og Aasen-tunet er blitt ein nasjonal institusjon. Institusjonen er blitt ein stad å vende seg til med fagspørsmål, lån av utstillingar, erfaringsutveksling og språk- og litteraturpolitisk dokumentasjon.

Aasen-tunet blei i 2014 med i den nyoppretta Festivalforum Søre Sunnmøre som arrangør av Dei nynorske festspela. Hausten 2014 var det også eit eige kontaktmøte med fylkeskommunen med Dei nynorske festspela som tema.

3.4 Organisering

Aasen-tunet hadde ved utgangen av 2014 ellevte fast tilsette i 10,4 stillingar – dagleg leiar, fire kulturfaglege og seks driftsfaglege medarbeidrarar.

3.5 Innhold og drift

Verksemda er utdjeta i kap. 8–18.

4 Olav H. Hauge-senteret

Hauge-senteret auka driftsinntektene med 58 prosent frå 3 278 000 i 2013 til 5 180 000 i 2014. Drifta gav eit ordinært overskot på 320 000, mot 407 000 året før. Resultatet blei eit underskot på 54 000 etter at 374 000 til basisutstillinga var kostnadsført.


Opninga av senteret blei utsett med fire månader frå mai til september. Trass i at vi mista sommarsesongen og måtte løyse fleire oppgåver enn føresett i utbetring av leigde lokale i heradshuset, gav drifta eit svært godt resultat.

Dei viktigaste resultata var full ordinær drift frå og med opningsdagen 4.9., ei komplett basisutstilling om Olav H. Hauge og lyrikk i mange former, og vellykka poesifestival i innhald og kroner.

Hauge-senteret hadde 5546 gjester, mot 777 året før. Poesifestivalen hadde 3890 gjester, kulturprogrammet samla 388 gjester og uteigearrangement utanom festivalen 35, medan 1233 gjesta utstillingane utanom festivaldagane (figur 6).

Hauge-senteret hadde tre råd og utval med 17 eksterne medlemer som gjennomførte seks møte i 2014.

Figur 6. Gjesteprofil Hauge-senteret 2011–2014
Absolutte tal



4.1 Mål og strategi

Hauge-senteret er eit dokumentasjons- og formidlingscenter for Olav H. Hauge sitt liv

og verk, og eit senter for lyrikk i alle former. Nynorsk kultursentrums har med dette etablert det einaste senteret for denne litterære sjangeren i Noreg. Eit langsiktig mål er å gjere haugesenteret.no til den viktigaste nettstaden for lyrikk.

Hauge-senteret opna offisielt 4.9. i det gamle heradshuset i Ulvik med basisutstilling om Olav H. Hauge og lyrikk i mange former på tvers av språkgrenser, og museumsbutikk. Der er også resepsjon og kontor, arkiv og gjenstandsmagasin. Hauge-senteret forvaltar boksamlinga etter Olav H. Hauge i samsvar med avtale med Olav H. Hauge-stiftinga. Hauge-senteret tilbyr også ulike formidlingstilbod til skuleelevar og grupper og gjennomfører kulturarrangement.

Ei sentral oppgåve for senteret er å dokumentere og formidle Hauges liv og verk, mellom anna ved å samle og organisere tekstar av og om Hauge og å gjere desse tilgjengelige for allmenta og for vitskapen. Hauge-senteret skal også gjere lyrikk tilgjengeleg for eit nytt publikum og gi eit variert og godt tilbod til dei lyrikkinteresserte.

I opningshelga i september arrangerte Hauge-senteret Ulvik poesifestival for første gong etter overtaginga frå Ulvik herad. Festivalen hadde 3890 gjester og fekk god omtale frå utøvarar, publikum og i media. Poesifestivalen styrker Hauge-senteret sin faglege posisjon og gir ei breiare kontaktflate mot publikum.

4.2 Bygning og uteområde

Hauge-senteret leiger delar av det gamle heradshuset på Brakanes frå Ulvik herad og betaler husleige i samsvar med leigeavtale som vi blei samde med Ulvik herad om hausten 2014.

Senteret disponerer 287 m² i huset. 145 m² blir nytta til utstillingar og anna formidling, medan resten går med til butikk, resepsjon, kontor, arkiv og lager.

I tillegg deler Hauge-senteret eit fellesareal på 190 m² med andre leigetakrarar, medrekna heradsstyresalen som vi bruker til møte og arrangement.

Vi investerte 466 000 i bygningstekniske endringar for basisutstillinga. Ein vesentleg del av dette var ferdigstilling av den ombygginga som kommunen stod for 2009–2010. Dessutan investerte vi 264 000 i utbetring og ombygging av resepsjon og butikk.

4.3 Forankring

Hauge-senteret har god kontakt og godt samarbeid med Ulvik herad. Satsinga frå heradet på oppbygging av senteret og årlege løyvingar til drifta og poesifestivalen er nødvendige føresetnader for drift og vidare utvikling. Det er også etablert samarbeid med Hordaland fylkeskommune, og Hauge-senteret blir no behandla som museum på lik linje med andre konsoliderte museumsinstitusjonar i fylket.

I tillegg samarbeider vi med Venelaget Olav H. Hauge og Olav H. Hauge-stiftinga, som begge har gjort eit verdfullt arbeid med å vinne tilslutning og leggje til rette for realisering av ideen om Hauge-senteret.

Vi gjorde i 2013 ein samarbeidsavtale med Hardanger og Voss museum om prisen Diktartavla. Hauge-senteret kårar kvart år ein vinnar i samråd med dagleg leiar ved Hardanger folkemuseum. Prisen er ei steinhelle med innskrift som blir lagd ned på Diktarstien i Utne.

4.4 Organisering

Hauge-senteret hadde ved utgangen av året dei fire faste planlagde stillingane på plass – dagleg leiar, formidlar, salssekretær og dokumentasjonsansvarleg.

Den utstillingsgruppa styret oppnemnde i 2011, hadde tre møte og avslutta arbeidet sitt etter at basisutstillinga var opna. Eit fagråd som styret oppnemnde for tidsrommet 2011–2014, hadde eitt møte. Styret oppnemnde i 2013 eit programråd for Ulvik poesifestival 2014–2017 som hadde to møte i 2014.

4.5 Innhold og drift

Verksemda er utdjupa i kap. 8–18.

5 Vinjefondet

Vinjefondet fekk i 2014 566 650 kroner i tilskot frå Kulturdepartementet og brukte i alt 318 000.

Styret i Nynorsk kultursentrum løyvde 300 000 til eitt prosjekt, mot 525 000 til to prosjekt året før.

Av samla kostnader utgjorde administrasjonskostnadene 18 000, eller 6 prosent.

5.1 Mål og retningslinjer

Vinjefondet skal styrke nynorsk journalistikk og anna publisistisk verksemd på nynorsk, og medverke til større rekruttering av nynorskbrukande journalistar.

Fondet skal gjere det lettare å vere nynorskbrukar, vere med og gjere nynorsk til eit sjølvsagt språk i alle typar media, og stimulere utgivarar og redaktørar til å engasjere og tilsetje fleire nynorskbrukarar i ulike media.

Dei retningslinjene som har vore gjeldande frå 1.1.2010, blei reviderte i 2014 og godkjende av Kulturdepartementet i brev 31.3.2014.

5.2 Organisering

Styret i Nynorsk kultursentrum svarar for bruken av midlane.

5.3 Tildelingar

Med etterhald om budsjettvedtak i Stortinget hadde styret i 2012 løyvt 300 000 til Nynorsk avissenter i 2014.

Endringa av vedtekten innebar at det ikkje blei lyst ut nye midlar i 2014. Ubrukte midlar på 249 000 kroner blei difor overførte til 2015.

5.4 Samla tildelingar 2010–2014

Frå og med 2010 har Vinjefondet no løyvt 2 670 000 til ni prosjekt.

Det tiltaket som har fått mest midlar, er Nynorsk avissenter i Førde. For 2015 fekk denne institusjonen ordinært driftstilskot frå Kulturdepartementet.

6 Allkunne AS

Allkunne publiserte nær 2500 nye artiklar i 2014, la grunnlaget for å ta over endå eit leksikon og fekk 22 prosent fleire følgjarar i sosiale medium.

6.1 Fagleg arbeid

Ved utgangen av året hadde Allkunne publisert 14 171 artiklar, mot 11 738 ved utgangen av 2013. 2898 artiklar var originalskrivne for Allkunne, medan 11 575 var omsette frå Caplex, mot 1874 og 9914 året før.

NRK Sogn og Fjordane tok i 2014 initiativ til å overføre Fylkesleksikon for Sogn og Fjordane til Allkunne. Avtale om dette blei signert, og leksikonet blir publisert komplett vinteren 2015.

Talet på unike brukarar auka med 14 prosent frå 85 879 i 2013 til 98 035 i 2014.

Allkunne hadde ved utgangen av året 2102 likarar på Facebook og 1875 følgjarar på Twitter, mot 1844 og 1617 året i 2013.

6.2 Økonomi

Driftsinntektene var på 2 481 100, mot 2 379 000 året før. Drifta gav eit overskot på 21 000, mot 45 000 året før. Ubrukte midlar på 364 000 kroner frå tidlegare år blei overførte til 2015.

Honorar til forfattarar, fagkonsulentar, omsetjarar, språkrettarar og redaksjon utgjorde 623 000, mot 819 000 året før.

6.3 Organisering

Allkunne AS er eit heileigd datterselskap i Nynorsk kultursentrums. Styret i Allkunne AS fell på personnivå saman med styret i Nynorsk kultursentrums.

Allkunne hadde to tilsette: dagleg leiari Audhild Gregoriusdotter Rotevatn og redaksjonssekretær Stina Aasen Lødemel (60 prosent).

I redaksjonen sat Ottar Grepstad (hovudredaktør, til 31.3.), historikar Silje de Amoroza, frilansjournalist og realvitar Kjers-tin Gjengedal, lektor Vibeke Lauritsen og førsteamanuensis Svein Tuastad.

Redaksjonen arbeidde særleg med redaksjonell utvikling, vurdering av manuskript, innhaltsutvikling og strategiske prioriteringar.

7 Språkåret 2013

Språkåret var året som ikkje skulle slutte, og det heldt fram i 2014. Meir enn 25 prosjekt blei ført vidare, og Nynorsk kultursentrums har teke på seg ansvaret for den første oppfølginga. I 2014 blei dei siste midlane frå prosjektet disponerte og prosjektet avvikla.

7.1 Avvikling prosjektorganisasjon

Prosjektorganisasjonen blei avvikla per 28.2.2014 i samsvar med den prosjektplanen styret i Nynorsk kultursentrums vedtok i januar 2012.

7.2 Bruk av restmidlar 2014

Ved inngangen til 2014 stod det att 1 041 000 kroner i ubrukte midlar. Då prosjektorganisasjonen var avvikla 28.2.2014, stod det att 525 730.

I samråd med Kulturdepartementet sette dette oss i stand til å løyve midlar til sju oppfølgingsprosjekt i 2014. Desse dekte heile språkspekteret:

- Bokmål i samfunnet
- Ordkalibratoren – bokmål
- Digital kunnskapsquiz på nynorsk
- Nynorske scener
- Kvensk språkbad for barn og unge
- Mobil-app for barnebok på tre samiske språk
- Globalt nettverk for språkmuseum

7.1 Årsrapport 2011–2014

Språkåret 2013 er grundig dokumentert i rapporten *Så lenge der er språk, kjem det år*, prenta i 200 eksemplar og publisert på Aasentunet.no 23.4.2014.

8 Samlingar, dokumentasjon og forsking


Samlingane våre inneholdt 64 540 gjenstandar ved utgangen av 2014, mot 57 459 året før – då var Hauge-senteret ikkje rekna med (figur 7). Av dette var 57 996 gjenstandar i Aasen-tunet og 6544 i Hauge-senteret. Sammen inneheld eit stipulert tal for digitale foto.

38 prosent av samlingane var tilfredsstilande registrerte, mot 32 prosent året før.

Ein verdfull tilvekst i 2014 var alle originalbreva frå brevvekslinga mellom Bodil Cappelen og Olav H. Hauge 1970–1975, gitt av Bodil Cappelen. I 2014 blei også boksamlinga etter Olav H. Hauge pakka ut og ordna.

Vi sette i gang tre nye forskings- og dokumentasjonsprosjekt i 2014 og hadde dermed 23 prosjekt i arbeid med tilknyting til samlingane våre. Fleire av desse resulterte i større publikasjonar i 2014.

Figur 7. Gjenstandar og registrering 2010–2014
Absolutte tal



8.1 Samlingsforvaltning

Omgrepet *gjenstandar* er brukt om tilvekst av trykte skrifter, arkivmateriale, audiovisuelle medium, tradisjonelle gjenstandar, kunsthistoriske gjenstandar og fotografi.

Samlingane av kulturhistoriske og kunsthistoriske gjenstandar er handterlege. Vi har store mengder digitale foto, og det står att å avklare kor mange av desse som skal takast inn i samlingane. Difor bruker vi no stipulerte tal for denne delen av samlingane.

Bruksfoto for marknadsføring er ikkje rekna med.

Samlinga av kulturhistoriske gjenstandar auka netto med 234 gjenstandar, mot 312 året før. 240 trykte skrifter og 4 av-medium utgjorde tilveksten, medan vi kasserte 10 bøker.

Biblioteket i Aasen-tunet kjøpte i 2014 inn 110 trykte skrifter, cd-ar, dvd-ar og abonnerte på 58 tidsskrift og årbøker. Frå bibliotek, privatpersonar, forlag, institusjonar og organisasjonar fekk vi 134 trykte skrifter i gave. I tillegg blei om lag 60 titlar frå gaver frå tidlegare år registrerte i BIBSYS i 2014.

Biblioteket hadde 582 utlån i 2014 mot 505 året før. Samlingane våre blei brukte både av tilsette og eksterne brukarar som kom til biblioteket, og i tillegg lånte vi ut og sende kopiar til andre bibliotek.

Bibliotekdelen av samlingane er blitt registrert i BIBSYS-basen sidan 2001. Med 300 nye titlar som blei katalogiserte, hadde vi i alt 18 087 titlar i BIBSYS per 31.12.2014. Boksamlinga etter Olav H. Hauge utgjer 6237 skrifter som er katalogiserte i Micromarc.

Tradisjonelle gjenstandar blir registrerte i dataprogrammet Primus. No er kjernen i Aasen-samlinga registrert, men det står att å registrere samtidsdokumentasjon samla inn i åra 2000–2014 og Hauge-samlinga. Arbeidet med å ordne historisk arkiv og anna arkivmateriale tek til i 2015.

Av plassgrunnar fører vi ein svært restriktiv tilvekstpolitikk for større bokgåver og arkivmateriale.

To mindre arkiv kom til Aasen-tunet i 2014 som gavt frå Ottar Grepstad: bakgrunnsmateriale til boka *Avisene som utvida Noreg* (2010), og ei kronologisk ordna samling av artiklar og notat om Ivar Aasen frå arbeidet med *Historia om Ivar Aasen* (2013).

Til opninga i 2014 fekk Hauge-senteret 134 brev og postkort som er heile brevvekslinga mellom Bodil Cappelen og Olav H. Hauge 1970–1975. Bodil Cappelen gav dei til Hauge-senteret i 2011 via Ulvik herad som tok godt vare på dokumenta fram til 2014.

Alle samlingane, både dei vi eig og dei som er deponerte hos oss, er dokumenterte i *Samlings.- og bevaringsplan nr. 4 2015-2018*.

8.2 Samlingar i Ivar Aasen-tunet

Utanom den tilveksten som er nemnd ovanfor, var dette dei prioriterte samlingane i Aasen-tunet ved utgangen av 2014:

Ivar Aasen-samlinga: 229 registrerte gjenstandar og om lag 2400 bøker og skrifter. Denne har vore deponert av eigaren Sunnmøre Museum. Styret i Sunnmøre Museum vedtok i møte 27.1.2014 å overføre «eigendomsretten til gjenstandssamlinga frå Ivar Aasen-museet og boksamlinga etter Ivar Aasen, til Nynorsk kultursentrum. Med overføringa følgjer dei pliktene som står i avtalen frå 1941.»

Reidar Djupedal-samlinga: Samlinga på 34 500 band inneholdt bøker, særprent, småtrykk og periodika frå ulike fagområde, mest språk- og litteraturvitenskap, på minst 15 ulike språk. I tillegg kjem 22 kartongar med aviser, blad og avisklipp.

Sivert Aarflot-arkivet: Over 2000 originaldokument i 43 arkivboksar, deponert av Sivert Aarflot-museet.

Delar av *Norsk boksamling* (Anton Aure-samlinga: om lag 5000 band med bøker og skrifter utgitt 1936–1979 (Aure-samlinga del II), og 2200 årgangar av 147 ulike aviser, blad og tidsskrift frå perioden 1877–1972. Samlinga er deponert av Det Norske Samlaget.

Arkiv for norsk målreising (Peder Hovdans arkiv): 153 arkivboksar med avisklipp og noko anna materiale i ganske ordna former, og ein stor og svært innhaldsrik handskriven protokoll som gjennom 50 år dokumenterer bruken av nynorsk i kommunar, skulekrinsar og kyrkjesokn fram til om lag 1950. Arkivet er deponert av Det Norske Samlaget.

Noregs Mållags avisklipparkiv 1983–2005: 155 kassettar og permar.

Jon Fosse-arkivet: 20 øskjer grovsortert materiale frå og med 1979. Arkivet er deponert av Jon Fosse og blir supplert over tid.

Artikkellarkivet: Den systematiske tilveksten i dette arkivet blei avvikla frå og med

1.1.2010, men relevante dokument vi kjem over, blir lagde til.

8.3 Samlingar i Olav H. Hauge-senteret

Utanom den tilveksten som er nemnd ovanfor, var dette dei prioriterte samlingane i Hauge-senteret ved utgangen av 2014:

Olav H. Hauges boksamling: 6237 bøker og tidsskrift. Samlinga er registrert i Micromarc av Ulvik folkeboksamling og deponert av eigaren Olav H. Hauge-stiftinga. Med hjelp frå Ulvik folkebibliotek gjekk vi gjennom heile samlinga på ny i Micromarc då bøkene blei overførte til Hauge-senteret. Bøkene som blir viste i basisutstillinga, er sette opp mest mogleg slik dei stod hos Olav H. Hauge kring 1990.

Hauge-materiale: Sidan opninga i 2011 har Hauge-senteret fått inn ein del Hauge-relatert materiale, til dømes bøker, notatbøker, fotografi og kopiar av brev skrivne av Hauge. Arbeidet med å registrere dette blei sett i gang i 2013.

Foto: Vi skaffa ein god del fotografisk materiale i 2012. Bodil Cappelen har gitt store delar av si private fotosamling til Hauge-senteret, og til no er 105 av desse bileta digitaliserte. Mesteparten er fotografi frå 1970- og 80-åra som ikkje har vore offentleggjorde før. I tillegg har vi fått ein heil del originalar av tidlegare publiserte bilete.

8.4 Kunstsamling

Nynorsk kultursentrum byggjer år for år varsamt opp ei kunstsamling. I 2014 kjøpte vi to kunstverk.

8.5 Sikring og bevaring

Arbeidet blei følt opp på grunnlag av *Sikrings- og bevaringsplan nr. 4 2013–2015*. Prioriterte sikrings- og bevaringstiltak blei gjennomførte.

8.6 Dokumentasjon og forsking

Nynorsk kultursentrum arbeidde i 2014 med 23 eigne dokumentasjons- og forskingstiltak, tre fleire enn året før.

Grunnlaget for arbeidet var *Samlings- og dokumentasjonsplan nr. 3 2012–2014*, vedteken

i styret i 2012. Styret godkjende 12.12.2014 *Samlings- og dokumentasjonsplan nr. 4 2015–2018* med eit klart mål om å prioritere registrering og katalogisering i planperioden.

Eit anna haldepunkt er *masterstudiet i nynorsk skriftkultur* ved Forskingssenter for skriftkultur, Høgskulen i Volda. Studiet blei oppretta hausten 2002. Frå og med 2012 arrangerer vi fagdag for masterstudentane.

Desse større og mindre prosjekta var i arbeid:

Lista yver Ivar Aasen-boksamlingi (frå 1946): Denne lista blei laga av fakultetsbibliotekar Kaare Haukaas. Lista er digitalisert og klar for publisering.

Språkfakta (frå 1998): Denne dokumentasjonen av Ottar Grepstad er truleg den mest omfattande og pålitelege statistiske dokumentasjonen av ein skriftkultur som nokon gong er blitt laga. Arbeidet har resultert i publikasjonane *Språkfakta Sogn og Fjordane 1616–2012* (2012), *Språkfakta 2010* (e-bok 2010), *Nynorsk faktabok 1998* og *Nynorsk faktabok 2005*, dessutan «Lommefakta om språk» i *Ivar Aasen-almanakken 2010–11*. Dokumentasjonen femner om alt språk i Noreg og ein del språk i Norden, Europa og andre verdsdelar. Noko forarbeid til neste utgåve *Språkfakta 2015* blei utført i 2014.

Litteratur (frå 2001) er den mest omfattande dokumentasjonen på Internett av tekstar på nynorsk og dialekt frå fleire hundreår. Eit delprosjekt er i arbeid med mål om å gjere fleire litterære samtidstekstar tilgjengelege. Om lag 30 forfattarar eller etterkomarane deira blir spurde om løyve til å publisere utvalde tekstar og tekstdutdrag.

Nynorske dikt og songar (frå 2001): Arbeidet med å samle inn diktarane sine siste versjon av klassiske dikt og songar heldt fram og blir no etter kvart publiserte på nettstaden. For songane sin del tek vi også med tilrådd versjon i moderne rettskriving.

Artikelarkivet (frå 2001). Dette arkivet inneholder avis- og medieklipp på papir, mest om enkeltpersonar, men også noko om institusjonar og hendingar. Frå og med 1.1.2011 blir arkivet ikkje bygt systematisk ut vidare, men får tilfeldig tilvekst. Dette har frigjort

arbeidstid, men også gjort det vanskelegare å halde aktualitetshylla i basisutstillinga å jour og kan påverke arbeidet med nye tema-utstillingar.

Ivar Aasen-bibliografi (frå 2002): Dennn blir utvikla i tre delar. I 2013 kom *Bibliografi over Ivar Aasens publiserte skrifter*, utgitt i 2. utgåva 2014. I 2014 kom *Bibliografi over skrifter om Ivar Aasen*. Då kom også arbeidet i gang med *Bibliografi over brev og manuskript etter Ivar Aasen*, som etter planen blir publisert i 2015.

Det nynorske Noregskartet (frå 2002): Ein geografisk-kronologisk database som syner korleis nynorsken blei teken i bruk på ulike område. Arbeidet held fram og er integrert i arbeidet med *Språkfakta*.

Versjonar, variantar og tradering av "Nordmannen" (frå 2002): I dette prosjektet gjer vi greie for historia om denne mykle brukte allsongen, m. a. med grunnlag i originalkjelder som finst berre i Aasen-tunet. Delar av materialet blei brukt i *Historia om Ivar Aasen* (2013).

Historia om Ivar Aasen-museet (frå 2003): Vidare dokumentasjon blei samla inn også i 2014.

Digitalisering av Fedraheimen (frå 2005): I samarbeid med Norsk Ordbok 2014 publiserer dei 14 årgangane av Fedraheimen 1877–1891 i latinsk fulltekst på Internett. Noko liknande har ikkje vore gjort med norske aviser tidlegare. Den samla tekstmengda er på om lag 25 millionar teikn, fordelt på meir enn 8000 artiklar. Ved utgangen av 2014 var årgangane 1877–1886 ferdig publiserte.

A world of languages and written culture (frå 2008): Etter forarbeid i 2008–2009 blei ein omfattande dokumentasjon av museum for språk og skriftkultur verda rundt teke opp att i 2014. Resultatet blir publisert vinteren 2015.

Historia om Ivar Aasen (frå 2009): Gjennom årlege foredrag under Dei nynorske festspela 2009–13 la vi fram ny kunnskap om og fleire perspektiv på Ivar Aasens liv og verk. Desse foredraaga var ein del av grunnlaget

for biografien *Historia om Ivar Aasen* som Ottar Grepstad gav ut i 2013. Boka kom i ny og utvida utgåve i 2014.

Olav H. Hauge-relatert materiale (frå 2010): Forprosjektleiar Guro Ljone fullførte i 2011 ein omfattande dokumentasjon av *Olav H. Hauge-relatert materiale* som blir oppdatert jamleg og vere til stor nytte i det vidare arbeidet.

Digitalisering av avisårgangar (frå 2011): I samarbeid med Senter for Digitalisering av Kulturven i Ålesund skanna vi i 2011 svært mykke avismateriale – alle årgangane av *Fedraheimen* 1877–91, dessutan årgangar av *Nynorsk Vekeblad*, *Dølen*, *Den 17de Mai*, *Nordmannen*, *Vestmannen* og *For Bygd og By*. Det blir arbeidd med å få publisert dette materialelet på Aasentunet.no i 2015.

Språksansen. Store og små historier dag for dag om all verdas språk (frå 2011): Historier om hendingar i og med språk blir knyttte til kvar einaste dag gjennom året. Stoffet blei i 2013 publisert i ei førebels utgåve som dag-for-dag-oppslag på Språkåret.no og som bok i utvida form – *Språksansen. Kalender for all verdas språk*. I 2014 publiserte Allkunne.no framstillinga dag for dag, og stoffet blir oppdatert årleg.

Brev til Ivar Aasen (frå 2011): 209 brev skrivne til Ivar Aasen er transkriberte. Dette er noko under halvparten av alle breva til Ivar Aasen som ligg i Nasjonalbiblioteket. Ved utgangen av 2014 var 173 av desse puliserte på Aasentunet.no.

Ivar Aasens bøker (frå 2012): I mai 2012 skanna vi eit utval bøker frå Ivar Aasen-boksamlinga. Nokre av desse er tilgjengelege i den digitale stasjonen «Skrivebordet» i basisutstillinga frå 2013.

Hauge-arkivalia (frå 2012): Hauge-senteret arbeider systematisk med å få oversyn over arkivmateriale ved andre institusjonar, særleg det som ligg i Spesialsamlingane ved Universitetsbiblioteket i Bergen. I 2012 digitaliserte vi nær 1600 sider frå kladdebøker og manusbunkar frå dette materialet. Her finst tidlege versjonar av kjende dikt, upub-

liserte dikt, notatar og kladdar. Kladdebøkene er til hjelp i datering av enkeltdikt. Dokumenta er frå 1920-talet fram til 1980-talet.

Hauge-bibliografi (frå 2012): Arbeidet med denne tok til i 2012. Vi arbeider i første omgang systematisk med oversyn over alle Hauge-dikt som blei publiserte i periodika før 1946, både eigne dikt og gjendiktingar.

Nynorsk litteraturhistorie (frå 2014): Behovet for eit slikt verk omtalte vi for første gong i årstale nr. 9 i 2009. Arbeidet blei teke opp att i 2013 og i meir utvida form i 2014. Ein første publikasjon med stoff til ei slik framstilling blir publisert vinteren 2015 (sjå nedanfor).

Skjønnlitterære debutantar på nynorsk og dialekt (frå 2014): Ein første dokumentasjon i enkelt format blei publisert i *Nynorsk faktabok* 2005. I 2014 blei arbeidet teke oppatt med mål om ein mest mogleg komplett bibliografi 1843–2014. Denne blir publisert vinteren 2015.

Museum som minnepolitiske aktørar (frå 2014): Som leiar i Litteraturnettveret tok vi i 2014 initiativet til eit felles dokumentasjons- og forskingsprosjekt for litterære museum med førsteamannensis Olaf Aagedal som fagleg mentor. Prosjektet er planlagt for tre år, og ekstern finansiering blir avklara i 2015.

9 Utstillingar og formidling

I 2014 hadde vi 7447 utstillingsgjester, mot 6392 året før. 5928 personar gjesta utstillingane i Aasen-tunet, mot 6175 året før. Hauge-senteret hadde 1519 utstillingsgjester, mot 217 året før.

Aasen-tunet laga éi ny temautstilling i 2014: *Makta i språket. Ei utstilling om språk, makt og demokrati*. I tillegg laga Aasen-tunet ei mindre utstilling om julehefte.


I alt viste Hauge-senteret og Aasen-tunet tre temautstillingar i 2014.

Dokumentasjons- og formidlingsarbeidet var svært utoverretta også i 2014. Tilsette

stod for 36 bøker, artiklar, skrifter og foredrag, mot 95 året før. Tilsette representerte ved 132 møte og tilstellingar, mot 156 året før (figur 8). Aktivitet knytt til Språkåret er ikkje med i tala.

Figur 8. Representasjon og publisering 2010–2014

Absolute tal



9.1 Basisutstillingar

Hauge-senteret opna basisutstillinga *Indre syn, tre blikk* 4.9. Utstillinga er fordelt over 145 m² i seks store og små rom over to etasjar. Utstillinga i 1. etasje fortel om Olav H. Hauges liv og verk. Utstillinga i 2. etasje viser lyrikk i mange former på tvers av språkgrenser, i form av lyrikkbibliotek med bruksbøker og lyrikkverkstad. I 2 etasje er og rundt 60 prosent av boksamlinga etter Olav H. Hauge utstilt i bokskap med glasdører.

Den store endringa av basisutstillinga i Aasen-tunet blei fullført i 2014 med desse nye innslaga: *Radiospråk*, *Medieveggen* og *Verdas minste kinosal*. I tillegg fekk vi på plass ein ny stor monter og åtte nye glasplater til betonghyllene inst i utstillinga. Ein flatskjerm erstatta papirarka som er blitt lagde ut kvar dag i 14 år, der det rullerer sitat i staden.

I *Forfattarrommet* i basisutstillinga presenterer vi heile tida ni forfattarar. Kvart år blir nokre av dei skifta ut., og til no har vi presentert 40 forfattarar. Agnes Ravatn, Lars Mæhle, Linda Eide og Oddgeir Bruaset kom på plass i januar 2014. På *aktueltshylla* la vi ut avisklipp sporadisk gjennom året.

9.2 Temautstillingar

Aasen-tunet laga ei ny temautstilling i 2014: *Makta i språket. Ei utstilling om språk, makt og demokrati*. I tillegg blei det laga ei mindre utstilling om nynorske julehefte.

Dette året viste Aasen-tunet tre temautstillingar:

- *Språksammlaren Ivar Aasen 1813-1896*, 2.1.-25.6.
- *Makta i språket. Ei utstilling om språk, makt og demokrati* 26.6.-31.8.
- *Med blikk for republikk* 1.9.-31.12.

9.3 Vandreutstillingar

Aasen-tunet hadde seks utlån av vandreutstillingar, mot 16 året før (tabell 1).

Tabell 1. Utlån vandreutstillingar 2010–2014

| | Tal | Stader |
|------|-----|--------|
| 2010 | 4 | 10 |
| 2011 | 6 | 9 |
| 2012 | 6 | 6 |
| 2013 | 12 | 16 |
| 2014 | 3 | 6 |

Hjarteklapp: Eidsberg bibliotek (Eidsberg)

Store forteljingar for små øyre: Høgskulen i Sogn og Fjordane (Sogndal)

Makta i språket: Masfjorden folkebibliotek (Masfjorden), Lindås bibliotek (Lindås), Meland bibliotek (Meland), Osterøy bibliotek (Osterøy)

Sidan 2000 har vi hatt 167 utlån av 26 ulike utstillingar i 18 fylke.

Som i dei føregåande åra har det vist seg vanskeleg å føre påliteleg statistikk for gjestetal på vandreutstillingar. Vi fekk rett nok pålitelege tal frå Eidsberg bibliotek (som i 2013). Det såg 2738 personar utstillinga *Hjarteklapp*. Desse tala er ikkje rekna med i gjestetala våre.

I 2014 kunne vi tilby bibliotek, museum og andre interesserte 30 vandreutstillingar. Truleg har få museum eit liknande tilbod.

9.4 Nettutstillingar

Seint i 2013 blei vi ein del av redaktørgruppa til nettstaden *1814mrfylke.no*, som skulle vere den regionale markeringa av Grunnlovsjubileet. Målgruppa f var først og fremst elevar i den vidaregåande skulen. I tillegg til

å skrive artiklar om Aasen og utbreiinga av nynorsk i Møre og Romsdal nrukte vi mykje arbeidstid i prosjektet.

9.5 Foredrag og samtalar

Tilsette heldt i 2014 27 større foredrag og presentasjonar, mot 74 året før. Dei fleste foredraga har vore tilgjengelege som manuskript.

- Ottar Grepstad: «Historia om Ivar Aasen», Hjelmeland 5.3.
- : «Historia om Ivar Aasen», Austbygdi i Tinn 3.4.
- : «Historia om Ivar Aasen», Vinjar i Vinje 5.4.
- : «Nynorsk anno 2014 – og vegen dit». Foredrag på fagdag for NRK Nynorsk mediesenter og Nynorsk avissenter i Aasen-tunet 9.4.
- : «Språkfylket Sogn og Fjordane – fakta og utviklingstrekk», opningsinnlegg på ny-norskdag for kulturminister Thorhild Widvey i Førde 29.4.
- : «Grunnlovsmakta i språket», Ivar Aasen-statuen i Ørsta 27.6.
- : «Nynorsk – ei historie utanfor lærebøkene». Foredrag for sentersamling i regi av Utdanningsdirektoratet i Aasen-tunet 23.9.
- : «Litteratur- og resepsjonshistorie: tilfellet Ivar Aasen». Fagdag for masterstudiet i ny-norsk skriftkultur i Aasen-tunet 1.10.
- : «Nynorsk – ei historie utanfor lærebøkene». Seminar i regi av Nynorskcenteret i Aasen-tunet 3.11.
- : «Språkmuseum som minnepolitikk», samling i Litteraturnettverket i Ulvik 14.11.
- : «Historia om Ivar Aasen», Øyo bibliotek, Stord 19.11.
- : «Nynorsk – ei historie utanfor lærebøkene», utvida versjon. Fagdag for NRK Nynorsk mediesenter og Nynorsk avissenter i Aasen-tunet 25.11.

Stein A. Hevrøy: Innleiing og samtale med Idar Stegane, førpremiere på Den andre mannen i meg, Hauge-senteret 26.11.

Karine Munch: 17. mai-tale i Stryn og Oppstryn

Geir S. Netland: Orientering om Hauge-senteret for Ulvik heradstyre 12.2.

–: Presentasjon om Hauge-senteret for Ulvik bygdekvinnelag 25.2.

–: Presentasjon for Selskapet for vitenskapsfremme i Hauge-senteret 24.5.

–: Diktarstien Hardanger folkemuseum Utne. Utdeling av Diktartavla 2014 til Cecilie Løveid 26.8.

–: Presentasjon av Ulvik poesifestival, innspel til regional næringsstrategi for Hardanger, møte Hardanger næringsråd i Ulvik 9.9.

–: Presentasjon av Hauge-senteret for lærarstabben Bergen tekniske fagskule i Ulvik 22.10.

–: «Lyrikk i fire fargar – strategisk tenking om Hauge-senteret», innleiing for Litteraturnettverket i Ulvik 13.11.

Ingrid I. Opedal: Helsing til landsmøtet i Noregs Mållag på Gardermoen 4.-5.4.

–: 17. mai-tale på Lauvstad

Gaute Øvereng: «Navet Ivar Aasen», tale ved opninga av nytt felles NAV-kontor for Ørsta og Volda, 30.6.

Anders Aanes: «Nynorsk – ei målform eller eit språk?». Foredrag i fagnemnda for norskfag i Utdanningsdirektoratet i Aasen-tunet 29.8.

–: «Er Romsdal det nye Trøndelag? Ein gjenomgang av historia til nynorsken i Romsdal». Fagdag for masterstudiet i ny-norsk skriftkultur i Aasen-tunet 1.10.

–: «Dialektar i Noreg. Miniforedrag og aktivitetar» for Stryn ungdomsskule i Aasen-tunet 11.11.

9.6 Bøker og andre skrifter

Tilsette publiserte åtte bøker og lengre signerte artiklar i aviser, tidsskrift og bøker, mot 21 året før. Av dette var fire større utgivingar, mot fem året før.

Ottar Grepstad: *Historia om Ivar Aasen*.

Det Norske Samlaget, Oslo, 3. utgåva

–: *Bibliografi over Ivar Aasens publiserte skrifter*. 2. utgåva 2014

–: *Bibliografi over skrifter om Ivar Aasen*, e-bok 2014

–: «Då Grunnlova blei nynorsk», i *Vågå – sagt og skrivi gjennom ti'n*, Vågå 2014, s. 6–24

–: «Draumen om målet», i Norunn Askeland og Eva Maagerø: *Om å utfordre vanen. Samtaler om litterær sakprosa*, Cappelen Damm Akademisk 2014, s. 51–73
–: «Erin høgare himmel over Hauge», *Aftenposten* 4.9.
–: «Då Grunnlova blei nynorsk», *Dag og Tid* 12.12.
–: «Worren, Dagfinn», i Olaf Almenningen ofl. (red.): *Fra A til Å. Veneskrift til Dagfinn Worren på 70-årsdagen 28. desember 2014*, Oslo 2014, s. 109–111

I tillegg gav vi ut *Så lenge der er språk, kjem det år. Årsrapport 2011–2014* om Språkåret 2013.

9.7 Fagleg representasjon

Representantar for Nynorsk kultursentrum deltok på 132 eksterne tilstellingar, mot 156 året før.

Startmøte basisutstilling Hauge-senteret med SixSides i Ulvik 14.1.: Ottar Grepstad, Geir S. Netland, Guro Ljone

Avslutningsmøte med sponsor Tussa i Ørsta 14.1.: Gaute Øvereng, Laila Walseth Lid

Startmøte byggteknisk basisutstilling Hauge-senteret med SixSides, Ulvik herad og arkitekt i Ulvik 15.1.: Geir S. Netland

Frukostforum ved Høgskulen i Volda

15.1.: Gaute Øvereng

Première på Oppdrag alfabet! i Barnas vel barnehage i Ørsta 15.1.: Guro Kristin Grønbech og Anna Sunniva Sørbo

Inspirasjonskveld om nyskriving av Grunnlova for klasse 8C ved Ørsta ungdomsskule, Ørsta 16.1.: Gaute Øvereng

Samarbeidsmøte med Hotell Ivar Aasen i Ørsta 21.1.: Karine Munch, Oddny Nupen Aarflot og Gaute Øvereng

Orienteringsmøte om Hauge-senteret med ordførar og rådmann i Ulvik herad 24.1.: Geir S. Netland

Møte om utbetring av Solnør gard på Solnør 28.1.: Ottar Grepstad

Konstituerande møte i programrådet for Ulvik poesifestival i Ulvik 28.1.: Geir S. Netland, Guro Ljone

Redaksjonsmøte i Allkunne i Bergen
29.1.: Ottar Grepstad, Stina Aasen Lødemel
Arbeidsmøte med Kib&MOrits om tunbrosjyre, Aasen-tunet 3.2.: Laila Walseth Lid, Gaute Øvereng

Møte med revisor Arvid Hovden i Ørsta
3.2.: Ottar Grepstad

Se og les-konferanse i regi av Bergen offentlige bibliotek i Bergen 3.–5.2.: Anna Sunniva Sørbo

Varemessa Smak 2014, Lillestrøm 4.–7.2.: Milan Ilic

Møte med BUL Oslo om festspelsarbeid, Oslo 5.2.: Karine Munch

Møte med Det Norske Samlaget om festspelprogrammet i Oslo 5.2.: Karine Munch

Møte med festspeldiktar Agnes Ravatn i Oslo 5.2.: Karine Munch

Samarbeidsmøte med Hege Newth i Norsk p.e.n. i Oslo, 6.2.: Karine Munch

Samarbeidsmøte med Voss folkebibliotek på Voss 6.2.: Geir S. Netland, Guro Ljone

Samarbeidsmøte med sokneprestane i Ørsta og Volda i Aasen-tunet 7.2.: Karine Munch og Gaute Øvereng

Møte med Nynorsk avissenter i Førde 7.2.: Ottar Grepstad

Møte med NRK om Fylkesleksikon for Sogn og Fjordane i Førde 7.2.: Ottar Grepstad

Møte om 1814-prosjekt for musea i Møre og Romsdal i Aasen-tunet 7.2.: Anders Aanes

Møte med Odd Johan Overøye om festspelarrangement i Aasen-tunet 11.2.: Karine Munch og Gaute Øvereng

Møte i fagrådet for Forskingssenter for skriftkultur i Volda 11.2.: Georg Arnestad

Møte i arbeidsgruppe for sentrumsutvikling i Ulvik 12.2.: Geir S. Netland

Møte i Nynorsk Forum i Oslo 13.2.: Ottar Grepstad

Møte med Vestnorsk filmsenter i Aasen-tunet 14.2.: Ingrid Opdal og Gaute Øvereng

Møte med Venelaget Olav H. Hauge i Ulvik 20.2.: Geir S. Netland, Guro Ljone

Møte om Nynorsk barnebokveke på Høgskulen i Volda 26.2.: Anna Sunniva Sørbo

- Møte i utstillingsgruppa for Hauge-senteret i Ulvik 26.2.: Geir S. Netland, Guro Ljone
- Møte med Brakanes hotell i Ulvik 27.2.: Guro Ljone, Geir S. Netland
- Telefonomøte med Idium om Ulvik poesi-festival 27.2.: Laila Walseth Lid
- Samling i Virke reiselivsnettverk for museum, Bergen 4.-5.3.: Laila Walseth Lid
- Planleggingsmøte for Festspela med Ørsta Amfi 6. 3. Karine Munch, Laila Walseth Lid
- Årsmøte og styremøte i Olav H. Hauge-stifta i Ulvik 14.3.: Geir S. Netland
- Sponsormøte med Sunnmørsposten i Ålesund, 20.3.: Gaute Øvereng, Laila Walseth Lid
- Årsmøte i Ulvik næringslag 25.3.: Geir S. Netland
- Møte med Avinor om «Fly med oss» i Aasen-tunet 26.3.: Gaute Øvereng, Laila Walseth Lid
- Samling i Virke-nettverk for museumsdirektørar på Romerike 31.3.–1.4.: Ottar Grepstad
- Møte om festspelsamarbeid med Ørsta Næringskontor og Ørsta Handelsforeining i Ørsta 3.4.: Karine Munch, Laila Walseth Lid
- Møte med Vinje kommune om Vinje-senteret i Vinje 4.4.: Ottar Grepstad
- Presentasjonsmøte om Vinje-senteret i Vinje 4.4.: Ottar Grepstad
- Landsmøte i Noregs Mållag på Gardermoen 4.-5.4.: Ingrid I. Opedal
- 196-årsdagen for A.O. Vinje i Vinjar 5.4.: Ottar Grepstad
- Rådmøte i Nynorsk kultursentrum i Aasen-tunet 7.4.: Lodve Solholm
- Styremøte i Ulvik næringslag 7.4.: Geir S. Netland
- Fagdag for NRK Nynorsk mediesenter og Nynorsk avissenter i Aasen-tunet 9.4.: Anders Aanes, Ottar Grepstad
- Årsmøte i Det Norske Samlaget i Oslo 24.4.: Ottar Grepstad, Grete Riise
- Samling i Litteraturnettverket på Ib-senmuseet i Oslo 24.–25.4.: Ottar Grepstad, Gaute Øvereng, Anders Aanes
- Nynorskdag for statsråd Thorhild Widvey i regi av Sogn og Fjordane fylkeskommune i Førde 29.4.: Ottar Grepstad
- Rådmøte i Norsk Barneblad i Oslo 29.4.: Laila Walseth Lid
- Videomøte med ordførar, varaordførar og rådmann i Ulvik herad 5.5.: Lodve Solholm, Ottar Grepstad, Geir S. Netland
- Møte i utstillingsgruppa Hauge-senteret i Ulvik 7.5.: Geir S. Netland, Guro Ljone
- Fagdag «Språket i næringslivet» i Aasen-tunet 7.5.: Laila Walseth Lid
- Møte med Hotell Ivar Aasen i Aasen-tunet 8.5.: Karine Munch, Laila Walseth Lid
- Samling i Virke reiselivsnettverk for museum, Oslo, 9.5.: Laila Walseth Lid
- Doktordisputas for Sigrun Høgetveit Berg ved Universitetet i Tromsø 13.5.: Ottar Grepstad
- Møte i arbeidsgruppe for sentrumsutvikling i Ulvik 13.5.: Geir S. Netland
- Frukostmøte og lansering av nettmagasin iMøre i Ulsteinvik 15.5.: Laila Walseth Lid
- Deltaking i programmet «Fly med oss» på Ørsta Volda lufthamn Hovden i regi av TV2 og Avinor 20.5.: Ottar Grepstad, Gaute Øvereng, Laila W. Lid, Anders Aanes, Milan Illic
- Styremøte i Ulvik næringslag 20.5.: Geir S. Netland
- Møte med Spinneriet og Volda Næringsforum i Volda 20.5.: Karine Munch, Laila Walseth Lid
- Frukostforum i Aasen-tunet 21.5.: Ottar Grepstad, Gaute Øvereng
- Butikklearmøte for Amfi i Aasen-tunet 22.5.: Ingrid Opedal, Karine Munch, Laila Walseth Lid
- Presentasjon av festspelprogrammet i Volda næringsforum i Volda 28.5.: Gaute Øvereng, Ingrid I. Opedal
- Pressemøte med Sunnmørsposten i «festspelhagen» i Ørsta 13.6.: Karine Munch, Laila Walseth Lid
- Førde-konferansen «Fridomsreform og kulturpolitikk: Mindre pengar, men meir for pengane?» i Førde 4.7.: Ottar Grepstad

- Møte med komitéleiar Svein Harberg i Førde 4.7.: Ottar Grepstad
- Møte med NRK Sogn og Fjordane om Fylkesleksikon for Sogn og Fjordane i Førde 5.7.: Ottar Grepstad
- Møte med Olav H. Hauge-stiftinga om ny samarbeidsavtale i Aasen-tunet 6.8.: Lodve Solholm, Ottar Grepstad
- Møte med statssekretær Bjørgulf Vinje Borgundvaag i Aasen-tunet 8.8.2014: Ottar Grepstad
- Semesteropning ved Høgskulen i Volda 19.8.: Ottar Grepstad, Gaute Øvereng
- Møte med Vinje kommune i Aasen-tunet 21.8.: Lodve Solholm, Ottar Grepstad
- Møte i Frukostforum ved Høgskulen i Volda 27.8.: Ottar Grepstad, Gaute Øvereng
- Møte i den nasjonale komiteen for A.O. Vinje-jubileet 2018 i Vinje 28.8.: Ottar Grepstad
- Litteraturdagane i Vinje 29.-31.8.: Ottar Grepstad
- Møte om Vinje-senteret med styret i Litteraturdagane i Vinje i Bøgrend 31.8.
- Møte om Vinje-senteret med styret i Liv i Vinje på Vinjar 31.8.
- Møte om Vinje-senteret med styret i Vinje Ungdomslag på Vinjar 31.8.
- Møte om Vinje-senteret med Institutt for folkekultur på Rauland 1.9.
- Møte om Vinje-senteret med styret i Vinje Handverkslag på Åmot 1.9.
- Møte om Vinje-senteret med styret i Folkakademiet i Vinje på Åmot 1.9.
- Møte om Vinje-senteret med Frp-gruppa i Vinje kommunestyre på Åmot 1.9.
- Møte om Vinje-senteret med Ap-gruppa i Vinje kommunestyre på Åmot 1.9.
- Møte om Vinje-senteret med styret i Vinje Mållag på Åmot 1.9.
- Møte om Vinje-senteret med leiaren i Rauland historielag på Åmot 1.9.
- Synfaring i Vinje lokalhistoriske arkiv på Rauland 2.9.
- Møte om Vinje-senteret med Vest-Tellemark Museum på Dalen 2.9.
- Møte om Vinje-senteret med styreleiar i Øvre Vinje Historielag Sullamrei på Edland 2.9.
- Møte om Vinje-senteret med styreleiar i Pilegrimsvegen til Røldal på Edland 2.9.
- Møte i fagrådet Hauge-senteret 6.9: Ottar Grepstad, Geir S. Netland
- Møte i fagrådet ved Forskingssenter for skriftkultur i Volda 8.9.: Georg Arnestad
- Møte med Kulturdepartementet i Oslo 17.9.: Lodve Solholm, Ottar Grepstad
- Styremøte i Ulvik næringslag 1.10.: Geir S. Netland
- Fagdag for masterstudentar i nynorsk skriftkultur i Aasen-tunet 1.10.: Gaute Øvereng, Anders Aanes, Ottar Grepstad
- Jordferd for Ingeborg Mjør i Bergen 2.10.: Grete Riise, Ottar Grepstad
- Kurs i søkemotoroptimalisering i regi av Webgruppen, Oslo 7.10.: Stina Aasen Lødemel
- Møte med Sparebanken Vest om sponsor-samarbeid 2015–17 i Ulvik 7.10.: Geir S. Netland
- Litteratursymposiet i Odda 8.–9.10: Geir Netland, Stein A. Hevroy
- Fagsamling Norsk Kulturhusnettverk i Bodø 14.–15.10.: Åshild Widerøe
- Møte med Landslaget for lokalaviser om Vinje-senteret i Oslo 15.10.: Ottar Grepstad
- Møte i Nynorsk Forum i Oslo 16.10.: Ottar Grepstad
- Informasjonsmøte for kommunestyra i Vågå, Lom og Skjåk om Diktarhuset i Lom 27.10.: Ottar Grepstad
- Møte i utstillingsgruppa for Hauge-senteret i Ulvik 29.10.: Geir S. Netland, Guro Ljone, Jorid Lekve Eide
- Kontaktmøte med fylkeskultursjefen i Møre og Romsdal fylkeskommune i Molde 30.10.: Åshild Widerøe og Gaute Øvereng
- Telefonmøte i nyskipa ordbokgruppe 31.10.: Ottar Grepstad
- Møte med Universitetsbiblioteket i Bergen 4.11.: Stein A. Hevroy
- Seminar under Falturiltu på Stord 5.–6.11.: Mona Iren Auganæs
- Møte i Nynorsk barnelitteraturnettverk Leirvik 5.11.: Mona Iren Auganæs
- Møte med fylkeskulturavdelinga i Molde 6.11.: Lodve Solholm, Gaute Øvereng

Budsjethøyring i familie- og kulturkomiteen i Stortinget 6.11.: Ottar Grepstad

Minnesymposium for Asbjørn Aarseth og Atle Kittang i regi av Vitskapsakademiet i Oslo 12.11.: Stein A. Hevrøy

Hardangerkonferansen 2014 i Ulvik 12.–13.11.: Geir S. Netland

Haustmøte i Destinasjon Ålesund & Sunnmøre 13.11.: Ingrid Opdal

Kurs i rapportering, Statens pensjonskasse i Oslo 13.11.: Oddny Nupen Aarflot

Samling i Litteraturnettverket i Ulvik 13.–14.11.: Ottar Grepstad, Gaute Øvereng, Geir S. Netland, Stein A. Hevrøy, Guro Ljone, Jorid Lekve Eide

Telefonmøte i ordbokgruppa 17.11.: Ottar Grepstad

Haustkonferansen 2014 i regi av Reisemål Hardangerfjord i Ulvik 18.11.: Geir S. Netland

Avslutningsprogram for Prøysen-jubileet på Det Norske Teatret i Oslo 23.11.: Ottar Grepstad

Møte med Vinje kommune om Vinje-senteret i Oslo 23.11.: Lodve Solholm, Ottar Grepstad

Møte med Kulturdepartementet om Vinje-senteret i Oslo 24.11.: Lodve Solholm, Ottar Grepstad

Møte med Universitetet i Oslo om språksamlingane og Norsk Ordbok i Aasen-tunet 25.11.: Ottar Grepstad, Gaute Øvereng

Fagdag for NRK Nynorsk mediesenter i Aasen-tunet 25.11.: Ottar Grepstad, Gaute Øvereng, Anders Aanes, Laila W. Lid

Bransjetreffet Manøver, Bergen 27.11.: Geir S. Netland, Stein A. Hevrøy

Møte med Åse Ljones om Jon Fosse dagane i Bergen 28.11.: Geir S. Netland

Informasjonsdag for arbeidsgivrarar og næringsdrivande i regi av Interkommunal arbeidsgivarkontroll i Aasen-tunet 28.11.: Oddny Nupen Aarflot

Styremøte i Ulvik næringslag i Ulvik 1.12.: Geir S. Netland

Møte i Frukostforum på Høgskulen i Volda 2.12.: Ottar Grepstad, Gaute Øvereng

Telefonmøte i ordbokgruppa 8.12.: Ottar Grepstad

Møte med Store Norske leksikon i Oslo 9.12.: Ottar Grepstad

9.8 Publikumssørvis

Vi får stadig spørsmål frå publikum i Aasen-tunet, på telefon, på e-post eller i vanlege brev. Mange kjem frå skuleelevar som treng hjelp til oppgåver, oftast om Ivar Aasen. Det er også vanleg at vi får spørsmål frå folk som leiter etter dikt eller tekstar der dei berre har nokre få ord eller verselinjer.

Bibliotekar og dokumentasjonsleiar svarte på dei fleste av spørsmåla frå eksterne brukarar. Ved skriftlege spørsmål blir dei skriftlege svara tekne vare på slik at vi lett kan hente dei fram att ved behov.


10 Tilbod til born og unge

11 159 born og skuleelevar gjesta arrangement og utstillingar, mot 12 779 året før. Dette var 38 prosent av alle gjestene våre, mot 41 prosent året før.

8422 elevar og lærarar var med på turnear i regi av Den kulturelle skulesekken, mot 9526 året før (figur 9). 2187 elevar gjesta utstillingane våre, mot 2631 året før.

Oppdrag alfabet!, ein barnehageproduksjon med Lurivar som handdokke, hadde premiere i januar 2014.

Figur 9. Gjester skulesekktturnear 2010–2014
Absolutte tal



10.1 Nye tilbod

Ved utgangen av 2014 kunne Nynorsk kultursentrum tilby i alt seks produksjonar i Den kulturelle skulesekken. To av desse var nye dette året.

Oppdrag alfabet! er ein skulesekkproduksjon som skal inspirere dei eldste borna i barnehagar til å leike med språket. Her er Lurivar ei handdokke. Språkfolk har skrive manus i samarbeid med Aasen-tunet, og Knut Alfsen og Adele Lærum Duus har hatt regien. Framsyninga hadde premiere i januar 2014 med Karoline Isaksen som utøvar.

Hauge-senteret utvikla sin første skulesekkproduksjon i 2014. *Tenk om eg var ein tanke* for 3.-6. klasse byggjer på tekstar frå barnediktboka *Når morgonfrosken syng* av Per Olav Kaldestad som Annlaug Børsheim har sett melodiar til. Utøvarane Annlaug Børsheim og Mari Skeie Ljones har produsert førestillinga i samarbeid med Hauge-senteret og med Ann-Stefi Teigland som konsulent. Framsyninga har premiere i 2015.

Til Grunnlovsjubileet laga Aasen-tunet produksjonen «*Lurivar presenterer Grunnlova*». Denne hadde premiere under Festspela. Guro Kristin Grønbech skreiv manus, og Maria Halseth og Anna Elise Vadset var utøvarar. Framsyninga stod også på kulturprogrammet i Aasen-tunet hausten 2014.

Hauge-senteret opna 4. september 2014 og hadde lite tid til å arbeide opp mot skuleverket før opning. Kort tid etter opning vart det sendt ut skuletilbod til alle barne- og ungdomsskulane i regionen, men vi fekk lite respons på dette.

10.2 Tunkatten Lurivar

Etter premieren i november 2006 er tunkatten Lurivar blitt det fremste verkemidlet vårt for å nå dei yngste borna. Som før om åra var han i 2014 synleg på tre arenaer: Aasen-tunet, turnear i Den kulturelle skulesekken og nettstaden Tunkatten.no. Nettstaden er omtalt i kap. 15.

I Aasen-tunet var det påskefest med Lurivar for 174 born og vaksne over tre dagar, 106 born var med på ti Lurivar-omvisingar i

sommarsesongen, utebiblioteket på Høge-tuva med ordløype opp til biblioteket blei brukt av 463 gjester, festspelarrangementet «Lurivar presenterer Grunnlova» og eit barnearrangement i oktober.

Skulesekkproduksjonen *Lurivar og kjærleiken* for 1.-4. trinn blei vist for 1220 elevar i seks kommunar i Møre og Romsdal. Den nye produksjonen «*Oppdrag alfabet!*» blei vist for 1632 born i ni kommunar.

10.3 Born og småbarnsfamiliar

Vi gjennomførte 14 arrangement for born og småbarnsfamiliar. Av desse var 13 i Aasen-tunet.

I Aasen-tunet var det fire barneprogram i vårprogrammet, fire under Dei nynorske festspela tre i haustprogrammet. I tillegg hadde vi tre arrangement i samband med barnekunstutstillinga i desember. Familiedagen med adventsstund og juleverkstad samla 225 gjester.

Hauge-senteret hadde eitt barnearrangement under Ulvik poesifestival og etablerte tradisjonen familieday med juleverkstad.

Med basisutstillinga i Hauge-senteret fekk dei yngste eit nytt aktivitetstilbod i Kattejakta. Katten til Olav H. Hauge har gøynt seg fleire stader i utdstillinga, og ved å følgje spora finn ungane katten og får oppdage meir om både diktaren og katten.

10.4 Barnehagar

Aasen-tunet har hatt omvisingstilbod for barnehagar frå 2009. I 2014 var 46 barnehagborn med på slike omvisingar, mot 112 året før. Dei fekk forteljarstund om Ivar Aasen i Gamletunet, lesestund på hemsen til Lurivar i basisutstillinga og ymse formingsaktivitetar. Nokre barnehagar nytta høvet til å vitje Høgetuva også.

Under Dei nynorske festspela var barnehagar inviterte til Prøysen-konsert.

Også i 2014 arrangerte vi barnekunstutstilling der born frå barnehagane i regionen fekk stille ut arbeida sine i Galleriet i Aasen-tunet. Borna tok utgangspunkt i *Snøhumla Mille* av Janne Marit Øye og Anne Angels-haug. 477 born frå barnehagar i Ørsta,

Volda, Stryn, Hornindal, Herøy og Ulstein las boka og laga verk til utstillinga. Til saman 360 born var med på tre opningar av den fargesprakande utstillinga, mot 112 året før.

10.5 Skular

Utanom skulesekkturnear på eksterne arenaer gjesta 2187 elevar utstillingane våre, mot 2655 året før. Av dette var 2157 i Aasen-tunet, mot 2631 året før.

Like sidan hausten 2000 har Aasen-tunet hatt program for ulike alderssteg i skulen. Tilboda blir alltid tilpassa det skulane ønskjer. I 2014 var dette dei sju standardtilboda, tilpassa gjeldande læreplan:

- *Oppvekståra til Ivar Aasen*: barnesteget
- *Ivar Aasens verk med Ivar Aasens ordtak*: barnesteget, ungdomssteget og vidaregåande
- *Arkitektur*: barnesteget, ungdomssteget og vidaregåande
- *Dialekt*: barnesteget, ungdomssteget og vidaregåande
- *Nynorske teikneseriar*: barnesteget, ungdomssteget og vidaregåande
- *Nynorske dikt*: barnesteget, ungdomssteget og vidaregåande
- *Nynorsk pressehistorie*: vidaregåande
Også i 2014 hadde vi eit godt samarbeid med Ørsta ungdomsskule om deira årlege gründercamp for niandeklassingane.

I 2014 hadde Hauge-senteret besøk av 30 elevar frå fire skuleklassar. Hauge-senteret tok i 2014 til å utvikle ulike omvisingar for skuleverket og kunne ved utgangen av året tilby desse tre:

- *Kattejakta*
- *Den unge Hauge*
- *Poesiverkstaden*

10.6 Den kulturelle skulesekken

I 2014 hadde vi fleire framsyningars i Den kulturelle skulesekken enn nokon gong før. Vi gjennomførte 274 framsyningars av fire produksjonar for 8422 elevar og lærarar, mot 265 framsyningars av tre produksjonar for 9526 elevar og lærarar året før.

Aasen-tunet hadde framsyningars av fire produksjonar i Rogaland, Hordaland og Møre og Romsdal (tabell 2):

- *Oppdrag alfabet!* (barnehage)
- *Lurivar og kjærleiken* (1.-4. klasse)
- *Snakk om språk!* (ungdomsskule)
- *Mine språk* (vidaregåande)

Tabell 2. Den kulturelle skulesekken etter fylke 2014

| Produksjon | Kommunar | Visingar | Gjester |
|------------------------|----------|----------|---------|
| Møre og Romsdal | | | |
| Oppdrag alfabet! | 9 | 63 | 1532 |
| Lurivar og kjærleiken | 5 | 29 | 1328 |
| Snakk om språk! | 9 | 56 | 1717 |
| Hordaland | | | |
| Mine språk | 6 | 45 | 1121 |
| Rogaland | | | |
| Mine språk | 9 | 79 | 2220 |

Vi hentar systematisk inn brukarevaluering for desse produksjonane. Tilbakemeldingar i 2014 frå 83 respondentar fordele seg slik:

- *Oppdrag alfabet*: 5,5 av 6,0
- *Lurivar og kjærleiken*: 4,9 av 5,0
- *Snakk om språk*: 5,5 av 6,0
- *Mine språk*: 5,3 av 6

Frå og med skuleåret 2009/2010 har Aasen-tunet samarbeidd med vertskommunane om tre årlege program innanfor Den kulturelle skulesekken til alle elevane i 3., 6., 8. og 10 klasse. I 2014 kom 965 elevar og 72 lærarar på 37 arrangement med desse tilboda, mot 1025 elevar og 69 lærarar på 36 arrangement året før:

- *3. klasse: Bli kjend med Ivar Aasen*. 118 elevar på tre arrangement
- *6. klasse: Det ligg mellom linjene*. 232 elevar på 12 arrangement
- *8. klasse: Forfattarbesøk*. Festspeldiktaren Agnes Ravatn møtte 272 elevar på 13 arrangement
- *10. klasse: Snakk om språk!* 243 elevar på ni arrangement

I tillegg gav Ørsta Mållag og Ørsta kommune *Oppdrag alfabet!* i gave til alle fem- og seksåringane i barnehagane i Ørsta. Det blei seks framsyningars for 127 born og 46 barnehagetilsette.

Det gode samarbeidet med Nettbuss Møre og vertskommunane om transport av elevane til og frå Aasen-tunet heldt fram.

Til saman har vi til no gjennomført 1346 turnéframningsar av fem produksjonar i Den kulturelle skulesekken for 41 527 elevar og lærarar i fem fylke.

11 Festivalar


I 2014 gjennomførte Nynorsk kultursentrum for første gong to festivalar – Dei nynorske festspela 26.–30.6. og Ulvik poesifestival 5.–7.9.

Dei to festivalane samla 9971 gjester, og det vil seie at kvar tredje gjest i 2014 var ein festivaldeltakar.

Festivalane hadde heilt forskjellige programprofilar – den eine framheva språk, den andre lyrikk.

Også inntektsprofilen er ulik (figur 10). For Dei nynorske festspela utgjorde overføring frå statstilskotet 47 prosent, som året før. For Ulvik poesifestival utgjorde tilskotet frå Ulvik herad 67 prosent av inntektene, mot 76 prosent i 2012. Marknadsinntektena utgjorde 40 prosent av alle inntekter for Festspela, mot 24 prosent for poesifestivalen.

Figur 10. Inntektsprofil festivalar 2014
Absolutte tal



Marknadsføringsbudsjettet er større enn for andre festivalar av same storleik når kroner og arbeidstid er rekna saman. I alt brukte vi 565 000 i marknadsføring av dei to festivalane, eller 17 prosent av samla festivalkostnader på 3 216 000.

Dei to festivalane blei avvikla på 22 stader i Ørsta, Volda og Ulvik. På den måten kom innbyggjarane i dei tre vertskommunane tettare på festivalane enn om alt blei gjennomført på to hovudscener.

Komplette festivalprogram ligg ved.

11.1 Dei nynorske festspela

Dei nynorske festspela er ei årlege feiring av den nynorske skriftkulturen. I 2014 blei festivalen arrangert for 23. gong.

Driftsinntektene auka med 1 prosent frå 2 222 000 i 2013 til 2 247 000 i 2014. Festspela gav eit overskot på 237 000, mot 203 000 året før.

Billettinntektene var på 437 000, mot 502 000 året før. Medrekna fribillettar utgjorde førehandssalet 46 prosent, mot 41 prosent året før. Den sosiale profilen er framleis god ved at 25 prosent av arrangementa var utan inngangsbillettar, mot 33 prosent året før, og billettprisane varierte mykje.

Nettoinntekt frå sal av kunstverk i festspelutstillinga kom opp i heile 119 000.

Medrekna internsal utløyste Festspela ei bruttoomsetning på 382 000 i kafeen og butikken dei fire festspeldagane, mot 470 000 året før. Då er internomsetninga rekna med.

Festspela blei gjennomførte med 44 eigne arrangement og 6 arrangement med eksterne arrangørar, til saman 50, mot 47 året før. I alt gjennomførte vi arrangement på 13 scener utanfor Aasen-tunet, mot ti året før.

6081 gjesta Dei nynorske festspela, mot 5986 året før. Festivalen har no i mange år hatt ei stabil oppslutning på dette nivået.

Temaet *Makt* opna for å formidle nye perspektiv på språk generelt, nynorsk og Ivar Aasen spesielt. Publikum fekk møte temaet mellom anna i samtalar med titlar som «Kven bestemmer kva som er nynorsk?», «Makt og avmakt» og «Digital makt – filterbobla». Temaet gav oss store rom å fylle i programmet, og vi fekk glede av å gi publikum både gode festivalopplevelingar og eit par kraftfulle debattar. Gjestene kunne også ta med seg ny kunnskap og uventa innsikt

om sentrale emne, frå litterære klassikarar til digitale medium.

Festspeldiktar Agnes Ravatn sette sitt tydelege preg på programmet. Den plassen skiftande festspeldiktatarar har i programmet, er ein føresetnad for at Festspela skal kunne endre karakter frå år til og unngå å kopiere seg sjølv. Dette legg truleg vi større vekt på enn mange andre festivalar.

Programmet strekte seg frå lett til gjengeloge svisker til rå rock og gripande kunstopplevelingar. I 2014 gjennomførte vi igjen ein stor konsert i uteamfiet kvar dag. Det ny-norske mangfaldet viste denne gongen att i fleire titals arrangement om språk og litteratur, og i seks konsertar med like mange musikalske uttrykk. Festspela greier frå år til år både å halde på ein klar nynorskprofil og å fornye seg innanfor denne tydelege ramma. Profesjonelle, men ikkje alltid særleg profesjonaliserte kunstnarar er ein av spesialitetane våre, og vi gjer mykje for å unngå påfallande gjentaking frå år til år. Her er nok vi ein strengare arrangør enn mange andre.

Dei ny norske festspela hadde også i 2014 eit variert tilbod for barn og unge. 100-årsjubileet for Alf Prøysen blei markert, og ein annan viktig programpost var «Festspelbøker for born» i alderen 8–12 år.

Festspelutstillinga var ved Ørnulf Opdahl, som stilte ut etsingar i Galleriet og store målarverk i hovudbygningen. Fram til 15.8. gjesta 819 utstillinga.

Mange faste postar blei første vidare. I 2014 introduserte vi ei ny rekkje under titelen «Verda den vide» om språk i andre land.

I 2014 var 6 av 50 programpostar i eigen regi, mot 4 av 47 året før. Fordelen med mange eigne arrangement er at vi då styrer innhald og økonomi, men ulempa er at færre eig i festivalen. I 2014 hadde vi 25 samarbeidspartnarar, mot 37 året før.

Avviklinga baud på få vanskar, og Festspela var ein trygg stad å vere for både store og små. Organiseringa av festivalen blei utvikla vidare i 2014 med eigen koordinator for dei frivillige. Vi utvida staben med 18 deltidstilsette, og 30 frivillige var i aksjon festspeldagane, mot 40 året før.

Programmet blei lansert 9.4. og blei gjennomført utan større endringar.

Vi brukte 342 000 i marknadsføring, mot 259 000 året før. Mykje av auken kjem seg av at ytingane frå ein av sponsorane blei ført på ein annan måte frå og med 2014. I stor grad marknadsførte vi Festspela gjennom dei faste kanalane, men utvikla bruken av sosiale medium, både før og etter arrangementet. FestspelSYMRA blei som i 2013 laga berre til opningsdagen. Riksmedia gjorde som før lite ut av det som skjedde.

11.2 Ulvik poesifestival

Med Olav H. Hauges forfattarskap som grunnlag skal Ulvik poesifestival fremje denne forfattarskapen og lyrikk i mange former på tvers av språkgrenser, med eit særleg ansvar for lyrikk på nynorsk og dialekt.

I 2014 blei festivalen arrangert for 8. gong, og for første gong av oss. Hauge-senteret blei opna dagen før festivalen tok til, og den koplinga var like optimal som då opninga av Aasen-tunet i 2000 blei kopla til Dei nynorske festspela.

Skilnader i rekneskapsføring mellom Ulvik festivalutvikling og oss gjer at jamføringane med 2012 må lesast med etterhald.

Driftsinntektene kom opp i 1 499 000, mot 1 604 000 i 2012. Festivalen gav eit overskot på 196 000, mot eit underskot på 236 000 i 2012.

Ulvik poesifestival utløyste ei bruttoomsætning på 114 000 i butikken dei tre festivaldagane. Då er internomsetninga rekna med.

Billettsalet nådde opp i 349 000, mot 178 000 i 2012.

Driftstilskotet frå Ulvik herad gav eit trygt grunnlag for å satse slik vi gjorde på festivalen ut frå eit mål om meir festival for mindre kostnad for kommunen.

Poesifestivalen blei gjennomført med 26 arrangement på ni arenaer. 22 av 26 arrangement var i eigen regi, og i alt hadde festivalen 16 samarbeidspartnarar.

3890 gjesta festivalen. Dette er truleg publikumsrekord for festivalen, med mogleg unntak for 100-årsjubileet for Hauge i 2008. Ulvik er blitt ei god festivalbygd for både

fastbuande op tilreisande. Dei som bygde opp festivalen frå 2000, greidde å gjere dette til ein festival som bygdefolket bruker og som dei er stolte av. Publikum kjem igjen år etter år og bruker festivaltilbodet fullt ut. På dei fleste arrangementa var det rett og slett ikkje plass til fleire.

Med temaet *Grøn poesi* ville Ulvik poesifestival formidle diktning som vågar å engasjere og utfordra. Våren 2013 tok ein del forfattarar initiativ til Forfatternes klimaaksjon på grunnlag av § 112 i Grunnlova. Dei ville vere med og endre norsk klimapolitikk. Fleire unge skandinaviske diktarar er i ferd med å ta eit sjølvkritisk oppgjer med litteraturens plassering av mennesket i naturen. Dette følgde Ulvik poesifestival opp i fleire sentrale programpostar.

Hauges forfattarskap prega festivalprogrammet i balansert mengd, og nokre etablerte programpostar blei ført vidare. Festivalen introduserte i 2014 den nye programposten Ulvik-samtalen. Det var både seminar, føredrag og samtalar som gav publikum innsikt og opplevingar i svært ulike format.

Fleire store konserter tok publikum inn i mange former for lyrikk. Programmet strekte seg frå stort alvor med kampklare grøne poetar til lun humor og tivolilitteratur for dei alle minste. Ulvik poesifestival har i alle år våga å prøve seg på nye vegar og fanga opp nye og spennande røyster i lyrikk og musikk. Dette prega også programmet i 2014.

Avviklinga baud på få vanskar, og Ulvik poesifestival var ein trygg stad å vere både for store og små. Om lag 55 friviljuge var i aksjon, om lag som i 2012. Dette gjorde at vi stort sett hadde dei hjelparane vi trong. Avviklinga var prega av myndig organisering og grundig førebuing trass stort tidspress. Røynslene frå Dei nynorske festspela og etablerte arrangementssystem frå Aasen-tunet gjorde det mogleg for den ferske staben ved Hauge-senteret å gjere meir enn det ein skulle tru var mogeleg når ein samstundes skulle opne ein ny nasjonal kulturinstitusjon.

Programmet blei lansert med hovudpostar 23.6 og i komplett form 2.7. Dette programmet vart gjennomført utan større endringar. Vi brukte 223 000 i marknadsføring. Festivalen blei marknadsført med programhefte og plakat og gjennom meldingsbladet Onen. Prioriterte tiltak var annonsering og redaksjonelle oppslag i lokale medium. Festivalen blei lite omtalt i riksmedia, men Dag og Tid kalla dette «den viktigaste og mest vitale lyrikkfestivalen i landet».

Vi opna nettstaden Poesifestivalen.no 23.6. (sjå kap. 15). I tillegg var festivalen godt synleg på Facebook, Twitter og Instagram.


12 Kulturprogram

I alt gjennomførte Nynorsk kultursentrum 411 eigne arrangement i 46 kommunar i 2014, mot 437 arrangement i 55 kommunar året før. I tillegg stod eksterne aktørar for 99 arrangement, mot 113 året før (figur 11).

Vi gjennomførte 55 arrangement i eigen regi utanom festivalane, mot 74 året før. Aasen-tunet stod for 44 arrangement, Hauge-senteret for 11, mot 60 og 14 året før.

Hauge-senteret blei opna med komplett publikumstilbod 4.9. med ti arrangement og 750 gjester.

**Figur 11. Arrangement kulturprogram 2010–2014
Absolutive tal**



2820 gjester var til stades på desse arrangementa, mot 5900 i Språkåret 2013 med sine mange arrangement. Om lag 90 utøvarar stod for det faglege og kunstnarlege innhalten.

Komplette kulturprogram ligg ved.

12.1 Arrangement Ivar Aasen-tunet

Kulturprogrammet inneholdt 40 arrangement mot 60 året før. Desse samla 2432 gjester, mot 3043 året før. I tillegg stod eksterne arrangørar for 12 opne arrangement, mot 24 året før. Det samla tilbodet av opne arrangement var som venta mykje lågare enn i Språkåret 2013.

Kulturprogrammet inneholdt arrangement for ulike målgrupper, alt frå små born til dei vaksne med ulike interesser. Som før var målet eit variert program som viser ny-norsk i bruk i ulike samanhengar. Difor femnde det om både litteratur, språk, musikk, teater og utstillingar.

Vårprogrammet i eigen regi blei i hovudsak gjennomført frå 2.2. og fram til 16.4. Etter eit svært travelt år i 2013, reduserte vi talet på arrangement i sommarsesongen til eit minimum. Haustprogrammet i eigen regi blei gjennomført 4.9.–7.12.

Programmet var prega av litteratur i mange sjangrar, frå samtale om Arne Garborg og Kjartan Fløgstad under Forskingdagane 2014, til sjakk og strikking, og ei rekordstor deltaking på barnekunstutstillinga i desember. Boknatta var som tidlegare år omfattande med fire forfattarar og samtalar om bøkene deira på scena.

12.2 Opning Olav H. Hauge-senteret

Hauge-senteret blei opna torsdag 4.9.2014 med 750 gjester på ti arrangement gjennom heile dagen. Opningsdagen blei også markert i Granvin, Voss og i Aasen-tunet.

Alle arrangement opningsdagen var gratis, og den samla kostnaden var 250 000.

Opningsarrangementet var lagt utandørs med utescene framfor Hauge-senteret. Det var ein dag med *indian summer*, optimal for ei slik høgtid, der Ruth Lillegraven var programleiar. Opninga tok til ute på fjorden, der skodespelar Anderz Eide framførte utvalde dikt og songtekstar. Einar Økland framførte sin eigen prolog og leiar Sigmund Løvåsen i Den norske Forfatterforening heldt opnings-talen (sjå utdrag på baksida). Ordførar Hans

Petter Thorbjørnsen og fylkesvaraordførar Mona H. Hellesnes bar fram helsingar, og musikarane Benedicte Maurseth og Åsne Valland Nordli ramma det heile inn.

Hauge-senteret var ope for alle frå og med kl. 17.30. Ulvik bygdekvinnelag stod for servering.

Festdagen blei avslutta med middag og gavefest for 100 inviterte gjester på Brakaneshotell.

Marknadsføringa er omtalt i kap. 16.

12.3 Arrangement Olav H. Hauge-senteret

Kulturprogrammet inneholdt 10 arrangement utanom opningsdagen og Ulvik poesi-festival, mot 8 året før. Desse samla 400 gjester, mot 320 året før.

Dette kulturprogrammet blei utvikla og gjennomført parallelt med alt anna som skulle gjerast fram til opninga. Hauge-senteret arbeidde med å finne dei høvelege formata og formene i kulturprogrammet. Lyrikk i ulike former skal dominere, men forfattarar og skrifter i andre sjangrar blir tekne med der det er relevant. Programmet skal innehalde tilbod for målgrupper med ulike interesser.

Vårprogrammet blei gjennomført frå 8.2. til 7.6. Sommarprogrammet var avgrensa til det årlege arrangementet Diktardagen i samarbeid med Hardanger folkemuseum – o veker før opninga. Haustprogrammet etter opning og festival blei avvikla frå 4.10. til 7.12.

Hauge-senteret har alt etablert nokre faste postar gjennom året – som Verdsdagen for poesi 21.3. og førjulsarrangement for heile familien i desember. Vi har også knytt oss til lokale arrangement som Sidersleppet og arrangerte i 2014 ein siderkveld i samarbeid med dei.

Hauges forfattarskap lei dette året særleg framheva med førpremiere på filmen *Den andre mannen i meg* i samarbeid med NRK.

12.4 Program andre stader

Utanom festivalane og skulesekkturneane gjennomførte vi åleine eller i samarbeid med andre 11 opne arrangement_utanfor Aasen-tunet og Hauge-senteret med 476 gjester.

Dei tilsvarande tala for 2013 var 42 og 2077, og det meste av dette var turne med boka *Historia om Ivar Aasen*.

For tredje år på rad arrangerte Aasen-tunet i samarbeid med Møre og Romsdal fylkesbibliotek og Nynorsksenteret det som no er kalla «Klart vi les! Nynorsk barnebokturné». Saman med forfattaren Atle Hansen konsentrerte vi oss om litteratur for dei litt større borna. Sju arrangement i fire kommunar samla 281 gjester, mot fire arrangement med 376 gjester året før.

Hauge-senteret var medarrangør for Diktardagen på Hardanger folkemuseum. I 2014 blei Diktartavla tildelt Cecilie Løveid.


Arrangementa er rekna med under kvar avdeling.

13 Kafé og utleige

Kafeen i Aasen-tunet hadde ei samla omsetning på 793 000, mot 1 053 000 året før. Drifta gav eit underskot på 110 000, mot eit overskot på 78 000 året før.

Matsal utgjorde 50 prosent av omsetninga, mot 53 prosent året før. Kvar femte krone kom frå internomsetning, som året før (figur 12).

Figur 12. Inntektsprofil kafé 2010-2014
1000 kroner



13.1 Kafédrift

Kafeen er ein integrert del av det samla publikumstilbodet i Aasen-tunet og har mykje å seie for eigeninntektene våre.

Vi budsjetterte med lågare omsetning i kafeen enn i rekordåret 2013, men omsetninga blei vesentleg høgare enn vi rekna med. Bruttosale i juni var jamvel endå betre enn i 2013. Festspeldagane gav kafeen eit sal på 127 000, mot 173 000 året før. Då er internomsetninga ikkje rekna med.

Kostnadsfaktoren er forholdet mellom sal og varekostnad. I 2014 var kostnadsfaktoren 33 prosent, mot 30 prosent året før. Denne faktoren har vore ganske låg og stabil over mange år. Lønskostnadene utgjorde 60 prosent av samla kostnader, mot 61 prosent året før.

Også i 2014 tilbaud vi ein variert meny med mat av høg kvalitet, laga av gode råvarer og minst mogleg halvfabrikata. Kafeen bygde også i 2014 på det tradisjonelle og det moderne, med eigen gruppemeny og meny med to- og trerettarsmiddagar for ulike typar selskap.

Aasen-tunet signerte i haust ein avtale med Ole Ringdal AS på Hellesylt om produksjon og sal av den eigenutvikla *Tunpølse frå Åsen* etter prøveproduksjon i 2013. Pølsa vert brukt i mange av rettane på menyen. Den blir framleis seld både i tunet, nettbutikken og i daglegvarebutikkar i området som Ole Ringdal leverer til.

Westre bakeri i Ørsta har i samråd med oss utvikla eit grovt brød som blir marknadsført som eit profilprodukt med Aasen-tunets logo under namnet *Tunbrød frå Åsen*. Avtale blir skriven i 2015.

Som før samarbeide programansvarleg og kafé- og kjøkkenleiar om serveringstilboda ved arrangement. Publikum bruker framleis dette tilbodet lite.

13.2 Utleige

Inntektene frå lokalutleige til lukka og opne arrangement auka frå 46 000 i 2013 til 56 000 i 2014.

Talet på utleigearrangement gjekk derimot ned frå 113 i 2013 til 99 i 2014. Gjestetalet gjekk også ned, frå 3799 til 2836.

For omsetninga, og ikkje minst for resultatet for kafeen spela utleigegjestene likevel

ei sentral rolle også i 2014. Utleigearrangementa er føreseielege og lett å planleggje både for innkjøp, bemanning og tidsbruk. Tilstellingane var dessutan nyttige i den allmenne marknadsføringa av Aasen-tunet.

Også i 2014 var Aasen-tunet ein møte- og kursstad som skilde seg ut frå andre tilbod i nærområdet. Både offentlege og private institusjonar og bedrifter nyttar tilboda våre. Kafeen blir brukt jamt meir til konfirmasjonar, fødselsdagsfeiringar og andre private arrangement.

I 2014 kunne vi utvide utlegetilboden. Etter avslutning av Språkåret vart Galleriet sett i stand til å ta imot grupper på 15-20 personar til kurs og møte. Vi oppnådde ikkje full effekt av det nye tilboden dette første året.


14 Butikkar

Frå og med 2014 har Nynorsk kultursentrums to museumsbutikkar i ordinær drift. Butikkane i Aasen-tunet og Hauge-senteret hadde ei samla omsetning på 1 423 000, mot 1 680 000 året før. Butikkdrifta gav eit overskot på 51 000, mot 151 000 året før.

Nettbutikken Handlenett.no stod for 16 prosent av brutto butikksal, mot 14 prosent året før. Sal via telefon og e-post blir rekna med i den vanlege butikkdrifta.

Både boksal og sal av andre varer gjekk ned etter rekordåret 2013. Boksal utgjorde 43 prosent av omsetninga i butikkane, mot 45 prosent året før (figur 13).

Figur 13. Inntektsprofil butikkar 2010-2014
1000 kroner



Varekjøp utgjorde 62 prosent av alle kostnader, mot 71 prosent året før. Lønskostnaden utgjorde 21 prosent, mot 15 prosent året før.

Butikkane er ein integrert del av det samla publikumstilboden i Aasen-tunet og Hauge-senteret og hadde mykje å seie for eigeninntektene våre.

14.1 Nye varer og varelager

1700 nye Aasen-boksarar blei leverte i 2014. Dermed har vi produsert 13 500 eksemplar frå og med 2010.

Butikkane utvikla saman eit sett magnetpoesi med Hauge- og Aasen-ord. Etter idé frå Samlaget laga Aasen-tunet Jakob og Neikob-koppar. Hauge-senteret laga handlenett og festival t-skjorter til Ulvik poesifestival og tok inn lokale varer som kjøkenglas av Silje Syse og Hauge-koppar av Ingvil Winters.

I 2014 satsa vi på fleire produkt som er laga av andre. Dette er mindre risikabelt enn eigenproduserte varer. Seks medarbeidarar frå Aasen-tunet og Hauge-senteret var på studietur til museumsbutikkar i Stockholm våren 2014. Det gav gode idear til vareutval og eksponering. Etterpå tok vi inn varer frå Designletters i Danmark, mellom anna med bokstavar frå eit alfabet Arne Jacobsen teikna i 1937. Vi tok også inn Symra-løpar frå Ekelund, bambusklede til born frå Lilleba med nynorske tekstar, og fjørpennar for born.

Ved årsskiftet hadde butikken i Aasen-tunet 1037 kurante varer på lager, mot 1007 året før. Den nyopna butikken i Hauge-senteret hadde 329 kurante varer på lager.

Etter nedskrivning for ukurans hadde varelageret i butikkane ved utgangen av året ein verdi på 832 000 kroner, mot 534 000 året før. Vi har heile tida passa på at vi ikkje byggjer opp fiktive verdiar i varelageret. Ein del nyare utvikla varer slo ikkje til slik vi hadde vona. Ved årsskiftet reduserte vi difor lagerverdien med 90 000 i ukurans, mot 91 000 året før.

Etter dette utgjorde likevel verdien av butikklageret 52 prosent av nettoomsetninga i butikkane i 2014, mot 29 i 2013 og 37 i 2012.

14.2 Butikk Ivar Aasen-tunet

Omsetninga fall med 21 prosent frå 1 714 000 i Språkåret 2013 til 1 216 000 i 2014. Drifta gav eit overskot på 63 000, mot 151 000 året før. Den viktigaste årsaka til nedgangen var storsalet av *Historia om Ivar Aasen* i 2013, som likevel også selde godt i 2014.

Både vår og sommar var dårlegare enn i 2013, medan haustmånadene var betre Festspeldagane minka omsetninga frå 147 000 i 2013 til 122 000 i 2014.

Butikken selde bøker for 457 000, mot 644 000 året før. Dette utgjorde 38 prosent av alt sal.

Også i 2014 var *Aasen-boksaren* bestseljaren i butikken (tabell 3). Av bøkene selde *Historia om Ivar Aasen* best også i 2014 med barneboka Snøhumla Mille som ein god nummer to.

Tabell 3. Bestseljarar Aasen-tunet 2014

Sal eksemplar

| | |
|---------------------------|------|
| Aasen-boksar | 1679 |
| Oppvaskklut med ord | 522 |
| Aasen-magnetar med ordtak | 437 |
| Festspelkrus | 339 |
| Sportstopp | 201 |

Butikken tok som før inn bøker og musikk av utøvarar i kulturprogram og festspelprogram med returret. Og som før varierte salet mykje.

Generelt sel butikken i Aasen-tunet meir barnebøker enn vaksenbøker. Nynorsk barnebokveke utløyser ein del sal, likeins den profileringa Nynorskcenteret driv for nynorske barnebøker. For vaksenbøker konkurrerer vi med Haugenbok.no som sender raskt og fraktfritt med rabatt.

Hulda-forkleit sel jamt og trutt, og ein ny modell i svart vart teken godt imot. Av produkt frå eksterne produsentar gjekk kort av Iren Kleiven med nynorske tekstar svært godt.

I 2013 laga vi for første gong eigenproduserte papirhandlenett. Her måtte vi lage eit svært stort opplag, og vi er forsynte for mange år.

I nokre tidsrom hadde vi utstillings vindauge på Amfisenteret i Ørsta og ein monter

på Spinneriet i Volda. Dette er gode marknadsføringsstader.

14.3 Butikk Olav H. Hauge-senteret

Omsetninga enda på 207 000 etter at butikken opna 4.9. Drifta gav eit underskot på 12 000.

Dei tre festivaldagane under Ulvik poesi-festival selde butikken varer for 114 000. Etter bra sal i oktober og november blei desembersalet eit vonbrot. Det tok tid å etablere butikken i Aasen-tunet som ein ny kjøpevane lokalt, og det vil det også gjere for Hauge-senteret.

Butikken selde bøker for 131 000. Dette utgjorde 65 prosent av alt sal. Mest selde vi av Hauge-bøker, og festivaldagane gav ein del sal av lyrikkbøker (tabell 4).

Tabell 4. Bestseljarar Hauge-senteret 2014

Sal eksemplar

| | |
|------------------------------|----|
| Magnetpoesi Aasen og Hauge | 89 |
| Hauge: Mange års røynsle ... | 66 |
| Olav H. Hauges vakraste dikt | 64 |
| Glas frå Silje Syse | 55 |
| Handlenett poesifestivalen | 48 |

14.4 Handlenett.no

Bruttoomsetninga i nettbutikken Handlenett.no fall fra 245 000 i 2013 til 225 000 i 2014. Nettbutikken stod for 16 prosent av det samla butikksalet mot 14 prosent året før.

I 2014 selde nettbutikken mest av Aasen-boksarar, oppvaskklut med ord og magnetpoesi.

Ordretalalet minka frå 539 til 431, men omsetninga per ordre gjekk opp frå 455 i 2013 til 522 i 2014.

Ved årsskiftet kunne nettkundane velje mellom 1306 varer, mot over 913 varer ved utgangen av 2013. Kvar månad var i gjennomsnitt 1117 gjester innom nettbutikken, mot 792 året før. Førjulssalet stod for nesten halvparten av omsetninga – november 26 prosent og desember 23 prosent.

For første gong markerte vi Svart fredag som i år fall på 28.11. Dette blei den enkelt-dagen vi hadde størst omsetning i nettbutik-

ken i 2014. Omsetninga på 11 209 var 5 prosent av heile omsetninga i nettbutikken – dagsgjennomsnittet for året var 617.

45 prosent av kundane kom gjennom peikarar frå andre nettstadar, 26 prosent gjennom søk, 11 prosent gjennom sosiale medium, og 18 prosent var direkte trafikk. Av kundane som kom via peikarar, kom heile 75 prosent frå Aasentunet.no, og desse stod for heile 52 prosent av alt sal i nettbutikken.

I nettbutikkar har det mykje å seie kor mange som går vidare frå annonse eller informasjon til kjøp. Denne kjøpsfrekvensen var i 2014 på 3,2 prosent i Handlenett.no.

Vi etablerte i 2014 system for fordeling av inntekter og kostnader frå nettbutikken mellom avdelingane.

2014 var det første fulle driftsåret med ny nettbutikk etter at løysinga kom på plass året før. Nettbutikk, økonomisystem og pakkelappsystem for Posten heng no saman. Drifta av nettbutikken blei meir effektiv og profesjonell, men gjennom året såg vi ein del større og mindre endringar vi ønskte å få gjort for å gjere nettbutikken betre. Ei rekke tiltak ventar i 2015.

Vi etablerte ein fast standard for det vi legg ved i alle sendingane som ei helsing frå oss, alt etter om dei kjøper varer til born eller vaksne. Pakkane blei i 2014 betre merka med profilering av Handlenett.no.

I tillegg til tradisjonell marknadsføring tok vi i 2014 også i bruk betalt profilering på Facebook.

Betaling med kort er standard, men skular og andre offentlege og private instansar kan velje faktura når dei stadfestar ordren.

15 Nettstader

I 2014 dreiv Nynorsk kultursentrums sju nettstade medrekna Allkunne, og vi hadde 11 kontoar i sosiale medium. Poesifestivalen.no er den nyaste nettstaden vår, opna i juni 2014.

Talet på unike brukarar minka med om lag 28 prosent frå 185 755 i 2013 til 133 227 i

2014. Desse såg på 529 959 sider, mot 650 225 året før (figur 14). Nedgangen skriv seg frå den omlegginga til nye nettstader som tok til i 2013 og nytt statistikkverktøy som tel annleis enn før frå juni 2013. Ei jamføring av perioden august-desember i same statistikkverktøyet viser at talet på unike brukarar auka med om lag 10 prosent frå 2013 til 2014.


Nye innhaldselement i 2014 var Bodil Cappelens utvalde Hauge-dikt på Hauge-senteret.no, to nye årgangar av Fedraheimen og mykje nytt stoff om Ivar Aasen på Aasentunet.no, og «Siste ytring» same staden.

Det vi digitaliserer og publiserer, overlappar ikkje det arbeidet Nasjonalbiblioteket gjer.

Vi tek mål av oss til at ale nettstadene skal vere betre enn gjengs offentleg standard.

Allkunne.no er omtalt i kap. 6 og Handlenett.no i kap. 14.

Figur 14. Bruk av nettstadene 2010–2014
Absolutte tal



15.1 Aasentunet.no

Aasentunet.no blei opna 26.4.2000 og nyopna med ny grafisk form 26.6.2013

År for år har vi bygt ut Aasentunet.no i retning av å bli den sentrale nettstaden for påliteleg og oppdatert informasjon om nynorsk skriftkultur Litteratursidene som blei opna i 2001, er og skal vere den mest omfattande dokumentasjonen på Internett av tekstar på nynorsk.

Det meste frå Ivar Aasens hand er tilgjengeleg. Rekna som enkeltdokument hadde vi publisert over 600 digitale tekstar av Ivar Aasen ved årsskiftet. Til no har vi også publisert 15 artiklar og dikt om Aasens

liv og verk, 173 brev skrivne til Ivar Aasen, tre nekrologar om han, *Bibliografi over Ivar Aasens publiserte skrifter* og *Bibliografi over skrifter om Ivar Aasen*.

Digital publisering av Fedraheimen 1877-91 er det største enkeltprosjektet på nettstaden. I 2014 publiserte vi to årgangar med til saman 1266 artiklar. Ved utgangen av året var dermed 11 av 15 årgangar publiserte. Totalt er om lag 7717 artiklar publiserte.

Til Sverre Fehns fødselsdag 14.8. publiserte vi ein ny biletserie frå Aasentunet av arkitektur-fotograf David Borland, som var her vinteren 2014.

Frå 5.8.2014 tok vi til å publisere innlegg på bloggen «Siste ytring» kvar veke, mot annakvar veke før. Vi gjorde avtale med Framtida.no, som no publiserer alle innlegga.

Vi gjekk gjennom mykje av nettstaden og oppdatert, tilpassa og forbetra. Arbeidet med ein engelsk versjon av nettstaden tok til hausten 2014 og blir ferdig våren 2015.

Gjennom prosjektet *Alfa – inngangar til norsk litteratur* får også litteratursidene tekstar frå fleire nolevande eller nyare forfattarar.

15.2 Festspela.no

Festspela.no blei lansert 3.6.2013 etter å ha vore eit menypunkt under Aasentunet.no. Her er informasjon om utøvarar og program, billettsal, praktisk informasjon til publikum, presse og frivillige, og arkiv med dokument frå tidlegare festspel.

15.3 Tunkatten.no

Tunkatten.no blei opna 12.9.2006 og nyopna med ny grafisk form i 2012. Nettstaden er eit aktiviserande formidlingstilbod for born i alderen 5–12 år om nynorsk språk og litteratur.

Nettstaden inneheldt ved utgangen av 2014 mellom anna 11 originaltekstar om Lurivar av ni forfattarar, blogg, lydbøker med utdrag frå 15 nynorske barnebøker, ordliste og ulike språkaktivitetar. Der var 73 songar med lydfiler og notar i «Tunkattens songbok». Publikum kunne laste ned og

spele av lydfiler gratis, og vi dekte som før Tono-avgifta.

I desember hadde tunkatten sin eigen adventskalender med fekk 1165 gjester.

Born sende også inn spørsmål og eigne tekstar til nettstaden.

15.4 Haugesenteret.no

Nynorsk kultursentrums tok over nettstaden 1.1.2011. Haugesenteret.no blei nyopna med ny grafisk form 20.6.2013.

Frå Hauges fødselsdag 18.8. og fram til opninga av Hauge-senteret publiserte vi kvar dag ein artikkel om stort og smått frå historia om senteret.

Etter opninga fekk nettstaden naudsynt informasjon og nye, gode bilete.

15.5. Poesifestivalen.no

Nettstaden for Ulvikpoesifestival blei opna 20.6. Delar av programmet blei lansert 23.6., og fullt program blei lagt ut for sal 2.7.

Nettstaden er forma etter same mal som Festspela.no med informasjon om utøvarar og program, billettsal, praktisk informasjon til publikum, presse og frivillige.

15.6 Besök og bruk

Aasentunet.no hadde 74 180 unike brukarar og 212 878 sidevisingar, mot 137 706 og 427 410 i 2013.

Haugesenteret.no hadde 16 013 unike brukarar og 41 743 sidevisingar, mot 11 812 og 25 829 i 2013.

50 prosent kom til nettstadene gjennom søkjemotorar som Google, Kvasir og Bing. 23 prosent kom direkte inn på nettstadene, medan 27 prosent kom via peikarar frå andre, t.d. Facebook. Tilsvarande tal for 2013 var 57 prosent, 21 prosent og 22 prosent. Det skil seg mykje kvar brukarane til ulike nettstader kjem frå. Det er høvesvis mange fleire som går direkte inn på festivalnettstadene, nettbutikken og tunkatten enn via søkermotorane, medan Aasentunet.no og Haugesenteret.no får fleire via søkermotorar.

Kvar nettbrukar såg i gjennomsnitt på 3,9 sider per økt i 2014, mot 4,5 sider året før.

Det var store skilnader mellom dei ulike nettstadene (tabell 5).

Tabell 5. Sidevisingar etter nettstad 2013-2014
Gjennomsnitt per brukar

| | 2013 | 2014 |
|--------------------|------|------|
| Handlenett.no | 8,4 | 6,8 |
| Tunkatten.no | 6,2 | 5,4 |
| Festspela.mo | 3,3 | 2,4 |
| Aasentunet.no | 3,0 | 2,4 |
| Haugesenteret.no | 2,4 | 2,3 |
| Poesifestivalen.no | | 4,3 |

Godt og tilgjengeleg fagstoff er ein del av grunnlaget for nettstadene. Dei største brukarane er skular over heile landet. Mange elevar, studentar, lærarar og andre fagfolk finn tilbod på nettstadene våre som dei ikkje finn andre stader. Det er også grunnen til at sidene om Ivar Aasen var ei av dei mest populære på nettstadene i 2014 med 9940 gjester på opningssida.

Det mest besøkte menypunktet på alle nettstadene våre i 2014 var Tunkattens songbok med 14 552 gjester. For festivalane skilde programsidene seg ut, på Haugesenteret.no Bodil Cappelens utvalde dikt og på Aasentunet.no ei temaside om Nordmannen.

Frå songboka registrerte vi 39 457 avspelingar og nedlastingar i 2014, mot KVA året før.

16 Kommunikasjon

Kommunikasjonskostnadene auka med heile 38 prosent frå 960 000 i 2013 til 1 332 000 i 2014. Dette utgjorde 5,9 prosent av samla kostnader, mot berre 4,2 prosent året før og 5,9 prosent i 2012.


Administrasjonen praktiserte også i 2014 open informasjon og svara på alle dei spørsmåla som kom. Sidan 2004 har vi praktisert meiroffentlegheit, blant anna med offentleg tilgjengeleg postjournal og offentleggjering av vedtaksprotokollar frå styre og råd. Vi tek også omsyn til arkivlova med tanke på det privatarkivet Aasen-tunet representerer.

Det samla opplaget for trykksaker i 2014 var 140 700, mot 123 400 eksemplar året før. Av

dette stod Hauge-senteret for 32 000 eksemplar, Aasen-tunet for 108 700.

Styret vedtok våren 2014 eit tillegg til kommunikasjonsplanen om Hauge-senteret og Ulvik poesifestival.

Figur 15. Medieomtale 2010-2014
Tal medieklipper



16.1 Mediedekning

Ulike sider av verksemda vår blei omtalt i 2967 registrerte artiklar og oppslag i norske massemedium, mot 6000 året før og 3004 i 2012. Språkåret utgjer skilnaden. Desse tala skil ikkje mellom riks- og lokalmedium eller mellom store og små oppslag.

Mest omtalt av institusjonane vår evar Aasentunet, før Nynorsk kultursentrums, Hauge-senteret og Dei nynorske festspela. Jamført med Festspela blei Ulvik poesifestival omtalt lite.

Av norske litteraturfestivalar vi undersøkte, var berre Bjørnsonfestivalen meir omtalt enn Dei nynorske festspela. Aasen-tunet var omtalt nesten dobbelt så mange gonger som Hamsunsenteret og nesten like mange gonger som Noregs Mållag.

Ivar Aasen blei omtalt 1174 gonger, mot 2514 året før og 1158 i 2012. Mest uventa var det at Olav H. Hauge blei omtalt mindre i 2014 enn året før.

Over tid viser omtalane at *poesi* blir mykje meir brukta enn *lyrikk*, og *nynorsk* blir omtalt dobbelt så mange gonger som *dialekt*. I 2014 registrerte vi 3812 oppslag om nynorsk, mot 4838 året før. Tilsvarande tal for dialekt var 1930 og 2517.

16.2 Presse og kringkasting

Vi sende ut 87 pressemeldingar, mot 97 i Språkåret 2013 og 67 i 2012. Dei aller fleste blei også publiserte på nettstadene og i sosiale medium. 65 av meldingane var frå Aasen-tunet og 22 frå Hauge-senteret.

Som tidlegare år førte vi ein aktiv informasjonspolitikk med pressemeldingar og annonsar for alle arrangement. Vi sende også ut pressemeldingar om sentrale kulturpolitiske spørsmål og fagartiklar til dagspresse og tidsskrift.

I samarbeid med Noregs Mållag og LNK abonnerte vi på mediekliipp frå Retriever.

Opninga av Hauge-senteret 4.9. blei dekt med ei fleire timer lang direktesending i NRK Hordaland og innslag i NRK

Dagrevyen, NRK Lørdagsrevyen og NRK Kulturnytt. Elles var journalistar frå Bergens Tidende, Dag og Tid og Nynorsk pressekontor til stades. Fleire riksaviser dekte hendinga gjennom kommentarar og kronikkar.

16.3 Trykksaker

I 2014 gav Aasen-tunet ut to utgåver av meldingsbladet Symra, i januar og september. Begge utgåvene blei trykte i 20 000 eksemplar, som året før, og spreidde etter faste adresselister og til alle husstandane i Hornindal, Stryn, Eid, Hareid, Herøy, Sande, Ulstein, Vanylven, Volda og Ørsta. Nytt av året eva ein avtale med Hotell Ivar Aasen om å leggje Symra på kvart hotellrom.

Dei nynorske festspela hadde i 2014 same grafiske profilen på alle trykksakene. Øystein Vidnes skapte motivet, som også blei nytta til brosjyre, programavis og festspelbanner.

Festspelavisa var som tidlegare år ei egenprodusert avis på 32 sider i fire fargar i tabloidformat, det same som i 2013. Avisa blei trykt i 33 000 eksemplar og distribuert som innstikk i heile opplaget til Sunnmørs-posten 12.6, og lagd ut i butikkar og andre samlingsstader i regionen.

Programfaldar blei sendt til alle husstandane i dei ti nærmaste kommunane, dei same som Symra.

Festspelplakaten blei trykt i 1500 eksemplar i fleire format og send til mellom andre bibliotek, kulturhus og rådhus i utvalde kommunar.

Vi laga ny tunbrosjyre og tunplakatar til sommarsesongen i Aasen-tunet i samarbeid med Kib&Morits i Volda. Denne blei delt ut og hengt opp lokalt og elles distribuert til ein del nynorskkommunar og turistinformasjinar. Det blei trykt 10 000 brosjyrar og 1200 plakatar i tre ulike storleikar.

Hauge-senteret gav ut to utgåver av Onen, i januar og september, som i 2013. Begge blei trykte i 15 000 eksemplar og sendt til alle husstandane i Ulvik, Granvin, Eidfjord, Jondal, Ullensvang, Odda, Kvam og Voss.

Vi trykte 1500 programhefte og 500 plakatar formgitt av Jacob Lysgaard. Begge delar blei distribuert i Hardanger, Voss og Bergen. Vi sende også programhefte til litterære institusjonar rundt om i landet.

16.4 Annonsering

Alle arrangementa i Aasen-tunet blei annonserete i lokalavisene Møre, Møre-Nytt, Viktbladet, Vestlandsnytt og Fjordingen, og vi hadde annonse for sesongane i Regionavisa.

For Dei nynorske festspela brukte vi om lag 2/3 av annonsebudsjettet lokalt og 1/3 i riksmedium.

Aasen-tunet var også i 2014 med i Ørsta Reiselivslag og Destinasjon Ålesund & Sunnmøre si marknadsføring av regionen og hadde både redaksjonell omtale og eigne lyssingar i deira trykksaker. Vi var dessutan med i to-tre nettkatalogar med oversyn over museum og/eller kulturreisemål.

I heile 2014 hadde Aasen-tunet fast reklameplass til ein plakat i lyskasse på ferja Volda–Folkestad og på begge ferjene m Festøya–Solevågen.

Hauge-senteret var i 2014 med i Destinasjon Hardanger. Til arrangementa trykte vi opp plakatar som blei spreidde i nærmiljøet. Arrangementa blei annonserete i Avisa Hordaland og på gratissida «Det skjer» i Bergens Tidende.

For Ulvik poesifestival brukte vi om lag 2/3 av annonsebudsjettet lokalt og regionalt og 1/3 i riksmedium.

16.5 Sosiale medium

Ved utgangen av 2014 hadde vi 7171 følgjarar i sosiale medium, mot 4470 året før.

Desse fordelte seg med 5767 følgjarar på fem Facebook-kontoar og 1404 likarar på to Twitter-kontoar. Vi tok over Facebook-kontoen til Ulvik poesifestival i 2014, og der hadde vi ved utgangen av året 1049 følgjarar.

Både Aasen-tunet og Hauge-senteret brukte Facebook og Twitter (og YouTube) aktivt i marknadsføringa i 2014. Sidene på Facebook blei mellom anna brukte til å spreie informasjon om og frå dei fleste arrangementa.

Meldingskanalen Twitter blei i 2014 mest brukt til å spreie pressemeldingar med politisk innhald, siste ytring, utdrag frå talar, innlegg, debattar og foredrag under Festspela. Hauge-senteret publiserte i tillegg si-
tat frå dagbøkene til Hauge.

16.6 Reiselivssamarbeid

Som medlem i Ørsta reiselivslag og i Destinasjon Ålesund og Sunnmøre (DÅS) var Aasen-tunet mellom anna vore med i reisemålskatalogar frå FjordNorge. I tillegg blei Aasen-tunet nemnt som reisemål i brosjyrar og anna trykt materiell frå reiselivslaga.

DÅS bruker svært lite nynorsk og bryt dermed med dei føresetnadene vi la til grunn ved innmeldinga i 2004. Eit samrøystes årsmøtevedtak i 2012 gjekk inn for å greie ut om fordelar og ulempar ved bruk av bokmål elle nynorsk til årsmøtet i 2013. Nynorsk kultursentrum tek del i dette arbeidet. Det blir arbeidd med ulike samanslåingsmodellar mellom DÅS og Destinasjon Geiranger og Trollstigen (DGT) og/eller Destinasjon Nordfjord, og difor er nynorsksaka utsett, men både DGT og DN nyttar nynorsk i sitt arbeid.

Aasen-tunet var med på fleire samarbeidsprosjekt for marknadsføring av reiseliv:

- ”Kapp det gode liv” marknadsfører reiselivsbedrifter på Søre Sunnmøre og i Nordfjord
- Reiseruteprosjektet Fjordstreif i regi av Hanen, interesseorganisasjon for bygdeturisme, gardsmat og innlandsfiske.
- Bygdeturismekampanjen, ein del av Norges kampanjen til Innovasjon Norge, for å profilere Noreg som feriemål for folk busett i Noreg

Hauge-senteret er medlem i Destinasjon Hardanger Fjord og Ulvik destinasjon med omtale i Hardanger Guiden 2014.

16.7 Logo- og profilprogram

Ulvik poesifestival fekk i 2014 eigen logo og profilfargar, i tråd med profilprogrammet frå 2012. Nettstaden til poesifestivalen er også i tråd med profilprogrammet.

17 Gjester


Etter rekordåret 2013 minka gjestetalet med berre 3 prosent frå 30 743 i 2013 til 29 679 i 2014.

Aasen-tunet hadde 24 133 gjester mot 29 966 året før, og Hauge-senteret hadde 5546 gjester mot 777 året før.

Vi hadde fleire gjester på arrangement og i utstillingane enn året før, men færre gjester på skuleturnear og utleigearrangment (figur 16).

Truleg er vi eit av musea i Noreg med størst del born og unge blant gjestene.

Figur 16. Gjesteprofil 2010-2014
Absolutte tal



17.1 Gjesteprofil

I 2014 kom 83 prosent av gjestene til festival, utstillingar eller skulesekkframsyningar, mot 69 prosent året før. Festivalane stod for 33 prosent av gjestene, skulesekkfram-syningane for 28 prosent og utstillingane for 22 prosent.

Gjestene fordele seg annleis utover året i 2014 enn tidlegare år (tabell 6). Sommarsesongen har tidlegare vore dominerande, men grunna auka aktivitet i dei andre sesongane er fordelinga no jamnare enn tidlegare. Aktivitetsprofilen vår gjer at gjestene kjem meir jamt gjennom året enn tilfellet er for mange andre museum.

Tabell 6. Prosentfordeling gjester etter sesong 2010–2014

| | Vår | Sommar | Haust |
|------|-----|--------|-------|
| 2010 | 31 | 49 | 20 |
| 2011 | 26 | 45 | 29 |
| 2012 | 22 | 35 | 43 |
| 2013 | 32 | 37 | 31 |
| 2014 | 18 | 31 | 51 |

I år med to festivalar aukar risikoen i andre hjalvår. Sjølv ikkje i opningsåret for Aasen-tunet i 2000 utgjorde haustsesongen ein så stor del av samla gjestetal som i 2014. Også i absolutte tal var dette den beste haustsesongen nokon gong, sjølv når tilveksten Ulvik poesifestival ikkje er rekna med.

17.2 Marknadsposisjon

Barn og unge utgjer ein mykje større del av gjestene våre enn for musea i Møre og Romsdal og i heile landet. Vår prosentdel av alle museumsgjester i Møre og Romsdal aukar jamt, men den minkar for unike brukarar på museumsnettstader.

Statistikk for museum frå Kulturrådet for 2013 er den nyaste tilgjengelege. Først med tal for 2014 kan vi jamføre for Hordaland.

I 2013 hadde seks museumseininger i Møre og Romsdal 399 970 gjester. Av dette stod vi for 7,7 prosent, mot 5,8 prosent i 2012 og 4,7 prosent i 2011.

Musea i fylket hadde 453 868 gjester på eigne nettstader. Av dette stod vi for 41 prosent, mot 67 prosent i 2012 og 66 prosent i 2011.

Tabell 7. Pedagogisk verksemd for barn og unge
Prosent av alle gjester

| | 2010 | 2011 | 2012 | 2013 |
|------------------------|------|------|------|------|
| Nynorsk kultursentrums | 20 | 20 | 38 | 38 |
| Møre og Romsdal | 4 | 9 | 13 | 7 |
| Noreg | 9 | 10 | 10 | 12 |

Vi gir pedagogiske tilbod til ein mykje større del av gjestene våre enn musea elles i fylket og landet (tabell 7). I 2023 tok 38 prosent av gjestene våre del i pedagogisk verksemd for barn og unge, mot 7 prosent i Møre og Romsdal og 12 prosent i heile landet.

17.3 Gjesteundersøking

Vi hadde ingen gjesteundersøkingar i 2014.

17.4 Opningstider

Opningstidene for Aasen-tunet har, med små justeringar, vore dei same sidan opningssesongen, med utvida opningstider under Dei nynorske festspela, og ope enkelte dagar i dei store høgtidene.

16.6.–14.8.: måndag–fredag 10–16, lørdag 12–17

15.8.–15.6.: måndag–fredag 10–17, laurdag og lørdag 12–17

Til og med 3.9. var Hauge-senteret berre ope for grupper som hadde tinga på førehånd.

4.–7.9.: torsdag – lørdag 10–21

9.9.–31.10: tysdag – fredag 10–16, lørdag 12–17

1.11.–21.12: tysdag–fredag 10–16, laurdag og lørdag 12–17

Aasen-tunet var ope 305 dagar i 2014, som året før, medan Hauge-senteret var ope 87 dagar, mot 225 i året før.

17.5 Billettsystem og prisar

Den etablerte prismodellen blei ført vidare med uendra prisar i 2014. Aasen-tunet og Hauge-senteret hadde dei same prisane:

- Vaksne 75,00
- Born og unge 6–16, og studentar 35,00

- Honnør 50,00
 - Familie (inntil to vaksne) 150,00
 - Grupper (minst 15 personar) 50,00
 - Skuleklassar 20,00
 - Utstillingar i Galleriet 30,00
 - Tillegg utanom opningstid 25,00
- Alle festivalgjester hadde fritt tilgjenge til basisutstillingane.

Vi har like sidan opningssesongen lagt vekt på å venje publikum til at kvalitet kostar og at dei skal få valuta for pengane. Samstundes skal tilbodet vårt romme høveleg mange arrangement som er gratis eller kostar svært lite. For enkeltarrangement varierte prisane i 2014 frå 0 til 375 kroner.

Begge festivalane hadde både gratistilbod, svært rimelege arrangement og nokre dyrare. Publikum kunne løyse festspelpass til 1350 kroner som gav tilgjenge til alle arrangement og tilsvarande festivalpass til 1300 for Ulvik poesifestival.

Festivalgjester handlar jamt meir billettar via Internett, men ikkje andre arrangementsgjester på kulturprogrammet.


18 Økonomi

Medrekna finansinntekter mink inntektene med 5 prosent frå 24 211 000 i 2013 til 23 087 000 i 2014. Driftskostnadene minka med 3 prosent frå 23 041 000 i 2013 til 22 265 000 i 2014.

Aasen-tunet stod for 64 prosent av inntektene, Hauge-senteret for 22 prosent og Felles 12 prosent. Dei tilsvarande tala året før var 73 prosent, 12 prosent og 11 prosent.

Figur 17. Kostnadsprofil 2010–2014

Prosent



18.1 Konsern

Rekna som konsern inkluderer Nynorsk kultursentrum Allkunne AS.

For konsernet minka driftsinntektene med 5 prosent frå 26 927 000 i 2013 til 25 568 000 i 2014. Dette gav eit overskot på 942 000 mot 1 564 000 året før.

Når prosjekt med eigen rekneskap, dvs. Språkåret 2013 og basisutstilling Hauge-senteret, er rekna med, var dei samla inntektene på 31 990 000 i 2014, mot 32 354 000 året før.

18.2 Investeringsar

I 2014 investerte vi til saman 5 095 000 i tre større prosjekt – basisutstilling Hauge-senteret, ombygging av heradshuset i Ulvik og sluttføring av basisutstillinga i Aasen-tunet. Av dette dekte vi 1 307 000 av eigne midlar.

Alle prosjekta blei gjennomførte innanfor fastsette planar og budsjett.

Vi brukte 4 712 000 til basisutstilling i Hauge-senteret og ombygging av leigde utstillingslokale. Dette blei finansiert med 2 838 000 i offentlege tilskot, 950 000 i tilskot frå private institusjonar og 924 000 i eigne midlar. Av eigne midlar kom 550 000 frå tidlegare avsetjingar, medan 374 000 blei kostnadsførte over driftsrekneskapen i 2014. I tillegg utførte fast tilsette om lag 0,8 årsverk på basisutstillinga i 2014.

Av den samla investeringa i basisutstillinga i Hauge-senteret gjekk 466 000 til bygningstekniske endringar. Ein vesentleg del av dette var ferdigstilling av den ombygginga som kommunen stod for 2009–2010. Dessutan investerte vi 264 000 i utbetring og ombygging av resepsjon og butikk. I Aasen-tunet investerte vi 119 000 i basisutstillinga og støydemping i kafeen.

Dei vedlikehaldsoppgåvene vi meinte var nødvendige, blei gjennomførte i 2014.

Avskrivingskostnadene auka frå 391 000 i 2013 til 430 000 i 2014.

Frå og med den første fornyinga av basisutstillinga i Aasen-tunet frå 2006 hadde vi ved utgangen av 2014 investert 11,8 millionar i større utbetringar av bygningar og anlegg. Av dette har vi dekt 4,9 millionar ved

eigne midlar, utan å ta opp lån. Alle prosjekta er fullførte innanfor budsjett.

18.3 Driftsinntekter

Etter fleire år med sterke økninger i driftsinntektene fall desse som venta i 2014.

Rekneskapsført driftstilskot frå Kulturdepartementet øka med 2 prosent frå 14 397 000 i 2013 til 14 725 000 i 2014.

Offentlege prosjekt- og driftstilskot frå fylkeskommunar og kommunar øka med 59 prosent frå 1 842 000 i 2013 til 2 938 000 i 2013.

Billettsal, sal av varer og tenester, utleige og sponsoravtalar m.m. utgjer marknadsinntektene. Desse gjekk ned med 30 prosent frå 7 020 000 i 2013 til 5 364 000 i 2013. Dette var likevel 15 prosent over marknadsinntektene i 2012.

Medrekna midlar til Vinjefondet utgjorde ordinært driftstilskot frå Kulturdepartementet 64 prosent i 2014, mot 59 prosent året før (tabell 8). Utanom Språkkåret 2013 ligg marknadsinntektene stabilt på nær 25 prosent frå år til år. For kvar krone vi får ekstra i offentlege tilskot, skaffar vi ei krone sjølve.

Tabell 8. Profil driftsinntekter 2010–2014

Prosent

| | Stat | Fylke | Kommunar | Marknad |
|------|------|-------|----------|---------|
| 2010 | 73 | 1 | 1 | 25 |
| 2011 | 70 | 3 | 3 | 24 |
| 2012 | 71 | 3 | 3 | 23 |
| 2013 | 59 | 3 | 4 | 34 |
| 2014 | 64 | 4 | 9 | 23 |

Billettinntektene passerte for første gong 1 million. Desse inntektene øka med 19 prosent frå 892 000 i 2013 til 1 060 000 i 2014 og utgjorde 4,6 prosent av driftsinntektene, mot 3,7 prosent året før.

Bruttoomsetninga over kassa inkl. mva gjekk ned frå 3,7 millionar i 2013 til 3,3 millionar i 2014. Denne pengestraumen er med og sikrar likviditeten vår.

18.4 Driftskostnader

Kostnadene blei reduserte takt med dei lågare inntektene i 2014.

Samla lønskostnader øka med 5,8 prosent frå 10 292 000 i 2013 til 10 891 000 i 2014. Dette utgjorde 49 prosent av alle kostnader, mot 45 prosent i 2013.

Vi kjøpte varer og tenester for 2 253 000, mot 3 568 000 året før. Dette utgjorde 19 prosent av kostnadene, mot 16 prosent året før.

Reisekostnadene minka med 13 prosent frå 1 429 000 i 2013 til 1 242 000 i 2014. Dette utgjorde 6 prosent av kostnadene, som året før.

18.5 Drifts- og prosjekttilstskot

Kulturdepartementet løvvde i alt 17 455 000 til drifta i 2014. Dette inkluderer 566 500 til Vinjefondet og 2 481 000 til Allkunne. Av løvvinga til Vinjefondet blei 249 000 overførte til 2015.

Til Hauge-senteret og fellesfunksjonar for Hauge-senteret gjekk 3 300 000 av løvvinga frå Kulturdepartementet. Hordaland fylkeskommune løvvde 711 000 og Ulvik herad 930 000 medrekna verdien av husleige på 132 000.

Til Ulvik poesifestival 2014 løvvde Ulvik herad 500 000 i 2014 og 512 500 i 2015. Av dette blei 1 000 000 inntektsført i 2014.

Vi inntektsførte til saman 3 028 500 i prosjekttilstskot mot 965 000 året før:

- Kulturdepartementet: 1 500 000 til basisutstilling Hauge-senteret
- Kulturdepartementet: 187 500 i gaveforesteringsmidlar til basisutstilling Hauge-senteret
- Fritt Ord: 400 000 til basisutstilling Hauge-senteret
- Hardangerrådet: 200 000 til basisutstilling Hauge-senteret
- Sparebankstiftinga Hardanger: 200 000 til basisutstilling Hauge-senteret
- Vestenfjeldske Bykreditt: 150 000 til basisutstilling Hauge-senteret
- Ulvik herad: 100 000 til basisutstilling Hauge-senteret
- Norsk kulturråd: 60 000 til litterært digitalprosjekt
- Møre og Romsdal fylkeskommune: 131 510 til Dei nynorske festspela

- Volda kommune: 75 000 til Dei nynorske festspela
- Ørsta kommune: 75 000 til Dei nynorske festspela

Den inntektsførte summen frå Norsk kulturråd er resten av ei tidlegare løyving.

Kulturdepartementet løyvde 300 000 til database for *Språkfakta*. Summen blir overført til 2015.

18.6 Samarbeidspartnarar

Vi hadde i 2014 gode og langsiktige sponsoravtalar med fire samarbeidspartnarar: Det norske oljeselskap, Sunnmørsposten og Sparebank1 Søre Sunnmøre. Rekneskapsførte inntekter frå desse avtalane utgjorde 392 000, mot 453 000 året før.

Alt i alt hadde vi 103 samarbeidspartnarar i 2014, mot heile 130 året før:

Amfi Ørsta, Aschehoug, Avinor, Bertel O. Steen, Bil & Gummiservice, Bokklubben, Borgarsyssel Museum, Brakanes barne- og ungdomsskule, Brakanes hotell og kurs- og konferansesenter, Brudevoll kjøtt AS, Den grøne kafé, Den mangfaldige scenen, Det Norske Samlaget, Drøs bakeri og kafé, Fjord 1 Buss Møre, Forlaget Skald, Forskingsdagsane, Forskingssenter for skriftkultur, Fritt Ord, Frukt- og siderruta, Fugl Føniks kaffibar, Hardanger 2014, Hardanger og Voss Museum, Hjadlane galleri, Hjelmeland Folkeakademi, Hjelmeland Historielag, Hjelmeland Mållag, Hjeltnes vidaregåande skule, Hordaland fylkeskommune, Hordaland Teater, Hotell Ivar Aasen, Høgskulen i Sogn og Fjordane, Høgskulen i Volda, Jazz-klubben Volda Ørsta, Kafé Fru Svendsen, Kontaktpunktet, Kyrkjebjubileet i Ørsta, Lindås bibliotek, Lydkjelleren, Mangschou forlag, Mås fjorden bibliotek, Meland bibliotek, Mylnefolket, Møre folkehøgskule, Møre og Romsdal fylkesbibliotek, Møre og Romsdal fylkeskommune, Nettbuss, Norddal Mållag, Norsk Botanisk Forening, Norsk Forfattersentrum, Norsk PEN, NRK, NRK Nynorsk mediesenter, Nynorskcenteret, Nyttevekstforeningen i Ålesund, Oktober forlag, Olav H. Hauge-stiftinga, Ole Ringdal as, Osterøy bibliotek,

Petter Dass-museet, Rogaland fylkeskommune, Rokken, Rossvoll, Selja forlag, Sidersleppet i Ulvik, Sivert Aarflot-museet, Sparebank1 Søre Sunnmøre, Spinneriet Volda, StudiebygdA, Sunnmøre kulturnæringshage, Sunnmørsposten, Tine Meierier Ørsta, Tinn dialekt- og mållag, TV2, Ulvik bygdekvinnelag, Ulvik folkebibliotek, Ulvik herad, Ulvik idrottslag/Kvasshovden opp, Ulvik mållag, Ulvik sokneråd, Vartdal Plast, Venelaget Olav H. Hauge, Vinje kommune, Volda Bil, Volda elektriske mylne (Mylnå), Volda frivilligsentral, Volda næringsforum, Volda kommune, Volda Mode, Volda og Ørsta kyrkjeakademi, Volda omsorgssenter Volda sokneråd, Volda vidaregåande skule, Voss bibliotek, Westre bakeri, Ørsta folkebibliotek, Ørsta frivilligsentral, Ørsta hagelag, Ørsta kommune, Ørsta Mållag, Ørsta næringsskontor, Ørsta sokneråd, Øyo bibliotek.

Nynorsk kultursentrum takkar alle!

19 Retning 2018

Nynorsk kultursentrum førte vidare det omfattande kulturpolitiske arbeidet sitt i 2014. Med grunnlag i *Visjon og strategi 2013–2016* heldt vi fast ved posisjonen vår som ein sjølvstendig kulturinstitusjon.

Mykje av vår forståing av den norske språk- og kultursituasjonen låg til grunn for den språkmeldinga frå regjeringa Stoltenberg som eit breitt fleirtal i Stortinget slutta seg til våren 2009. Gjennom årstalane 2001–2012, høyningsfråsegner, og språkleg, litterær og språkpolitisk dokumentasjon har vi arbeidd målretta for å fremje dialog med mange land og kulturar, følgje opp språkmeldinga, styrkje bruken av nynorsk for born, auke bruken av nynorsk i digitale medium, fornye opplæringspolitikken for nynorsk og forme ein ny og moderne argumentasjon for nynorsk.


No følger vi opp Språkåret 2013 ved å gjere det til året som aldri sluttar. Vi utviklar vidare den språkfaglege tenkinga som prega

Språkåret, og i åra som kjem, går vi også djupare inn i litteraturfaglege spørsmål.

Som leiar for Nynorsk Forum har vi sidan 2000 dokumentert utviklinga i løyvingar til nasjonale og regionale kulturinstitusjonar over statsbudsjettet. Desse løyvingane frå ulike departement summerer vi og reknar ut i prosent av den samla løyvinga frå Kulturdepartementet. Dette resulterer i ein nynorskindeks. I dei åra vi har dokumentert, var denne aldri lågare enn i 2014 – 2,7 prosent mot 2,8 prosent for 2015 måtte løyvingane til nynorsktiltak ha vore om lag 75 millionar kroner høgare for at nynorskindeksen skulle vere på høgd med 3,2 prosent i 2010.

Skal nynorskindeksen bli betre, må det utviklast nye og større nynorskprosjekt. Styret i Nynorsk kultursentrum vedtok i 2014 å invitere nøkkelinstitusjonar til eit første arbeidsmøte om dette i 2015.

Figur 18. Nynorskindeksen 2010-2014
Prosent



19.1 Strategisk utvikling og nye oppgåver
Både formelt med sine 24 stiftarar og gjennom ein brei praksis er Nynorsk kultursentrum *ein nasjonal institusjon*. Fagleg, økonomisk og praktisk er det krevjande å drive ein nasjonal institusjon utanfor hovudstaden. Så vel publikum som massemiddle har lett for å oppfatte slike institusjonar som lokale, sjølv om ein nasjonal institusjon i Oslo kan ha eit like avgrensa nedslagsfelt.

Vi legg til grunn at *kulturelt mangfold* inkluderer det tradisjonelle norske kulturelle mangfaldet, og at bokmål og nynorsk er to norske språk.

Kvalitet i alle ledd skal vere kjennemerket for verksemd i regi av Nynorsk kultursentrum. Vi måler alltid verdien av publikums-tilbodet i meir enn gjestetal, og vekst kan dreie seg om noko anna enn fleire kroner eller fleire gjester.

Nye tiltak vi går inn i, skal *styrke det vi alt gjer* og ikkje svekkje noko av dette. Alt no ser vi at Aasen-tunet og Hauge-senteret styrjer kvarandre, likeins Dei nynorske festspela og Ulvik poesifestival.

Rådet har streka under at vidare utbygging i *Aasen-tunet* bør vere ei av dei nynorske hovudsakene det komande tiåret. Aasen-tunet er generelt i god stand. Etterspurnaden og aktiviteten er alt mykje større enn det ein rekna med då institusjonen blei planlagd. Presset er difor stort i mange ledd. Alt dette gjer det nødvendig å avklare ei rekje spørsmål i åra frametter:

- Ny, eigen bygning som gir oss meir plass
- Noko meir utbetring av Gamlevegen
- Garasje og reiskapshus

Vedlikehald av natur- og kulturlandskapet er ei kontinuerleg oppgåve. Styret vedtok i juni 2014 ein første framdriftsplan for arbeidet.

Hauge-senteret får det første fulle driftsåret i 2015. Ulvik herad har lagt til rette for at vi no disponerer den plassen vi treng for å skale gode eigeninntekter. Ulvik er eit mykje større reisemål for turistar enn Ørsta og Volda er. Difor blir sommarsesongen svært viktig for Hauge-senteret, og erfaringane frå dette arbeidet vil kome Aasen-tunet til gode..

Nynorsk kultursentrum er ein av få kulturinstitusjonar som også driv festivalar. Etablerte støtteordningar for festivalar tek ikkje omsyn til dette, og vi held fram arbeidet for å få endra desse. *Dei nynorske festspela* er blitt den største nynorskfestivalen og er solid etablert som tverrkunstnarleg og sjangerkryssande festival med litterært og språkleg tyngdepunkt. Dette skal kome Ulvik poesifestival til gode. Dei to festivalane skal bli verande ulike i programprofil, men drivast mest mogleg likt.

Nynorsk kultursentrum ønskjer å *bli ein større organisasjon*, men etablerte tiltak må ha passert sine milepålar før nye større tiltak blir ein del av porteføljen. Det er strategisk bra for oss å få fotfeste fleire stader i landet. Vi er no organiserte slik at det etter måten er lett å integrere nye einingar i drifta. Dette føreset:

- Sikker grunnfinansiering av nye driftsavdelingar frå stat, fylkeskommunar og kommunar
- Ein eigenkapital på minst 4 millionar kroner innan få år
- Større administrativ kapasitet i avdeling Felles eller andre stader i organisasjonen
- Vidareutvikling av dei sistema vi har etablert for erfaringsutveksling og kunnskapsutvikling mellom avdelingane

Vinje kommune tok i 2011 initiativ til drøfting av samarbeid fram mot 200-årsjubileet for A.O. Vinje i 2018. Det prioriterte utviklingstiltaket vårt dei komande åra er å følgje opp og realisere intensjonsavtalen om *Vinje-senteret* for dikting, journalistikk og språkleg mangfold.

I 2012 tok kommunane Vågå, Lom og Skjåk kontakt om å lage *Diktarhuset i Lom*. Partane kom i 2014 fram til ein felles intensjonsavtale om prosjektet. Dette er det nest viktigaste utviklingstiltaket vårt, etter Vinje-senteret.

Begge desse tiltaka blir planlagde som nye driftsavdelingar i Nynorsk kultursentrum.

Som andre museum utviklar vi *forsking og dokumentasjon*, og vi driv kunnskapsbasert formidling. Vi legg som før vår eigen definisjon av slik verksemld til grunn:

«Dokumentasjon kan forståast som systematisk og kjeldekritisk bearbeiding av informasjon frå eigne samlingar eller innanfor dei emna ein abm-institusjon konsentrerer seg om. Denne bearbeidingsa kan omfatte omtale, fagleg beskriving og analyse».

Dokumentasjon omfattar dermed også systematisk arbeid med immaterielle data, til dømes statistikk eller analysar. I eit slikt

perspektiv blir skiljet mellom dokumentasjon og forsking lite skarpt. Eit museum som arbeider med dokumentasjon vil bruke forskarenas metodar, men presenterer sjeldan materialet sitt i forskarenas sjangrar, som avhandlingar eller vitskaplege artiklar.

Det vi dokumenterer, skal helst kunne brukast til noko, anten av oss sjølv eller av utanforståande. Nynorsk kultursentrum har over tid utvikla mykje kunnskap som ikkje var der frå før. Denne har vi brukt til å opne nye inngangar som aktør og skape nye forteljingar som formidlar.

Nynorsk kultursentrum er blitt ein svært utoverretta organisasjon. Dei neste åra må vi prioritere *samlingsforvaltning*. Relativt meir arbeidstid vil gå med til interne oppgåver som registrering, katalogisering og konservering.

I *det kulturfaglege arbeidet* vil vi i større grad enn før kombinere det språk- og litteraturfaglege med resultatretta tilbod og tenester til prioriterte målgrupper.

Ein vesentleg større del av gjestene våre er *born og unge* enn hos museum flest. Den kunnskapen og dei erfaringane dette har gitt oss, vil vi utvikle vidare. Både for Aasen-tunet og Hauge-senteret blir Den kulturelle sulesekken ei hovudscene i åra som kjem.

Aasen-tunet har dessutan snart ti års røynsle med figuren Lurivar, som er språkleg nysgjerrig og stolt av språket sitt, og ein døropnar til nynorsk litteratur og undring over språk. Dette er ein av få ikkje-kommersielle barnefigurar i Noreg. Vi kombinerer nokre få lisensprodukt med læring og aktivisering, og desse varene marknadsfører vi ikkje på Tunkatten.no. Innanfor rimelege grenser gjer vi møta med tunkatten til ei kjøpfri sone.

For Hauge-senteret blir barnelyrikk og barnesong prioriterte arbeidsområde overfor den same målgruppa.

Vi arbeider heile tida med å *auke marknadsinntektene våre*. For kvar krone vi får ekstra i offentlege tilskot, skal vi skaffe ei krone sjølv. Dei tre viktigaste verkemidla er kafeen i Aasen-tunet og dei to museumsbutikkane.

Nynorsk kultursentrum prioriterte *digitale tenester* tidlegare enn mange museum. No har dei andre kome etter. På nettstadene legg vi vekt på å publisere både nytta, opphavsverna materiale og stoff som har falle i det fri – i 2015 vil det seie tekstar av forfattarar som døydde før utgangen av 1944.

Nettportalen Digitaltmuseum.no har gitt oss meir kontakt med publikum, som også lett kan gi oss eventuell tilleggsinformasjon om gjenstandane vi presenterer der.

19.2 Utvikling av samarbeid og nettverk

Nynorsk kultursentrum har leidd arbeidet i *Nynorsk Forum* sidan 2000 og held fram i denne rolla. Nynorsk skriftkultur har mange handlekraftige miljø og mange institusjonar, som alltid manglar pengar til å realisere dei beste ideane. Nynorskinstitusjonar samarbeider betre enn nokon gong og prøver å utnytte den nynorske marknadsmakta som finst. Også i framtida vil likevel nynorsk skriftkultur vere avhengig av målretta, oftentleg støtte og favorisering.

Nyvinningane til fordel for nynorsk-brukarane og nynorsk skriftkultur generelt er nesten alltid resultatet av samordna og målretta innsats frå mange hald. Vi legg vekt på samarbeid og samordning med både den organiserte målrørsla og sentrale nynorskinstitusjonar om oppgåver som kan gi resultat.

Det siste tiåret har det kome til mange nye institusjonar, både i norsk kulturliv generelt og i nynorskmiljøet. Dette set jamleg evna til samarbeid på prøve. Vi tek svært gjerne del i prosjekt som samsvarar med forretningsideen vår. Der vi er med, ønskjer vi å vere aktive, ikkje eit namn til utlån.

Internasjonalt følgjer vi opp den kontakt enmed *Summer Institute of Linguistics* i Dallas, USA, som vi etablerte i 2011. Dette er største språksenteret i verda, og samarbeidet vil vise att over fleire år.

Vi vil etablere eit globalt nettverk av språk- og skriftkulturmuseum. Grunnlaget er dokumentasjonen *Museums of languages and written culture* som blir utgitt vinteren 2015 med informasjon om mellom anna 59

språkmuseum i 31 land. Den internasjonale samarbeidsflata blir også utvida gjennom Litteraturnettverket, ICLM og ICOM.

I 2011 blei vi involverte i arbeidet med å utvikle eit *verdssenter for språk på Island*. Ein intensjonsavtale mellom fem islandske og norske partar blei signert i 2012, og Nynorsk kultursentrum leidde arbeidet i ei arbeidsgruppe som følgde opp avtalen. Manglande respons frå islandsk side gjorde at arbeidet blei avvikla ved utgangen av 2014.

Vinjefondet er eit lite, men målretta tiltak som kjem i tillegg til dei store støtteordningane. Med midlar frå Vinjefondet kan jamt fleire medieverksemder vere med og auke bruken av nynorsk.

Utanom Vinjefondet utøver vi ikkje forvaltningsansvar for det offentlege på arbeidsfelts våre. Tvert om øver vi press mot dei som har det ansvaret. Samstundes stiller vi gjerne kompetansen vår til rådvelde for arbeid og tiltak som kan gjere det lettare å vere nynorskbrukar.

19.3 Språk- og litteraturpolitisk aktør

Vi spelar ei sjølvstendig og kritisk rolle overfor styresmaktene. I dette ligg at vi er ein aktør i den norske offentlegheita både nasjonalt, regionalt og lokalt. Kritisk og konstruktivt er vi med og styrker den nynorske skriftkulturens plass i det norske samfunnet.

Sidan 2004 har det vore uttrykt politikk frå eit breitt fleirtal i Stortinget at det skal gjennomførast ei systematisk styrking av nynorsk skriftkultur fram mot 200-årsjubileet for Ivar Aasen i 2013.

Nynorsk kultursentrum har forplikta seg til å forvalte det ansvaret det er å få ført vidare prosjekt frå Språkåret i regi av ulike institusjonar og organisasjonar. Dette inneber at vi i tida framover arbeider både med nynorsk skriftkultur og andre delar av det norske språklege mangfaldet.

Med Hauge-senteret i full drift blir *rammevilkåra for lyrikk* i Noreg eit nytt arbeidsfelt for oss. Dette gjeld både skriftleg poesi, songlyrikk og brukslyrikk.

Den nynorske skriftkulturen er 150 år gammal og byggjer på ein tusenårs lang skrifttradisjon. Eit mindretal av all verdas språk kan vise til noko liknande. Å forstå denne tradisjonen, og vere med og utvikle denne skriftkulturen vidare, er den lange oppgåva for oss.

Eit handfast tiltak er å vere med og legge grunnlaget for ei *nynorsk litteraturhistorie* som dekkjer skjønnlitteratur og sakprosa, nynorsk og dialekt. Vi tok første gongen til orde for eit slikt prosjekt i årstale nr. 9 i 2009. Dokumentasjonen i *Språkfakta* er saman med den nynorske pressehistoria og omfattande bibliografiske studiar noko av kunnskapsgrunnlaget.

Arbeidet held fram i retning av 2018 som rommar både 200-årsjubileet for A.O. Vinje og 150-årsjubileet for Det Norske Samlaget. Retning og prioriteringar følgjer av *Visjon og strategi* og av hundreårserklæringa frå 2013.

19.4 Nynorskpolitikk for det 21. hundreåret

Til 200-årsdagen for Ivar Aasen 5.8.2013 la Noregs Mållag og Nynorsk kultursentrum fram erklæringa «Nynorskpolitikk for det 21. hundreåret». Saman med strategiplanen er denne erklæringa eit grunndokument for det politiske arbeidet vårt.

Frå denne erklæringa har vi forma ti boddord for nynorsk i det 21. hundreåret:

1 Hald oppe Noreg som ein stat med to jamstilte norske språk.

2 Bruk konsekvent prinsippet nynorsk om at nynorsk alltid skal reknast med og vurderast der språk blir tematisert eller brukt.

3 Driv språkvern i praksis gjennom ei ny og utvida språkløv.

4 Gi born og unge meir nærbart med nynorsk.

5 Gjer nynorsk til eit språk også for innvandrarar.

6 Utvid den lokale offentlege språkpolitikken.

7 Hald oppe skulen som arena for språkleg jamstilling.

8 Bruk nynorsk i tenking og forsking.

9 Gjer digitale tenester på nynorsk sjølv sagtde.

10 Meir nynorsk i fritidsindustri, underhaldning og idrett.

To perspektiv blir overordna i arbeidet.

Vi vil dele *den norske røynsla* med andre.

Nordmenn er meir interesserte i språkspørsmål enn dei fleste. Gjennom språkstrid og andre motsetnader utvikla nordmenn på 1900-talet ein tradisjon for å dempe eller løyse kulturelle konfliktar utan bruk av vald. Denne norske røynsla er verdifull i dagens internasjonale samfunn og noko vi ønskjer å formidle til andre samfunn og statar.

Vi vil dokumentere og drøfte *kvifor mange nynorskbrukarar blir verande nynorskbrukarar*. I årstale nr. 4 i 2004 la vi fram den første systematiske dokumentasjonen av det vi kalla den språklege lekkasjen og som elles gjerne blir drøfta som språkskifte. Denne sida av saka er etter kvart ganse godt kartlagd. Derimot har knapt nokon studert dei mekanismane og faktorane som gjer at mange nynorskbrukarar faktisk blir verande nynorskbrukarar. Denne kunnskapen er nødvendig for at ein heilsakleg språkpolitikk for nynorsk skriftkultur skal kunne verke.

(Framhald neste år)

Statistikk 2000-2014

| | 2000-2009 | 2010 | 2011 | 2012 | 2013 | 2014 | I alt |
|------------------------------|------------------|----------------|----------------|----------------|----------------|----------------|------------------|
| ÅRSVERK | 119,8 | 13,7 | 15,9 | 16,5 | 20,5 | 20,1 | 206,5 |
| Fast tilsette | 94,8 | 9,6 | 11,0 | 11,9 | 13,5 | 16,1 | 156,9 |
| Engasjement | 22,0 | 3,6 | 4,5 | 4,2 | 6,3 | 3,6 | 44,2 |
| Arbeidstiltak | 2,0 | 0,3 | 0,2 | 0,2 | 0,5 | 0 | 3,2 |
| Frivillige | 1,0 | 0,2 | 0,2 | 0,2 | 0,2 | 0,4 | 2,2 |
| GJENSTANDAR | 53 555 | 56 293 | 56 535 | 57 044 | 57 459 | 7 081 | 64 540 |
| Tilfredsstillande registrert | 16169 | 16 169 | 17 109 | 17 654 | 18 372 | 7 002 | 25 374 |
| FORMIDLING | 272 | 65 | 56 | 38 | 95 | 35 | 561 |
| Bøker og småskrifter | 14 | 2 | 1 | 2 | 5 | 4 | 28 |
| Artiklar | 154 | 30 | 11 | 9 | 16 | 4 | 224 |
| Talar og foredrag | 104 | 33 | 44 | 27 | 74 | 27 | 309 |
| GJESTER OG BRUKARAR | 2 482 936 | 278 042 | 269 300 | 334 275 | 217 567 | 162 956 | 3 745 076 |
| Vanlege gjester | 185 011 | 16 690 | 19 206 | 21 854 | 30 743 | 29 679 | 303 183 |
| Vår | 47 165 | 5 065 | 4 988 | 4 806 | 9 815 | 5 071 | 76 910 |
| Sommar | 32 701 | 2 236 | 1 902 | 2 540 | 5 128 | 3 243 | 47 750 |
| Haust | 47 831 | 3 254 | 5 935 | 9 340 | 9 852 | 11 394 | 87 606 |
| Dei nynorske festspela | 57 314 | 6 135 | 6 381 | 5 168 | 5 948 | 6 081 | 87 027 |
| Ulvik poesifestival | | | | | | 3 890 | 3 890 |
| Nettstadbrukarar | 2 297 925 | 261 352 | 250 094 | 312 421 | 186 824 | 133 277 | 3 441 893 |
| Vår | 1 001 693 | 124 053 | 105 213 | 138 598 | 101 427 | 50 971 | 1 521 955 |
| Sommar | 518 528 | 47 106 | 46 803 | 55 624 | 34 298 | 25 641 | 728 000 |
| Haust | 777 704 | 90 193 | 98 078 | 118 199 | 51 099 | 56 528 | 1 191 801 |
| Gjester etter tilbod | | | | | | | |
| Utstillinger | 53 475 | 4 632 | 3 902 | 3 792 | 5 902 | 6 471 | 78 174 |
| Kulturprogram i eigen regi | 37 391 | 1 775 | 3 044 | 2 601 | 5 918 | 2 820 | 53 549 |
| Festivalar | 57 314 | 5 991 | 6 366 | 5 168 | 5 948 | 9 971 | 90 758 |
| Elevprogram turnear | 11 450 | 1 847 | 2 966 | 7 613 | 9 526 | 8 422 | 41 824 |
| Utleige | 25 381 | 2 445 | 2 928 | 2 680 | 3 449 | 1 995 | 38 878 |
| Gjester etter alder | | | | | | | |
| Barn og unge | 44 107 | 4 075 | 5 605 | 9 963 | 12 779 | 11 159 | 87 688 |
| Vaksne | 140 904 | 12 615 | 13 601 | 11 891 | 17 964 | 18 520 | 215 495 |
| Tilastellingar | 2269 | 244 | 300 | 408 | 554 | 510 | 4 285 |
| Kulturprogram i eigen regi | 608 | 22 | 33 | 48 | 109 | 55 | 875 |
| Festivalar | 491 | 51 | 53 | 48 | 47 | 76 | 766 |
| Utlån tematutstillingar | 120 | 10 | 9 | 6 | 16 | 6 | 167 |
| Elevprogram turnear | 404 | 70 | 119 | 214 | 265 | 274 | 1 346 |
| Utleige | 649 | 91 | 86 | 92 | 117 | 99 | 1 134 |
| UTØVARAR | 7 057 | 502 | 598 | 495 | 723 | 698 | 10 073 |
| Kulturprogram | 4 461 | 308 | 418 | 350 | 546 | 443 | 6 526 |
| Festivalar | 2 596 | 194 | 180 | 145 | 177 | 255 | 3 547 |

Kulturprogram 2014

Billettar

Ivar Aasen-tunet

Tlf. 70 04 75 85 eller billett@aasentunet.no

Olav H. Hauge-senteret

Tlf. 56 52 70 70 eller admin@haugesenteret.no

Halv pris til born der det ikkje er eigen
barnebillett

Vår januar–mai

2. JANUAR–25. JUNI

Basisutstillinga, Ivar Aasen-tunet

Språksamlauren Ivar Aasen

Temautstilling

Inkl. i billett til basisutstillinga

SØNDAG 2. FEBRUAR

18.00 Salen, Ivar Aasen-tunet

Ellivan

Linda Gytri og Dag Vanberg, begge trekkspel

Dikt av Elling Vanberg

Kr 150/student 100

LAURDAG 8. FEBRUAR

19.00 Drøs kafé, Ulvik

Inn i diktarverda med Mona Vetrhus

Diktaren les og fortel om debutboka *Nokre gutar kjem ikkje heim i kveld*

Kr 150

TORSdag 13. FEBRUAR

20.00 Salen, Ivar Aasen-tunet

Intens kjærleik

Laura Djupvik med Kvitt

Stein Versto med Nidaros

Samtaleleiar Magnhild Bruheim

Musikalske innslag med Frid & Glede

Ingfrid Grimstad og Einfrid Grindheim

Kr 150 / student 100

TORSdag 20. FEBRUAR

19.00 Salen, Ivar Aasen-tunet

Villmarkskveld med Kristoffer Clausen

Arrangør: Ørsta jeger- og fiskeforening

MÅNDAG 24.– TORSdag 27. FEBRUAR

Festspeldiktaren ut i skulane

Festspeldiktaren Agnes Ravatn vitjar alle 8.-klassane i Ørsta og Volda

I samarbeid med Volda kommune og Ørsta kommune

FREDAG 28. FEBRUAR

19.00 Salen, Ivar Aasen-tunet

Ope møte i høve kyrkjejubileet i Ørsta

Arrangørar : Volda Ørsta kyrkjeakademi og Kyrkjejubileet i Ørsta

ONSDAG 5. MARS

19.00 Spinneriet, Hjelmeland

Historia om Ivar Aasen

Illustrert foredrag av Ottar Grepstad

I samarbeid med Hjelmeland Mållag, Hjelmeland Historielag og Hjelmeland Folkeakademi

LAURDAG 8. MARS

19.00 Salen, Ivar Aasen-tunet

Tøffe jenter

Solveig Aareskjold med *Lesebok for jenter*

Maria Parr

Samtaleleiar Marit Brekke

Thea Madelen Petersen og Maria Masvie les utdrag frå *Lesebok for jenter*

John Mugi presenterer fredprisvinnar Wangari Muta Maathai

I samarbeid med Volda kommune og Seksjon for drama og teater ved Høgskulen i Volda Kr 100 / student 50

SØNDAG 16. MARS

13.00 Salen, Ivar Aasen-tunet

Sirkus Spetakkel

Kari Smeland med boka *Sirkus Spetakkel*

Sirkuskurs med Cirkus Minimax

Kr 50 / familie 150

FREDAG 21. MARS

18.00 Heradstyresalen, Ulvik

Grønt ved fjorden

Nypremiere på film med Olav H. Hauge frå 1974 produsert av Bokklubben

Regi Erik Solbakken

Gratis

20.00 Den grøne kafé, Ulvik

Verdas poesidag med Kjersti Skomsvold

I samtale med Jan H. Landro

Forfattaren les frå *Litt trist matematikk*

Kr 150

ONSDAG 26. MARS

19.30 Salen, Ivar Aasen-tunet

Stemnemøte med Frode Grytten

Frode Grytten les og samtalar med Lars Petter

Sveen om *Brenn huset ned*

Kr 100 / student 50

SØNDAG 30.MARS

16.00 Salen, Ivar Aasen-tunet

Stemmer frå ei fjern tid

Jostein Fet i samtale med Sverre Tusvik

om *Stemmer frå ei fjern tid*

I samarbeid med Det Norske Samlaget

Kr. 100 / student 50

TORSDAG 3. APRIL

19.00 Salen, Ivar Aasen-tunet

Naturvern i kommunane

Arrangør: Naturvernforbundet i Volda og

Ørsta

19.00 Austbygdi, Tinn

Historia om Ivar Aasen

Illustrert foredrag av Ottar Grepstad

Unni Boksasp

I samarbeid med Tinn dialekt- og mållag

FREDAG 4. APRIL

13.00–15.00 Rådhuset, Åmot

Presentasjon av intensjonsavtale om Vinje-senter til 2018

Vinje kommune i samarbeid med Nynorsk kultursentrum

FREDAG 4. APRIL

20.00 Salen, Ivar Aasen-tunet

Narum

Arrangør: Narum

LAURDAG 5. APRIL

12.00–14.30 Vinjar, Vinje

Seminar på 196-årsfødedagen til A.O. Vinje

Vel møtt ved rådmann Hans Kristian Lehmann

